Masteroppgåve

NTNU
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for musikk

Simon Grønås

# Kor er kor i Trondheim?

*Ein kartleggjingsstudie av studentkor i Trondheim og utforsking av studentkor som fenomen*

Masteroppgåve i Musikkvitskap
Veileder: Thomas Richard Hilder
Juni 2020

NTNU
Kunnskap for ei betre verd

Simon Grønås

# Kor er kor i Trondheim?

*Ein kartleggjingsstudie av studentkor i Trondheim og utforsking av studentkor som fenomen*

Masteroppgåve i Musikkvitskap
Veileder: Thomas Richard Hilder
Juni 2020

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for musikk

NTNU
Kunnskap for ei betre verd

# Samandrag

Denne masteroppgåva har hatt to formål: Å kartleggje studentkormiljøet i Trondheim, og å utforske studentkor som fenomen på. I Trondheim har det vore studentkor heilt sidan Norges tekniske høgskole vert stifta i 1910. *Trondhjems studentersangforening* er framleis aktive, og spelar ei viktig rolle i studentkormiljøet som tradisjonsbærar. Sidan 2010-talet har det derimot vorte stifta ei heil rekkje studentkor med tilknyting til linjeforeiningane, og sidan 2012 har kora hatt ein møteplass igjennom dei lokale kortreffa Korstock og Sjungom.

Oppgåva tar utgangspunkt i spørsmålet «kva vil det seie å delta i studentkor», og undersøker ulike aspekt ved studentkorlivet. Datamaterialet i oppgåva er generert gjennom ei spørjeundersøking (n= 193) og 12 djupinterjuv, og undersøker fire sentrale tema: (i) Trivsel, (ii) motivasjon, (iii) alkohol og festkultur, og (iv) kororganisering. Ut i frå dette vert dataet sett i lys av modernitetsteorien til Anthony Giddens (1991) og Tia DeNora (2000) sin teori om musikk som «sjølvets teknologi». I kapittel fire gjer eg ei detaljert skildring av tre studentkor med ulike posisjon i miljøet, før eg i kapittel fem utforskar dei lokale kortreffa igjennom auga til deltakarane.

Det moderne samfunnet består av ulike sosiale modus, hevdar Giddens (1990). Eg ser på koret som éin av mange sosiale modus deltakarane redefinerer narrativet om seg sjølv. Tia DeNora (2000) undersøker i boka *Music in everyday life* kva makt musikken har, og kva rolle musikken spelar i kvardagen til folk. Musikk blir då ein teknologi for sjølvet, hevdar ho. I denne samanhengen kan ein sjå på kora som institusjonar som til saman dannar ei kompleks og mangfaldig scene. Eiksund (2019) tilbyr oss ei betre forståing av denne scena med å sjå på koret som eit spenningsfelt, og dette er eit konsept eg har bygd vidare på i oppgåva mi. Hans modell viser derimot ikkje relasjon *mellom* kor.

Dei årlege lokale kortreffa, spelar ei viktig rolle i studentkora si vekst og stabilitet. Eg argumenterer for at ikkje berre musikken i seg sjølv, men heile koret og kormiljøet kan bli forstått som sjølvets teknologi, og som eit sosialt modus der deltakarane kan bruke koret til å redefinere narrativet om seg sjølv. På same tid er korscena eit spenningsfelt mellom ulike faktorar. Eg argumenterer for at studentkora i Trondheim er ein mektig institusjon som har potensiale til å vere eit inkluderande fellesskap kor unge vaksne kan redefinere narrativet om seg sjølv, på same tid som det har potensialet til å vere eit ekskluderande fellesskap.

# Abstract

The objective of this master thesis has been twofold: to map the student choir scene in Trondheim, and to explore different approaches to the wider phenomenon of student choirs. Trondheim's student choir tradition dates back to the opening of the university in 1910. The male academic choir that was founded, *Trondhjems Studentersangforening,* is still active, and plays an important role as a bearer of tradition in the student choir scene. However, since the 2010s a new wave of student choirs has emerged, often created as a part of the student organization to a specific study programme. Since 2012 these choirs have been gathering in two local choir festivals for student choirs, Korstock, and Sjungom.

The thesis gravitates around the main question "what does it mean to participate in student choirs?" and thereby explores different aspects of the life in a choir. The data that forms the basis of the thesis was generated through a survey (n=193) and 12 in-depth interviews, circling around four main themes: (i) wellbeing, (ii) motivation, (iii) alcohol and party culture, and (iv) choir organization. I analyse the data through the lens of Anthony Giddens (1991) theory of modernity, and Tia DeNora's (2000) idea of music as a technology of the self. In chapter four I give an in-depth depiction of three student choirs, before I in chapter five explore the local choir festivals.

Modern society consists of different social modes, Giddens (1990) argues. I look at the choir as one of many social modes where participants can redefine themselves. Tia DeNora (2000) explores in her book about music in everyday life, how music constitutes power, and how people in different contexts use music as a resource. Music then, she argues, is a technology of the self. Choirs offer particular social institutions that together form a complex and diverse scene. Eiksund (2019), building on Giddens, offers us a better understanding through his concept of choir as a field of tension. I draw on this idea in my thesis and in turn expand on it to explore the interaction between choirs.

Through the annual choir festivals, the choir scene in Trondheim plays an important role in stimulating local student choir growth and stability. I argue that not only the music, but the whole choir and the community can be understood as a technology of the self, as well as a social mode, in which the participants can use the choirs, directly or indirectly to redefine the narrative of the self. At the same time, the choir scene is a field of tension between different factors. I propose that the student choirs in Trondheim is a powerful institution that has the potential to be an inclusive scene in which young adults can redefine the narrative of themselves, but also a scene that has the potential to be a site of exclusion.

# Forord

Godt over 1300 studentkoristar frå heile Norden såg fram til ei helg fylt av kormusikk, konsertar, gallamiddag og fest i Trondheim våren 2020. Dei største studentkora i byen, *Trondhjems Studentersangforening* og *Trondhjems kvinnelige Studentersangforening* hadde planlagt kortreffet for akademiske kor i over to år. Dette er berre eit av mange arrangement som vert avlyst grunna pandemien som ramma verda våren 2020.
Koret eg sjølv dirigerer, *Kor i all verden*, fekk i likskap med resten av mange studentkor våren amputert. Sjølv etter restriksjonane vart letta, var det vanskeleg å skaffe øvingslokalet, sidan dei fleste kora brukar NTNU sine rom. I innspurten til denne oppgåva måtte eg klare meg utan tilgangen til bibliotek, lesesal, og ikkje minst pauserommet. Heldigvis har den flotte klassen min vore kreative, og me har møttest for digital lunsj. De har gjort tunge dagar lettare. Det har også gjort livet lettare å bu saman med to andre musikkstudentar, pausane me har hatt kjem eg til å sakne!

Det er ei heil rekkje med personar som fortener ei takk etter dette prosjektet. Ikkje berre i samband med oppgåva, men for studietilvære i Trondheim i det heile. TSS er hovudgrunnen til at eg skriv denne oppgåva. Etter 5 år er det vemodig å forlate dykk, de har opna opp auga mine for kva eit kor kan vere, og eg ser tilbake på mange flotte turar og konsertar med dykk. Eit anna kor som har betydd mykje for meg i Trondheim er *Kor i all verden*. Tusen takk for at de ville ha meg som dirigent. Eg har lært mykje om meg sjølv og om dirigentyrket samen med dykk, og det er eg evig takksam for.

Oppgåva mi kunne ikkje vorte skrive utan hjelp frå alle som deltok på undersøkinga mi, og informantane mine. Lukas, Filip, Oliver, Emil, Emma, Nora, Sara, Lea, Sofie, Maja, Jakob, og Henrik, takk for at de stilte opp som informantar! De har gitt meg nye perspektiv på kva kortilværet kan vere.
Størst takk må eg likevel rette til rettleiaren min, Thomas Richard Hilder. Du har gitt meg verdifulle tilbakemeldingar undervegs i prosjektet, og det set eg stor pris på. Eg må også rette ei stor takk til mine nærmaste. Tusen takk for hjelp med å lage figurar og korrekturlesing. Eg hadde heller ikkje klart å skrive denne oppgåva utan hjelp i frå kjærasten min Camilla. Tusen takk for all hjelp og støtte, og at du har halde ut alle timane med korsnakk.

Sist vil eg takke Mamma og Pappa: De har alltid støtta og oppmuntra meg til å holde på med musikk. Det er eg evig takksam for.

*Sjung om studentens lyckliga dag,*
*Låtom oss fröjdas i ungdomens vår!*
*Än klappar hjärtat med friska slag,*
*Och den ljusnande framtid är vår.*

Frå *Studentsången* (1851) av Herman Sätherberg

Trondheim våren 2020

# Innhald


Samandrag ... v

Abstract ... vi

Forord ... vii

Figurar ... xii

Tabellar ... xii

Forkortingar og forklaringar ... xii

1 Innleiing ... 1

1.1 Framgangsmåte ... 2

1.2 Studentkor – definisjon og kontekst ... 2

1.2.1 Kor og studentkor ... 3

1.2.2 Studentar ... 4

1.2.3 Studentsong ... 6

1.2.4 Historie – studentkor og akademiske kor i Noreg ... 6

1.2.5 Studentkor i Trondheim ... 7

1.2.6 Kortreff ... 8

1.2.7 Kortreff i Trondheim – Korstock og Sjungom ... 9

1.3 Tidlegare forsking ... 9

1.3.1 Norske forskingsbidrag ... 10

1.4 Teorigrunnlag ... 12

1.5 Oppsummering og oppbygging av oppgåva ... 14

2 Metode ... 15

2.1 Intervju ... 16

2.1.1 Strategisk utval ... 16

2.1.2 Lydopptak og transkripsjon ... 17

2.1.3 Framgangsmåte intervju ... 17

2.1.4 Etiske omsyn ... 18

2.2 Spørjeundersøkinga – utforming og formål ... 19

2.2.1 Distribuering ... 20

2.3 Analyse ... 20

3 Resultat ... 23

3.1 Kjønnsbalanse og type kor ... 23

3.2 Storleik på kor ... 23

3.3 Oppstartsår ... 24

3.4 Kor og campus ... 25

3.5 Organisering av kor ........ 26
3.6 Aktivitet ........ 26
3.7 Repertoar ........ 27
3.8 Trivsel ........ 28
3.9 Oppsummering ........ 29
4 KiAV, TSS og AKS – Tre dømer på studentkor ........ 31
4.1 Kor i all verden? ........ 31
4.1.1 Økonomi ........ 32
4.1.2 Alder i koret ........ 33
4.1.3 Alkohol i KiAV ........ 34
4.1.4 Fellesskap og subfellesskap ........ 36
4.1.5 Koret eksternt ........ 37
4.1.6 Posisjon i miljøet ........ 39
4.1.7 KiAV som sekundærgruppe? ........ 39
4.1.8 Korpils ........ 40
4.1.9 Opptak ........ 42
4.2 AKS ........ 43
4.2.1 Eg vågar å vere meg sjølv ........ 44
4.3 Trondhjems Studentersangforening ........ 45
4.3.1 Organisering og aktivitetsnivå ........ 46
4.3.2 Småkor opptak og inkludering ........ 47
4.4 Oppsummering ........ 52
5 Kortreff ........ 55
5.1 Organiseringa på kortreff ........ 57
5.2 Musikk på kortreff ........ 59
5.2.1 Fellesøving ........ 59
5.2.2 Sverming ........ 59
5.2.3 Matiné ........ 62
5.2.4 Allsong på kortreff ........ 64
5.3 Kortreff som sosial arena ........ 66
5.4 Alkohol på kortreff ........ 68
5.4.1 Turku ........ 69
5.4.2 Fisk ........ 70
5.4.3 Vin og limerick ........ 72
5.5 Oppsummering ........ 73
6 Diskusjon ........ 75
7 Konklusjon ........ 81

7.1 Forslag til framtidig forsking og vegen vidare ............................................. 82
Referansar ........................................................................................ 85
Vedlegg ........................................................................................... 87

# Figurar

Figur 1 Storleik på kor ........ 23
Figur 2 Oppstartsår for studentkor i Trondheim som er aktive i dag ........ 24
Figur 3 Linjeforeiningskor fordelt etter NTNU-campus ........ 25
Figur 4 Tal på framsyningar per år ........ 26
Figur 5 Oversikt over repertoar ........ 27
Figur 6 Samanlikning i utval sjangrar ........ 28
Figur 7 Utdrag frå spørsmål om trivsel ........ 29
Figur 8 Struktur i TSS og TKS ........ 48
Figur 9 Grupper og subgrupper i studentkormiljø representert som sirklar ........ 77
Figur 10 Ulike nivå av spenningsfelt i studentkormiljøet ........ 78

# Tabellar

Tabell 1 Liste over studentkor i Trondheim (med oppstartsår i parentes) ........ 8
Tabell 2 «Dilemmas of the self» ........ 13
Tabell 3 Døme på korleis Korstock kan vere organisert ........ 58
Tabell 4 Døme på korleis Sjungom kan vere organisert ........ 58

# Forkortingar og forklaringar

| | |
|---|---|
| AK | Akademisk kortreff |
| AKS | Det kristne studentkoret AKS |
| DnS | Den norske Studentersangforening |
| KiAV | Kor i all verden? |
| KK | Knauskoret |
| KorLF | Tidlegare Korlinjeforeiningstreff, no Korstock |
| NSSS | Nordic Student singers’ summit |
| Pirumitt/Candisse | Korist i Pirum eller Candiss |
| TSS | Trondhjems Studentersangforening |
| TKS | Trondhjems kvinnelige Studentersangforening |

# 1 Innleiing

Denne masteroppgåva er ei kartleggjingsstudie av studentkorscena i Trondheim. Gjennom ei nettundersøking av 23 studentkor, samt 12 djupintervju med studentkoristar undersøkjer eg kva kor som institusjon er og kan vere. Med modernitetsteorien til Anthony Giddens (1991) og Tia DeNora (2000) sin teori om musikk som teknologi som utgangspunkt, vil eg argumentere for at studentkorscena i Trondheim spelar ei viktig rolle for deltakarane i miljøet, og at kor som institusjon har eit potensiale til å vere ein arena for unge vaksne til å redefinere seg sjølv.

Kor er kanskje den mest utbreidde musikkaktiviteten for amatørar her til lands, og kvar dag vert det lokale grendehuset, bedehuset, kyrkja eller skuleauditoriet fylt opp av engasjerte koristar. Det trengst mange frivillige sjeler for å halde korlivet i Noreg oppe, og dei er det mange av. Korlivet har mange sider ved seg som kanskje kan vere lett å gløyme om ein ikkje er korist sjølv. Konsertar som skal arrangerast, øvingslokale som må bookast, notar som må skrivast ut er berre nokre av sidene ved kordrifta som ikkje gjer seg sjølv. Litteratur om kor er stadig veksande, anten det er bygdekoret sitt jubileumstidsskrift, eller ei doktoravhandling. Det er dette feltet eg håpar å kunne bidra til med denne oppgåva.

Då eg song i kor på musikklina og framførte Händels *Messias* sat eg igjen med gode opplevingar. Det å få skape stor kunst i fellesskap gjorde sterke inntrykk på meg. Det var likevel ikkje før eg begynte å studere i Trondheim i 2015 og begynte i *Trondhjems studentersangforening* [TSS] at eg forstod at eg ville ha kor i livet mitt. Det var i det heile ganske tilfeldig, men eg har ikkje angra eitt sekund på at eg byrja i kor. Studentkoret opna opp ei ukjent verd for meg, med rare tradisjonar og ritual som eg knapt kunne tenke meg. Der fekk eg mogelegheita til å utfolde meg både sosialt og musikalsk. Det var lett å engasjere seg, og det var lett å lære. Ikkje minst var det alt anna enn eg hadde forventa og sett for meg i eit kor! Med ein fot innanfor fekk eg òg sjå kor stort studentkormiljøet her i byen eigentleg er, og hausten 2016 tok eg tak i rolla som dirigent for eit av studentkora. I møte med andre koristar har eg blitt fortalt historier om kor viktig koret er for den enkelte, ikkje berre som ein arena for musikalsk utfolding, men som eit sosialt nettverk, som læringsarena, i det heile: ein arena for å vekse som menneske. Fleire eg har snakka med fortel om det sosiale aspektet som det viktigaste med aktiviteten. Likevel er det ikkje til å stikke under ein stol at dei syng i kor. Dei likar å syngje. Er det føremålstenleg å skilje mellom det musikalske og det sosiale? I kor går det føre seg mange ikkje-musikalske aktivitetar, men alt er knytt opp mot det å syngje saman.
I 2016 fekk eg delta på kortreff med andre studentkor i Trondheim. Det var der min fascinasjon for studentkor vart utløyst. Der såg eg over 400 feststemde koristar, og eg spurde meg sjølv: Korleis kan så mange koristar, med så ulik bakgrunn og variert musikalsk erfaring samlast om songen? Er kormiljøet like sterkt i andre studentbyar? Det råda ei euforisk kjensle over heile helga fyrste gongen eg var med. Men etter kvart som eg fekk auga opp og kjente til sjargongen, dukka det opp fleire kritiske spørsmål: Korleis er det å delta for koristar som syng i kor som alle er samde om «er dårlegare» eller «betre» enn andre? Er alle studentkor velkomne på kortreffa? Kjenner dei på same euforien som meg? Er studentkor så magisk og unikt som eg opplever det? Samlast «alle» i song på kortreffa? Er eit studentkor annleis enn eit «vanleg» kor? Då eg begynte å skrive

masterprosjektet mitt sto det klart for meg at eg ville undersøke studentkormiljøet i byen nærmare.

## 1.1 Framgangsmåte

Formålet med denne oppgåva er å kartleggje studentkorscena i Trondheim, samt å undersøke studentkor som fenomen. Oppgåva baserer seg på ei spørjeundersøking sendt ut til koristar frå 23 studentkor, i tillegg til 12 djupintervju. I spørjeundersøkinga såg eg på fire tema: Inkludering og trivsel, kororganisering, alkohol og festkultur, og kortreff. Deretter gjennomførte eg 12 djupintervju i lys av undersøkinga. Inspirert av SDI-metoden[1] vil eg sjå om ein kan utvikle og sjå på konsept som er til stades i kormiljøet i Trondheim, og samanlikne det med funna til Eiksund (2019). Med SDI-metoden jobbar ein stegvis frå rådata til konsept, og i følgje Tjora (2018)er «modellen et godt utgangspunkt for systematikk og framdrift i et kvalitativt forskingsprosjekt» (s18). Vidare synes eg Eiksund (2019) har mange interessante perspektiv som kan undersøkast nærare. Særleg er ideen om kor som eit spenningsfelt som rører ved mange aspekt av korverksemda, som motivasjon, identitet, fellesskap og eigarskap, interessante å sjå nærare på.

Kor har vorte undersøkt frå mange disiplinar og mange ulike tematikkar, mellom anna psykologi og pedagogikk. Eit aspekt som er mykje forska på er gruppesong og kor si påverknad på helsa, velvære og sosial tilknyting (Balsnes, 2010; Eiluned Pearce, Launay & Dunbar, 2015). Det er derimot ikkje forska like mykje på kor frå eit sosiologisk og etnografisk perspektiv og enda mindre samla under paraplyen korforsking. Sjølv om det er eit felt i vekst trengst likevel meir forsking på kor og korets funksjon og kva det vil seie å syngje i kor. Ikkje minst trengst det å stillast kritiske spørsmål til forskinga som finnes: Er kor sunt for alle? Kan dei positive effektane songen har hamne i skuggen av det sosiale fellesskapet? Oppfyller studentkor ei rolle i studentane sin trivsel, i så fall, kvifor? Balsnes (2010) skil òg mellom studentkor og vanlege kor når ho presenterer tidlegare forsking på songens effektar (s. 38-39). Kvifor er det naturleg å skilje studentkor frå «vanlege» kor? Studentar er ei gruppe menneske med særskilde mogelegheiter. Med ein potensielt fleksibel timeplan, har dei mogelegheita til å prioritere fritida si i foreiningar og organisasjonar. Korleis påverkar det korverksemda? Eiksund (2019) har i si kartleggjing av kor sør på Sunnmøre, sett på kva eit kor er, og sett på koret som eit «spenningsfelt». Han har eit grunnleggjande spørsmål med seg som og er utgangspunktet for forskinga mi: *Kva vil det seie å ta del i eit kor?* (s. 2). Eg vil tillate meg å endre spørsmålet til Eiksund med å seie: *Kva vil det seie å ta del i eit studentkor?* Eg ser på studentkor som ein distinkt type kor, med eigne tradisjonar, som eksisterer i eit eige miljø. For meg er fyrste steg i å forstå eit studentkor nettopp å gjere denne distinksjonen. Det er særleg det større kormiljøet eg vil undersøke. Korleis kan ein forstå interaksjonen mellom kor sett i lys av sosiologiske teoriar som identitet, fellesskap, og motivasjon? Er studentkora i dag ein representasjon av studenttilvære? Kva kraft ligg i kor som institusjon? Eg vil i fyrste omgang presentere kontekst til feltet.

## 1.2 Studentkor – definisjon og kontekst

Kor er ein allsidig musikalsk aktivitet i heile verda. Særleg her i Norden har me lange tradisjonar for å syngje i amatørkor. Balsnes (2009, s. 12) hevdar at over 200.000 syng i kor i Noreg. Dette er basert på statistisk sentralbyrå si undersøking *kulturbarometeret* frå

[1] SDI-metode står for stegvis-deduktiv induktiv metode

2000. Der seier 8% av deltakarane at dei anten er med i kor eller orkester. Sidan det er fleire kor enn orkester, reknar Norges korforbund edrueleg nok at 5% av desse er kor. Eiksund (2019) på si side meiner at 2-4% er eit betre anslag å gå ut i frå (s. 17-18).[2] Dette anslaget ser med fyrste augekast litt for høgt ut for studentkora eg har vore involvert i. Datamaterialet mitt går diverre ikkje nærare inn på dette, men eit forsiktig anslag basert på deltaking på kortreffa tyder på at mellom 1-2% av byens studentar er engasjerte i studentkor. Dette tar ikkje omsyn til studentar i andre kor, som fell utanfor undersøkinga mi, eller utdanningsinstitusjonar utanfor NTNU, som også kan ha studentkor.

Studentkora i Trondheim utgjer eit komplekst, mangfaldig og dynamisk miljø. Mange studieretningar har eigne kor, Studentersamfundet [Samfundet] i Trondheim har eigne kor, og nokre kor er uavhengige, eller er tilknytte andre grupper. Studentkor utgjer ein betydeleg del av eit levande kulturliv styrt av og for studentar. Inspirert av Ruth Finnegan (1987), ville eg også kartleggje ein liten bit av kva som utgjer kortilbodet til studentane i Trondheim. Ho kan på mange måtar seiast å vere forskaren som tok amatørmusikk inn i akademia, med boka «Hidden musicians». Her kartla ho kva for nokre musikalske aktivitetar som fanst i ein by i England.[3]

### 1.2.1 Kor og studentkor

Før ein kan gå vidare er det eit par omgrep som må avklarast. Særleg kva eg legg i kor og studentkor, men òg spesifikke ord som vert brukt i kormiljøet. Akademiske kor, storkor, småkor, og linjeforeiningskor er døme på dette. Dei fleste kan nok einast om kva eit kor er. Det er eit vidt omgrep som vert brukt om grupper av ulike størrelsar som syng saman. Likevel finst det mange ulike definisjonar med små nyanseforskjellar. Store norske leksikon (SNL) definerer kor på denne måten: «Kor, vokalensemble med fleire songarar på kvar stemme».[4] Geisler (2010) på si side minner oss om at definisjonen av kor har forandra seg i tid og rom. Mellom anna definerte Johann Georg Sulzer (1720-1779) kor på 3 måtar: (i) som ei gruppe menneske som syng saman, (ii) musikken som gruppa song, og (iii) plassen der gruppa framførte musikken.[5] I dag nyttar me framleis «koret» til å referere til staden koret sto under gudstenesta, men slik eg ser det, har koraktiviteten utvida seg til å gjelde mykje meir enn gudstenesta. Difor er det, i likskap med Geisler sitt syn, mest aktuelt å bruke dei to fyrste. Ein kan framleis prate om staden koret framfører og held seg, som vesentleg for korets aktivitet, men det er skilt i frå ordet «kor». Dei to fyrste definisjonane til Sulzer er meir nærliggjande å bruke til dagens forståing av omgrepet. Det seier oss diverre ikkje noko meir enn at primæraktiviteten til kor er å syngje, og at musikken dei syng er kormusikk. Det seier oss ingenting om kva eit kor *er.* Å bryte omgrepet meir ned kan vere vanskeleg, for ingen kor er like, og det er fleire parameter som er med på å avgjere kva eit kor er. Med å leggje til eit prefiks kan ein få meir informasjon om *kva* koret er eller *kven* koret er for, som *gospel*kor, *barne*kor, *dame*kor, eller *student*kor. Likevel er det ikkje tydeleg kva anna som ligg til grunn i korverksemda. Karen Ahlquist (2006) sin

[2] Eit tal som ofte kjem att er at over 200.000 syng i kor i Noreg, eller om lag 5%. Eiksund hevdar likevel etter e-postutveksling med SSB at svarprosenten på kategorien «aktive i kor og songgrupper» frå ei undersøking i 2016 var på 2%. Dette er ei halvering frå både 1991, 1997 og 2004, der 4% svara ja på at dei var aktive. Dette kan ha med statistisk variasjon å gjere. Eiksund konkluderer dermed at det er rimeleg å anta at 2-4% av Noregs befolkning syng i kor, med eit konfidensintervall på 1%

[3] Sjå 1.3

[4] Sundberg, Ove Kristian. (2018, 20. februar). kor. I Store norske leksikon. Hentet 19. desember 2019 fra https://snl.no/kor

[5] Sjå (Geisler, 2010, s. 4) henta frå leksikonet Allgemeine Theorie der schönen Künste. Fulltekst henta frå http://www.zeno.org/Sulzer-1771/A/Chor 10.01.20

definisjon av kor, som ser på strukturelle parameter som storleik, regelmessigheit, repetoarval og så vidare, er ein god definisjon å ta utgangpunkt i, sidan den gjer oss meir informasjon om koret som ein organisasjon. Den vert likevel kritisert av Geisler (2010) for å ikkje seie noko om korets «sosiale, kommunikative og rituelle funksjon» (s. 5).[6] Eg synest i midlertidig ikkje at definisjonen til Ahlquist står i vegen for å kunne seie noko om den rituelle funksjonen i eit kor. Alle dei ulike parameterane må vegast opp mot kvarandre om ein skal kunne forstå kva eit kor er, både som fellesskap og for individ. Ein siste definisjon eg vil nemne er Eiksund (2019) sin definisjon: «Eit kor er ei gruppe menneske som syng fleirstemt med ei viss grad av organisering» (s. 9). Dette er ein grei definisjon å ta utgangspunkt i, sidan han er romsleg nok til å inkludere eit vidt spekter av kor. Han meiner at det er knytt musikalske kvalitetar og forventingar om fleirstemt song til kva korsong er, og skil det i frå det å «syngje saman» som kan vere ein unison aktivitet.[7] Slik eg tolkar Eiksund, er valet om å ekskludere unison song basert på ei normert oppfatning av kva eit kor er, og det er ingen ting i vegen med å sjå for seg eit kor som syng unisont – Eit av kora på eit kortreff eg deltok på song unisont, og var utan tvil eit kor på same måte som mange andre. Då vert den andre leddsetninga til Eiksund viktigare: «ei viss grad av organisering». Den er romsleg nok til å passe dei fleste grupper som organiserer seg i songaktiviet, men legg til grunn at det er ei forventning om regelmessighet heller enn spontanitet. Mange kor er sjølvstendig styrte, medan andre høyrer til andre organisasjonar eller verksemder og liknande.

### 1.2.2 Studentar

Det er ikkje målet mitt å tre ein definisjon ned over studentkor. Det kan likevel vere ein god ide å kikke på omgrepet *student* før me går vidare, då det er det som skil *studentkor* frå *kor*. I tradisjonell forstand er ein student lett å definere. SNL definerer ein student som «Ein person som studerer ved universitet, høgskule eller fagskule».[8] Det er altså ein person som er i ferd med å ta ei høgare utdanning. Tal frå SSB viser at 75% av norske studentar er under 30 år. Det finst likevel mange som vidareutdannar seg eller som studerer på deltid. I undersøkinga mi har eg for det meste brukt heiltidsstudentar mellom 18–35 år, med eit par unntak. Ein kan kanskje freiste seg til å seie at dei fleste studentar, i alle fall av dei eg har vore i snakk med, nyter godt av at dei er i ein fleksibel livssituasjon som gjer at dei lett kan engasjere seg i ulike delar av kulturlivet. Dette vert eit viktig poeng å få fram, då mange av informantane mine har tatt opp nettopp dette. Med ein fleksibel livssituasjon meiner eg her ein fleksibel normativ livssituasjon. Fleire koristar fortalde meg om ein livssituasjon som var prega av stor autonomi. Dei færraste måtte ta omsyn til nokon andre enn seg sjølv.

Det er derimot meir komplisert når ein skal definere ein student*korist*. Sjølv om storparten av studentkoristane eg har vore i kontakt med er i ferd med å ta utdanning, har eg òg vore i snakk med aktive koristar som etter avslutta utdanning framleis er aktive i studentkoret, og med koristar som ikkje har høgare utdanning. Dei må seiast å høyre til eit fåtal, men er likefullt studentkoristar. Ein studentkorist syng i eit studentkor, og eit studentkor er eit kor for og med studentar. Ein studentkorist får dermed spesifikke konnotasjonar knytte til seg, som er nært ein (student) kultur og veremåte. Ein må forstå studentkorist som ein

[6] Sitat på svensk og bokmål er som regel omsett til nynorsk av meg. Unntaket er der ei omsetjing vil endre innhaldet i stor grad.
[7] Unntaket er barnekor som i stor grad kan vere unisone utan at me er mindre samde i at det er eit kor, i følgje Eiksund
[8] student. (2018, 21. september). I Store norske leksikon [SNL]. Henta 13. januar 2020 frå https://snl.no/student

utvida definisjon av student, og som ein deltakar i eit studentkor. Studentkor på si side må sjåast på som eit kor med tilknyting til studentmiljøet, eller studentkormiljøet.

Undersøkinga mi hadde eit aldersspenn på rundt 18-35 år, med folk i vidt ulike livssituasjonar. Alt frå fyrsteårsstudentar til etablerte fedre og mødre. Dei har til felles at dei kan passe inn under omgrepet «unge vaksne». I omgrepet ligg ei forventning om den fleksible og uetablerte livssituasjonen. Det kan også vere slik at koret sjølv definerer seg som studentkor. Det kan verke som om mange av kora har ein kollektiv formeining om at dei er unge til sinns og dermed er eit studentkor. Dette har fleire av mine eldre koristar påpeikt, og at dei dermed, i kraft av aktivitetane dei er med på, er studentkoristar. Andre stadar i landet, som i Oslo, har Den norske Studentersangforening [DnS] medlemar opp mot 60-70 år. Dei høyrer riktig nok til i den akademiske kortradisjonen, og kan ikkje heilt samanliknast med studentkortradisjonen som har vakse opp i Trondheim. Med den akademiske kortradisjonen meiner eg universitetskora i Norden sitt miljø. Mange av kora vart stifta for over 100 år sidan, og har hatt lang tid på å modne som organisasjon. I Noreg kan ein merke seg DnS som vart stifta allereie i 1845. Dei akademiske kora i Noreg har høgare ambisjonsnivå enn studentkora, og ein kan seie at konsertrepertoaret er annleis. Dei deler likevel noko av repertoaret som vert brukt i sosiale lag. Eg vil seie at den akademiske kortradisjonen og Trondheim sin studentkortradisjon er overlappande *verder*.

Det er difor føremålstenleg å skilje mellom den akademiske kortradisjonen, og studentkortradisjonen. Sjølv om dei største kora har namn som til dømes *studentersangforening*, treng dei ikkje ha studentar som medlemar. TSS, og systerkoret *Trondhjems kvinnelige studentersangforening* [TKS] på si side, har framleis storparten av medlemsmassen sin som studentar, i motsetnad til dei akademiske kora i Tromsø, Bergen, Stavanger og Oslo. Slik eg ser det høyrer TSS og TKS til begge tradisjonane, alt etter kva aktivitet dei held på med. Det er opplagt at den nye studentkortradisjonen i Trondheim har røter i den akademiske kortradisjonen. Det kan vere mange årsaker til kvifor Trondheim har klart å halde det akademiske koret ungt og vitalt. Ei mogeleg årsak er mellom anna at Trondheim har stor gjennomtrekk av studentar, dei fleste som studerer i byen får ikkje jobb der. Ei anna årsak kan vere det tradisjonstunge Samfundet: Det var Samfundet, ikkje universitetet som stifta og husa TSS og TKS. Samfundet er eit karakteristisk, rundt, raudt bygg, og står plassert ved Nidelven. Bygget vart reist i 1929 og husar i dag Samfundet. Her er det mange ulike grupperingar som vert drivne av frivillige studentar, der i blant dei kunstnariske gjengane som TSS og TKS. Ein kan på mange måtar seie at kora har hatt ein heim i over 100 år, noko som har virka positivt inn på organisasjonsbygginga til koret. Ei siste forklaring kan vere at mange av studentane, særleg dei som studerer på Gløshaugen går 5-årige integrerte masterløp. Dette gjev studentane mogelegheita til å vere i byen og engasjere seg i ein lengre periode.

I ein by der TSS og TKS har dominert studentkorscena så lenge, er det ikkje rart å sjå for seg at dei har vore med å definere og etablere studentkorkulturen i Trondheim. Det er difor ikkje ei overrasking at studentkora har henta inspirasjon og repertoar frå den akademiske kortradisjonen, mellom anna i gjennom *miljøsongar*, eller studentviser og studentsong. Miljøsongar er tradisjonelle korsongar, ofte med verdsleg tekst om drikking. Mykje er laga i stordomstida til mannskor siste halvdel av 1800-talet, og dei akademiske kora blir då tradisjonsberarane av dette repertoaret. Desse songane har TSS og TKS eit heilt anna eigarskap til enn eit nyoppstarta kor.

### 1.2.3 Studentsong

Kydland (1995) har i si doktoravhandling definert studentsong i ein mykje vidare forstand enn meg. Ho inkluderer mellom anna både fleirstemt song og unison song (s. 17). Dette er ein definisjon som tek for seg song blant studentar. Eg for min del skal fokusere på studentar i kor, ikkje studentars bruk av song utanfor koraktivitetar. Difor vil eg freiste meg til å definere studentsong som: «songar sunge i ein formell eller uformell setting, i regi av koret, eller korets medlemar». Dette er alt i frå spontan song på korpils til konsertrepetoar. Konsertrepertoaret treng derimot ikkje å skilje seg i frå eit vanleg korrepertoar. Enkelte konsertsongar kan «verte igjen» i koret, og bli sungne i sosiale lag. Desse slagarane kan altså bli til miljøsongar. På andre sida finst det miljøsongar som har blitt brukt i konsertsamanheng. Vidare vil eg definere studentkor som: «Ei gruppe unge vaksne, med fleirtal av studentar, som er knytt saman i ein regelmessig sosial og fleirstemt songaktivitet».

I tillegg nyttar eg meg av omgrepet *linjeforeiningskor*. Eit linjeforeiningskor er eit kor knytt opp til eit studieprogram og ei linjeforeining. Det er som regel ein del av eit større studentmiljø. På Gløshaugen har det vakse opp mange kor knytt til verksemda til linjeforeiningar sidan rundt 2010.[9] Det er her storparten av kora i studentkormiljøet i undersøkinga mi kjem i frå.

### 1.2.4 Historie – studentkor og akademiske kor i Noreg.

På 1800-talet, og særleg siste halvdel av århundret, vart kor ein folkebevegelse i store delar av Vest-Europa. Dette heng saman med posisjonen musikk fekk i samfunnet, og posisjonen den fekk for det sosiale (Lajosi & Stynen, 2015). Framveksten av den offentlege konserten og musikalske selskap dukka opp over alt, og musikken tilhøyrde «folket» i større grad enn tidlegare, då det var atterhald kyrkja og aristokratane. Kortradisjonen som vaks opp var tett knytt opp til foreiningsliv, demokrati og nasjonsbygging, og studentar var ein viktig del av denne. Kor som format har mange fordelar samanlikna med andre ensemble. Ein treng ikkje kjøpe eit instrument, det er mobilt og kostar ingenting (s. 73).

For fullt ut å forstå kva eit studentkor i Trondheim er, så må ein sjå på historia til kor som er knytt opp til universiteta. Det har lenge vore tradisjon for akademiske kor i Noreg. Dette er kor som vart stifta i samband med universiteta og studentforeiningane. Det fyrste sekulære koret som vart stifta er rekna å vere DnS, som vart stifta i 1845.[10] Kydland (1995) poengterer at studentsong også eksisterte før stiftinga av DnS. Den akademiske kortradisjonen har røter tilbake til *Det Norsk selskab* i København på 1700-talet (s. 18). Kortradisjonen har vore høgst levande i universitetsbyane Oslo, Bergen og Trondheim. I tillegg til DnS har Oslo både eit kvinnekor, *kvindelige studenters sangforening* (1895), og *Akademisk korforening* (1930), medan Bergen har *Studentersangforeningen i Bergen* (1935). Mot slutten av 90-talet vart det stifta ei rekkje nye kor. Ved universitetet i Bergen vart det stifta eit blandakor, *Studentkoret blandede* akademikere (1991), eit mannskor, *Mannskoret arme riddere* (1996), samt eit damekor, *Sirenene* (1997). Også Stavanger og Tromsø fekk eigne akademiske kor, *Stavanger studentsangforening* (1993), og *Det norske mannskor av 1995*. I 2010 fekk Tromsø eit akademisk damekor. I dag er det 12 akademiske kor i Noreg. 5 mannskor, 4 damekor, og 3 blandakor. Dette er kor med relativt høgt nivå, som har eller har hatt formell tilknyting til universitetet. I tillegg finst det 4

[9] Gløshaugen er campusen til mellom anna naturvitenskap, ingenørvitenskap og realfag ved NTNU.

[10] Det fanst sjølvsagt kor i Noreg før, men dei var ikkje ein del av den folkelege korbevegelsen. Allereie i 1842 fanst det kor av størrelse i Noreg, mellom anna «Frimuraranes Songforening». Dei framførte derimot ikkje offentleg, og vert difor ikkje rekna som det fyrste store sekulære koret. For ei lettfatteleg innføring i Norsk korhistorie kan ein sjå Hagen (2002)

studentkor ved universitetet i Agder, mannskora *Quantum* (1975) og *Bondebrølet* (1993), og damekora *Lady Klukk* (1976) og *Femmes Spillopus* (1988). Hausten 2019 vart det også stifta eit kammerkor i regi av institutt for musikk ved NTNU, men det er for tidleg å plassere *Kammerkoret ved NTNU* i landskapet per i dag.

Universitetskora nemnt så langt er svært ulike, både når det gjeld kva dei representerer, størrelse, historie, formål, økonomi og kvalitet. Det er difor vanskeleg å definere dei, noko som heller ikkje er formålet. Det kan likevel vere føremålstenleg å forklare enda eit omgrep. Det finst ei anna meir leiken side av studentkora. Ofte er det mindre korsom står for den sida av studentkora. I Trondheim vert dei omtala som *småkor*, i motsetnad til dei store etablerte akademiske kora TSS og TKS, som vert kalla *storkor*. I samband med UKA, ein studentfestival i Trondheim som vert arrangert annakvart år, vart det oppretta eit kor som ei undergruppe av TSS. Pirum vart stifta i 1965, og har etter kvart utvikla seg til eit regelmessig revykor, ofte med eigneskrive tekstar og mykje «show» på scenen. Åra etter kom det to småkor til i Trondheim: Knauskoret i 1975, som er eit blandakor og undergruppe av TSS og TKS, og Candiss i 1982, som eit damekor med medlemmar frå TKS. Knauskoret har ein litt annleis profil enn dei andre småkora, og har i dag fokus på a cappella låtar av populære songar, ikkje ulikt den amerikanske vokalgruppa *Pentatonix*. Sjølv om småkora er autonome kor, er dei ei undergruppe av TSS og TKS. For å vere medlem i småkora må ein difor vere med i ein av storkora. Ein kan seie at studentkormiljøet har to parallelle, men ikkje dermed sagt overlappande *verder*, for å låne uttrykk av Ruth Finnegan (1989).[11] Éi «akademisk verd», med store klassiske kor, som høyrer til i den etablerte kortradisjonen, ofte med høgt utdanna dirigent, og éi «studentverd», der fokuset ofte ligg på meir show, og kor dirigentane ofte er medstudentar med lite eller ingen formell dirigentutdanning.

På 2000-talet, og særleg frå 2010 har det vore ei oppblomstring av studentkor i Trondheim som ikkje er knytt til det akademiske kormiljøet. Særleg linjeforeiningane til dei ulike studieretningane på NTNU har oppretta eigne kor. Dei deler mange av tradisjonane og miljøsongrepertoaret med det akademiske kormiljøet og småkora, fordi TSS og TKS har vore viktige katalysatorar i oppstartsfasen for mange av kora. Det er ikkje uvanleg at ein korist er med i både linjeforeiningskor og TSS eller TKS og det er heller ikkje uvanleg at linjeforeiningskor har henta dirigentar frå TSS og TKS sine medlemar. Kora har likevel fått utvikle seg på eigne premiss.

I likskap med andre kor er studentkor i Trondheim i dag eit mangfaldig og komplekst miljø. Ingen kor er like, og funksjon, formål, kvalitet, form og organisering er ulike. Likevel deler dei mange felles erfaringar og lærer av kvarandre. Nye kor vert stifta, medan andre vert lagt på is. Det som er påfallande er at berre eit fåtal av studentkora har tilknyting til Dragvoll, NTNU sin campus for humanistiske og samfunnsvitskapelege fag, medan brorparten av kora har tilknyting til Gløshaugen, NTNU sin campus for mellom anna naturvitskap og ingeniørvitskap.[12]

### 1.2.5 Studentkor i Trondheim

I Trondheim har ein mogelegheita til å delta i eit linjeforeiningskor om du høyrer til det spesifikke studiet. Samfundet i Trondheim husar òg to storkor: *Trondhjems studentersangforening*, og *Trondhjems kvinnelige studentersangforening*. I tillegg finst *Kor*

[11] Orginalt «worlds» eller «world of art”

[12] Sjå 3.4

*i all verden?* [KiAV] og *Studentkoret AKS* [AKS]. Sistnemnte er eit kristent studentkor som ikkje deltek på kortreffa. Eg vel likevel å inkludere det sidan det er eit av dei få kora som sjølv kallar seg eit studentkor i tittelen.

Under er ein tabell av dei 23 kora som deltok i undersøkinga mi. I tillegg har eg lista opp kor i miljøet som ikkje svara på undersøkinga mi, men som eg kjenner til frå tida mi i miljøet.[13]

**Tabell 1 Liste over studentkor i Trondheim (med oppstartsår i parentes)**

| **Kor som er representert i intervju** | **Kor som er representert i spørjeundersøking** | **Øvrige studentkor i Trondheim** |
|---|---|---|
| Trondjems studentersangforening (1919)<br>Trondhjems Kvinnelige Studentersangforening (1930)<br>Pirum (undergruppe av TSS) (1965)<br>Knauskoret (undergruppe av TSK/TKS) (1975)<br>Studentkoret AKS (1980)<br>Bilyd (2000)<br>AdamsEplekor (2006)<br>Koreolis (2014)<br>Pikestrøm (2013)<br>Kor i All Verden? (2007) | Laborachorium (2010)<br>Det arkitektoniske Hoeychor<br>C# (2014)<br>Høystemt (2012)<br>Foetus ex ore (1993)<br>Candiss (undergruppe av TKS) (1982)<br>Mannskoret Klingende Mynt (2015)<br>VoKalium (2013)<br>Dekor<br>Tinnitus (2009)<br>Psykor (2012)<br>Nursing (2019)<br>Isokor (2015) | Psing (2019)<br>Mikrokortrollene<br>Gullpikene<br>Tåkeluren<br>Lurveleven (2010)<br>Musikkvitenskapkoret (2019)<br>Swinghjulet<br>Bjelkeklang (2012)<br>Saltkråkan (2018)<br>Noor (2019) |

## 1.2.6 Kortreff

Kortreff, korsamling, songarstemne eller songarfest, har lange tradisjonar i både Europa og i Noreg. Etter kvart som korbevegelsen på 1860-talet gjorde seg gjeldande, spelte korsamlingar ei viktig rolle i kor-Noreg. Hagen (2002) peikar på at stemna var med på å spreie songbevegelsen. Det fyrste store kortreffet var allereie i 1851 i Asker. Etter den fjerde songarfesten i Arendal 1859 vart det bestemt at «songartoga, som stemna ofte vart kalla, skulle arrangerast kvart tredje år, og at stadig nye områder av landet skulle trekkast inn i rørsla» (s. 20).

Kortreff finnes i ulike former både på transnasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt plan. Til dømes deltek TSS og TKS på Akademisk kortreff [AK], som er eit nasjonalt kortreff for akademiske kor.[14] Dei lokale kortreffa i Trondheim, Korstock og Sjungom vert presentert i detalj i kapittel 5. Fyrst vil eg forklare korleis kortreffa i Trondheim utartar seg.

[13] Det var ikkje alle kora eg klarte å finne oppstartsåra til, men det er rimeleg å anta at dei, i likskap med dei fleste linjeforeiningskora vart starta opp ein gong rundt 2010 talet.

[14] Sjå 1.2.7

### 1.2.7 Kortreff i Trondheim – Korstock og Sjungom

I Trondheim er det to kortreff for studentkor: *Korstock* (tidlegare korLF), som har vorte arrangert kvar vår sidan 2012, og *Sjungom* som har vorte arrangert anna kvar haust sidan 2015.[15] Begge kortreffa er relativt like arrangement som samlar kora til ei helg med festelegheitar og song. Korstock er arrangert av ein komité der alle deltakarkor har éin representant. Det er lagt opp til at arrangementet skal vere billegast mogeleg for å få opp deltakartalet, medan Sjungom har ei litt høgare deltakaravgift for å dekke kostnaden med gallamiddag.

Korstock utartar seg som regel med ei samling på fredag ettermiddag der det vert gitt ut informasjon. Deretter er det fellesøving i stemmegruppene[16] der ein går igjennom miljøsongar som er kjente i det akademiske kormiljøet. Dette er typiske drikkeviser som ein syng i festlege lag. Etterpå er det duka for «preludium» som er organiserte forspiel, der deltakarane vert blanda inn i ulike konstellasjonar, før det er ein organisert fest med song, dans og musikk. Laurdagen er det ein *matiné*, som er ein intern føremiddagskonsert der kora framfører éin song til kvarandre. Laurdagen har ein mange aktivitetar, mellom anna eit drikkeritual som eg går meir inn på i hovudkapittelet. Tidvis har det også vore opplegg på søndagen, med film og avslapping.

Sjungom er arrangert av TSS, og var i utgangspunktet laga etter modell av AK. Der plar det vere ein offentleg konsert som ein del av det kunstnariske programmet. Dette har Sjungom i likskap med Korstock valt å utelate til fordel for ein intern konsert. Sjungom hadde i 2018 over 400 deltakarar.

Som samlingspunkt for studentkora, har dei lokale kortreffa utvikla seg til å verte ein arena for å utveksle kunnskap og dele erfaringar. På same tid er det ein arena for å vise seg fram, og å verte betre kjent med sitt eige kor. For mange koristar er kortreffa høgdepunktet i semesteret. Det er likevel ikkje til å stikke under ein stol at det er eit stort fokus på alkohol, og at ikkje alle set like stor pris på festkulturen på kortreffa. Korstock og Sjungom vert skildra i detalj i kapittel 5.

## 1.3 Tidlegare forsking

Det er ikkje rart at eit fenomen som er så utbreidd og mangfaldig som kor, har ein like utbreidd og vid forskingslitteratur. Innfallsvinkelen til korforsking er tilnærma uendeleg, og fagdisiplinane som har bidrege er mange. Eg skal ta føre meg eit utval av desse forskingsbidraga som fokuserer meir på koret som fenomen.

Det hadde ikkje vore mogeleg å skrive denne oppgåva utan å nemne Ruth Finnegan (1989). Ho forska på amatørmusikken i den engelske byen Milton Keynes allereie i 1989. Finnegan har hatt stor påverknad i musikkforskingsfeltet og var ein av dei fyrste til å gjere ei seriøs studie av amatørmusikk. Ho legg til grunn at igjennom musikalske aktivitetar i byen ligg det eit gøymd system og at dette systemet, igjennom individ sine musikalske aktivitetar, endrar og tek vare på engelsk musikkliv. Gjennom å bruke Sherwood Choir som case til studien, visar Finnigan kor omfattande det er å halde eit kor gåande, og kva arbeid som ligg til grunn for eit lokalt musikkliv. Ikkje minst hevdar Finnigan at amatørmusikarfeltet har vorte neglisjert tidlegare (s. 5). Dermed bana ho veg for kor som eit eige forskingsfelt.

---

[15] LF står for linjeforeining, medan Sjungom refererer til ein kjent studentsong frå Sverige «Sjungom studentens lyckliga dag». Det er og ei forkorting for «Studentkora sin jambure under Nidaros glade opplyste måne.»

[16] Vanleg stemmefordeling i kor er sopran, alt, tenor og bass.

Det kanskje viktigaste bidraget til akademisk korlitteratur det siste tiåret er korbibliografien til Geisler (2010). Der har ho samla inn relevant forsking frå ulike databasar og delt det inn i 5 kategoriar: (i) kor allment, (ii) korhistorie og korsosiologi, (iii) korpedagogikk, (vi) kormusikk, og (v) kor og drama, litteratur og film. Desse kategoriane er igjen delt opp i mindre kategoriar. I lys av dette er det fyrst og fremst kategori 2, korhistorie og korsosiologi, som var relevant for meg å søke opp i. Sidan mykje forsking er publisert under andre disiplinar, måtte eg òg leite andre stadar etter tidlegare forsking og inspirasjon. Heldigvis vart eg tipsa om ei rykande fersk doktoravhandling frå fyrste kvartal 2019 frå Noreg musikkhøgskule. Eiksund (2019) si avhandling gav meg mange døropnarar som eg ikkje hadde klart å finne utan. Dette har gitt prosjektet mitt gode aksler å stå på.

Det har etter kvart vore ei auka interesse for forsking på kor som fenomen, og det begynner å etablere seg eit fagfelt på området. I tillegg til bibliografien etablerte Geisler i samarbeid med Karin Johansson eit nettverk for å fremje korforsking, *choir in focus*, i 2007. Dette nettverket skulle styrke korforskingsdisiplinen og skape ein arena for meiningsutveksling. Det har resultert i 3 antologiar (Geisler & Johansson, 2014; Johansson & Geisler, 2010, 2011). Formålet har vore å bygge eit nettverk for europeiske forskarar, der dei kan sette nordiske og europeiske perspektiv inn i ein internasjonal kontekst. Ahlquist (2006) og Quadros (2019) er med å lyfte fram mangfaldet i kor, og utfordre synet vårt på kva eit kor er.

Ei kvalitativ tilnærming har vorte brukt i mykje av litteraturen, der ein har observert, deltatt og interjuva koristar (Ahlquist, 2006; Balsnes, 2009; Eiksund, 2019; Jacob, Guptill & Sumsion, 2009; Quadros, 2019), og det er ikkje utan grunn at ein har valt denne tilnærminga, då mykje av formålet er å forstå kva kor er for den enkelte, eller å setje kor inn ein global og lokal kontekst. Det finst likevel nokre kvantitative artiklar, mellom anna Einarsdottir og Gudmundsdottir (2015), og Weinstein, Launay, Pearce, Dunbar og Stewart (2016), som er verdifulle bidrag til feltet. I tillegg har Eiksund (2019) poengtert at begge typar metode er viktige «i den større forskingsmessige dialogen innanfor korforskingsfeltet» (s. 24). Både kvalitative og kvantitative bidrag er viktige. Kvantitative metodar kan teste kvalitative konsept i eit større format, og opne opp for nye innfallsvinklar som kan testast i djupna av kvalitativ forsking.

### 1.3.1 Norske forskingsbidrag

Eiksund (2019) deler norsk korlitteratur inn i 3 kategoriar, (i) historisk korlitteratur, som er jubileumsskriv og anna historiske kjelder eit kor produserer, (ii) pedagogisk korlitteratur, om korpraksis, metodiske og didaktiske tilnærmingar, og (iii) vitskapleg korlitteratur som er produsert frå eit akademisk ståstad. (s. 19-20). Eg skal i hovudsak konsentrere meg om det han kallar vitskapeleg korlitteratur frå doktoravhandlingsnivå eller høgare. Det er likevel verdt å nemne at studentkor ikkje er unntak frå å vere bidragsytarar til historisk korlitteratur. Det er skrive ei rekkje jubileumsskriv om ei rekkje kor rundt om i landet. Studentkora her i byen er ikkje noko unntak. I samband med TSS sitt 100års jubileum vart det gitt ut ei bok om historia til koret, og kora etterlet seg avtrykk etter aktiviteten i organisasjonen igjennom til dømes nettstadar og liknande. Dette er utan tvil viktige historiske kjelder, og ikkje utan kredibilitet. Eiksund presiserer at desse tekstane ofte har som funksjon å hylle eit kor, og ikkje å undersøke det kritisk (s. 20). Eg vil derimot argumentere for at desse kjeldene er viktige bidrag til korlitteraturen. Ein skal sjølvsagt vere kritisk til desse kjeldene, men sjølv om intensjonen er «å hylle» koret, og er skreve utanfor ein akademisk kontekst, kan innhaldet vere gode kjelder, ikkje berre til historiske fakta, men òg kjelder til koristane si kjensle av å høyre til i koret.

I Noreg er det skrive fire doktoravhandlingar om kor frå eit vitskapeleg perspektiv. Anne Jorunn Kydland Lysdahl (1995) skreiv den fyrste doktoravhandlinga om kor, med eit historisk fokus på mannleg studentsong i Noreg på 1800-talet. Anne Hagland Balsnes (2009) skreiv om kor som læringsarena. Dag Jansson (2013) på si side skriv om kordirigenten som meiningsskapar. Det siste bidraget til feltet er Øyvind Johan Eiksund (2019) som skriv om kor som spenningsfelt. Balsnes har publisert og bidrege til ei rekkje artiklar sidan ho publiserte doktoravhandlinga i 2009, mellom anna om dirigentopplæring, og musikk og helse (Bonde & Theorell, 2018; Jansson & Balsnes, 2020; Jansson, Bygdéus & Haugland Balsnes, 2018) Dette er derimot frå eit meir musikkpedagogisk perspektiv, og ikkje noko eg har nytta meg av i samband med oppgåva.

Eiksund (2019) freista seg å kalle dei mange historie-arbeida gjort om norsk korforsking for ein slags skule, med Kydland Lysdahl (1995) i spissen. «Der ser ein korfeltet i samanheng med den tida og samfunnet det eksisterte i» (Eiksund, s. 22). Med dette meiner han at ein ser på dei historiske og kulturelle linjene igjennom koret, og at ein ikkje stiller spørsmålet om korleis koret fungerer «innover» (ibid). Dette er ei vurdering eg er delvis samd i. Det er sant at det er produsert ei rekkje skriv om til dømes dirigentar, enkelte kor, eller kor generelt som er satt inn i ein historisk kontekst, og Kydland (1995) sin studie er kanskje doktoravhandlinga som står tydelegast inni den akademiske historiedisiplinen. Slik eg ser det er det likevel vanskeleg, om ikkje umogeleg, å skrive om eit kor utan å røre ved kva som skjer «innover» i koret. Ein kan utan tvil få kjennskap til, og kunnskap om korleis koret fungerer innover i oppgåva til Kydland (1995), til tross for at ho har valt ei tydeleg historisk tilnærming.

Poenget til Eiksund (2019) står likevel. I tillegg til Eiksund, har både Dag Jansson (2013), og Balsnes (2009) vendt auga inn mot koret, og ser i større grad på koret i seg sjølv. Det inneber å sjå på både enkeltindivid, grupper og fellesskap frå ei rekkje ulike perspektiv. Likevel er det heilt ulike oppgåver. Eiksund peiker på at vektlegginga av det menneskelege aspektet og det korpraktiske er ulike, og at tilnærminga genererer ulik kunnskap om kor. Difor hevdar han at det finst fleire ulike skular samtidig med hovudfokus på forskjellige element av korverksemda som samfunn, musikalske praksisar og menneskelege prosessar (s. 23).

Det er oppgåva til Eiksund (2019) som er mest nærliggjande for meg å støtte meg til, då prosjektet mitt har mange likskapstrekk med hans. Han undersøker kor sør på Sunnmøre og ser på kor som eit spenningsfelt mellom ei rekkje faktorar som motivasjon, eigarskap, identitet og det sosiale fellesskapet, og har vore ei kjelde til inspirasjon i utforming av prosjektet mitt. Balsnes (2009) har òg vore ei viktig kjelde til inspirasjon. Begge desse har fokus på dei menneskelege prosessane, men ho ser på koret sitt som ein case, og kjente til koret frå før. Dette var ein situasjon som var lik min, medan Eiksund på si side har gått inn og blitt kjent med mange kor for å prøve å svare på kva koret betyr for deltakarane. Til tross for at eg ikkje har observert, har eg hatt nytte av både hans og hennar erfaringar i utviklinga av mitt eige prosjekt.

Korforskinga består av interdisiplinære framgangsmåtar og ulike perspektiv på korpraksis. Dette vert illustrert av at feltet er prega av kvalitative tilnærmingar, men at det òg er rom for kvantitativt arbeid seier Eiksund (s. 24). Eg har difor ikkje vore redd for å hente inspirasjon frå ulike sjangrar og tradisjonar, sjølv om det er sosiologi og etnografi som er utgangspunktet mitt.

## 1.4 Teorigrunnlag

Inspirasjonen til eit teoretiske rammeverk er henta frå Eiksund (2019). Eiksund tilbyr ei rekkje ulike innfallsvinklar til korleis eg kan bruke datamaterialet mitt. Han rører ved ei rekkje store tema som fellesskap, identitet og motivasjon. Han undersøker korleis ein kan sjå på kor som eit spenningsfelt mellom fleire tematikkar. Dette synest eg er ein interessant måte å undersøke korfeltet på. Kor er ein samansett musikalsk sosial arena, og kva koret betyr for den enkelte kan variere i stor grad, noko som vart tydeleg for meg igjennom intervjua. Det overordna perspektivet til Eiksund er modernitet, eit stort tema, som har vorte diskutert av mange. Charles Taylor (2004) peikar på at det ikkje er snakk om eitt fenomen, men snarare fleire modernitetar, der ikkje-vestlege kulturar kan ha blitt modernisert på andre måtar enn her. Difor går det ikkje an å lage ein overordna modernitetsteori som omfamnar alt.

Giddens skriv i *the consequences of modernity* (1990), at: «"modernity" refers to modes of social life or organisation which emerged in Europe from about the seventeenth century onwards and which subsequently became more or less worldwide in their influence» (s. 1). Desse modusa spring ut av Giddens kritikk av ei narrativ historieforteljing. Igjennom å dekonstruere den lineære historieforteljinga, aksepterer han at historia ikkje er ei eining som vert reflektert igjennom universale prinsipp om endring. Denne post-moderne ideen om samtidige røyner er ikkje ein like kontroversiell idé i dag, og det kjem mellom anna fram i oppgåva mi at «kor-røynda» til kvar av koristane eg intervjua er unik.

Vidare argumenterer Giddens (1990) for at dei moderne sosiale institusjonane skil seg i frå sosiale institusjonar i ei før-moderne tid igjennom tre punkt. Eiksund har omsett desse til: (i) *endringstempo*, (ii) *endringsomfanget* og (iii) *dei moderne institusjonanes vesen*. Endringstempoet i den moderne epoken er høgare enn tidlegare, særleg teknologien utviklar seg i eit høgt tempo som er med å forandre dei sosiale institusjonane. Endringsomfanget heng saman med at endringane skjer i ei stadig meir globalisert verd, og spreier seg på ein anna måte enn tidlegare. Det moderne institusjonanes vesen er i følgje Giddens sosiale institusjonar som ikkje har eksistert før. Her kan ein peike på utvikling av til dømes etno-nasjonalstaten, det moderne militæret, eller den moderne urbaniseringa. Desse punkta kjenneteiknar det moderne samfunnet, hevdar Giddens, og påverkar det sosiale samspelet oss imellom. I *Modernity and self-identity: self and society* (Giddens, 1991) skriv Giddens at dei moderne institusjonane i mindre grad er knytte til tradisjon enn tidlegare, og at dei har større påverknad globalt. Det er derimot ikkje berre på eit makro-nivå det moderne samfunnet har forandra seg. Også på eit micro-nivå har desse forandringane lagt premissar for sosialt samvær, og forandra vår erfaring med verda (s. 1).[17]

Det moderne livet byr på ei rekkje utfordringar som mange har skrive om. Gerald Delanty utforskar fellesskap som ide i *community* (Delanty, 2013). Han argumenterer for at fellesskap (community) kan forståast på ein ny måte i dag enn det tradisjonelle fellesskapet, og at sjølve ideen om fellesskap er eit uttrykk for søken etter noko som er vorte øydelagd av det moderne samfunnet, og at det er ei nostalgisk jakt etter eit fellesskap som kanskje aldri har eksistert (s. 186). Fellesskapa i dag er meir prega av nye former for tilhøyrsle, og forskjellige modus av kommunikasjon.

Sidan ein ikkje finn trøyst i tradisjonelle fellesskap som familie, klasse og ætt, må ein finne det på andre måtar i det post-tradisjonelle samfunnet. Den refleksiviteten menneske i den

[17] Giddens brukar omgrepa «extensional» og «intentional»

moderne verda møter i dag påverkar også i aller høgste grad individet. For Giddens (1991) er sjølvidentiteten i den moderne verda prega av at eins sjølvoppfatting er eit kontinuerleg refleksivt prosjekt. Ein må stadig redefinere og «oppdatere» sitt syn på seg sjølv for å oppretthalde narrativet om seg sjølv (s. 54). Difor må individet navigere igjennom ei rekkje livsstilsval, der ho vert sett på prøve igjennom ei rekkje spenningar som er knytt til sjølvet. Giddens kallar desse «dilemmas of the self»; eg har valt å nytte meg av 3 av dei 4 dilemma Giddens foreslår, samt å bruke omsetjinga til Eiksund (2019, s. 41):

**Tabell 2 «Dilemmas of the self»**

| |
|---|
| 1: *Foreining mot fragmentering*: Det refleksive prosjektet knytt til sjølvet inkorporerer fleirfaldige kontekstuelle hendingar og former for mediert oppleving, noko ein må finne ein kurs igjennom.<br>2: *Maktesløyse mot appropriasjon*: Livsstilsalternativa som moderniteten gjer tilgjengeleg tilbyr mange høve for appropriasjon, men skapar også ei kjensle av maktesløyse og manglande kontroll<br>3: *Autoritet mot utryggleik/tvil*: I ein røyndom der det ikkje finst nokon endeleg autoritet (som tradisjon, religion osb.), må det refleksive prosjektet knytt til sjølvet finne ein veg mellom forplikting og utryggleik. |

Desse dilemmaa må løysast om ein skal kunne oppretthalde og byggje eit samanhengande narrativ om ein sjølv, hevdar Giddens: «We can analyse these most easily by understanding them as dilemmas which, on one level or another, have to be resolved in order to preserve a coherent narrative of self-identity. (Giddens, 1991, s. 188).

I tillegg til desse dilemma sjølvet må ta omsyn til, ligg det ein trussel om «personal meaninglessness», hevdar Giddens (s. 202). Vidare poengterer han kor viktig det er med regelmessige aktivitetar:

> The threat of personal meaningslessness is ordinarily held at bay because routinised activities, in combination with basic trust, sustain ontological security. Potentially disturbing existential questions are defused by the controlled nature of day-to-day activities within internally referential systems (Ibid.)

Dei fleste kor kan kallast for ein regelmessige aktivitet, og passar på den måten inn i Giddens syn som ein moderne institusjon, eller eit av mange sosiale modus koristane tar del i.

Å delta i eit kor vil derimot ikkje seie at du trår inn i eit sosialt modus, beskytta frå det moderne livets krav. Eiksund ser på koret som eit spenningsfelt mellom fleire felt, der ein kan ha fleire spenningar i koret samtidig. Dette er ein fin måte å få fram kompleksiteten i kva for eit fellesskap eit kor kan vere. Ideen om spenningsfelt, eller «fields of tension», har vorte nytta i mange fagdisiplinar. Eiksund hentar mykje inspirasjon frå Lundberg (Lundberg, Malm & Ronström, 2003), som skriv om spenningsfelt i det moderne musikklivet med utgangspunkt i 12 motstridande polar. Dette har vore ein inspirerande ide for prosjektet mitt. Det er særleg tre spenningsfelt som går igjen i datamaterialet mitt: Tradisjon versus nyskaping; individ versus fellesskap; og inkludering versus ekskludering.

Med Giddens teoriar kan ein forstå korscena som éin av mange sosiale modus ein tar del i, men ein kan også tileigne andre eigenskapar til eit kor. I boka *Music in everyday life* skriv Tia DeNora (2000) om korleis musikk kan vere ein teknologi for sjølvet. Med dette meiner ho at musikk har makt til å forme og forandre liva våre, og korleis musikk vert

brukt av oss i kvardagen. Til dømes bruker me musikk til å regulere humør, som motivasjon når me trenar, lagar middag, vaskar huset og liknande. Musikken har derimot ei viktigare rolle enn å hjelpe oss igjennom kvardagen, hevdar DeNora. Ho argumenterer for at: «music is appropriated by individuals as a resource for the ongoing constitution of themselves» (s. 47). Slik eg forstår DeNora, bygger ho på mellom anna Giddens teoriar om det refleksive prosjektet, og knyt musikken si rolle inn i det biografiske narrativet om ein sjølv. Kan ein kombinere desse teoriane og prøve dei frå eit korperspektiv? Kan ein forstå kor som både ein sosial modus, og ein musikkteknologi som er med på å forme identiteten til koristane? Det er ideane til Giddens (1991) og DeNora (2000) som er utgangspunktet mitt for diskusjonen i kapittel 6.

## 1.5 Oppsummering og oppbygging av oppgåva

I dette kapittelet har eg introdusert tema og framgangsmåte for oppgåva. Igjennom ei spørjeundersøking og 12 djupintervju undersøker eg studentkorscena i Trondheim. Kapittel 1 har forsøkt å gje lesaren konteksten til å forstå dei følgjande kapitela, ved å presentere den nordiske studentkorhistoria, og å gje oversikt over Trondheim som studentkorby i dag. Her er skildringa av kortreffa Korstock og Sjungom vesentlege, sidan det er utgangspunktet for kapittel 5.

Tidlegare forsking på kor har ofte vore under andre disiplinar, framfor ein eigen korforskingsdisiplin. Det er mellom anna gjort mykje forsking på kor og dei positive helsegevinstane av song (Balsnes, 2010; E. Pearce, Launay, Machin & Dunbar, 2016; Eiluned Pearce et al., 2015). Dette er derimot i endring, mykje grunna innsatsen til Geisler (2010) som har samla korforsking i ein bibliografi, og etablert nettverket «choir in focus» for korforsking i Europa. Mykje av forskinga presentert i dette kapittelet kjem frå eit nordisk eller europeisk perspektiv, men det finst og forsking på ulike typar kor i ein internasjonal kontekst. Eit døme er André De Quadros (2019) som presenterer ei rekkje rundt i verda som kan vere med å utfordre vårt syn på kva eit kor er og kan vere. I Noreg har det vorte skrive 4 doktoravhandlingar om kor. Her er det Eiksund (2019) som er mest aktuell å bruke i oppgåva mi.

Det teoretiske rammeverket mitt for oppgåva er Giddens (1991) og DeNora (2000). Ved å forstå sosial interaksjon som ei rekkje ulike modus, kan ein forstå kor som ei trygg sosial gruppe forankra i tradisjon, som kan tilby koristane meining og rom til å utfolde og utvikle seg. Om ein forstår kor som teknologi, kan ein seie at koret som institusjon kan brukast til å utvikle koristar, både musikalsk og sosialt.

Kapittel 2 handlar om metodologiske val, før eg i kapittel 3 presenterer resultat frå spørjeundersøkinga. Kapittel 4 går i djupna på tre studentkor, og ser på korleis ein kan forstå kor gjennom historier til koristar. I kapittel 5 presenterer eg den viktigaste scena for studentkora, kortreffa Korstock og Sjungom. Kapittel 6 bind saman empiri og teori i ein diskusjon og konklusjonsdel.

# 2 Metode

I eit forsøk på å svare på forskarspørsmålet mitt, har eg vurdert mange ulike metodar, mellom anna deltakande observasjon av kortreffa. Dette vart valt bort av praktiske årsaker. Dei vert arrangert kvar vår, og anna kvar haust, og passa ikkje inn med tidsramma for prosjektet. Dermed tok eg eit val om å intervjue koristar om kortreffa og andre aspekt med koraktiviteten, samt å gjennomføre ei spørjeundersøking i miljøet. Det var naturleg å bruke båe metodar, då eg har hatt eit ynskje om å kartleggje det mangfaldet som finst i studentkormiljøet, og få ei fordjupa forståing av studentkor som fenomen. Sidan eg kom inn i prosjektet med mykje forkunnskap om miljøet, var det nyttig for meg å ha nokon av Eiksund sine punkt om forsking i eigen kultur i bakhovudet, då hans prosjekt har overføringsverdi til meg (Eiksund, 2019, s. 78). Eg trur at mykje av styrken i oppgåva mi er nettopp det at eg har kjennskap til miljøet på førehand. Røynsla mi som studentkorist gjer meg, etter mitt syn, betre i stand til å forstå kvifor miljøet er som det er. På den andre sida kan det vere ulemper å vere på innsida. Som ein utanforståande kan ein leggje merkje til aspekt ved miljøet som eg ikkje legg merke til. Fetterman (2015) peikar på at utanfor og innanfor ikkje utelukkar kvarandre, og at ein kan ha nytte av båe perspektiv inn i eit prosjekt. Inn i dette prosjektet har eg på mange måtar allereie gjort «feltarbeid», då både datamaterialet i seg sjølv, og mine refleksjonar rundt det kjem frå eit perspektiv innanfrå.

Å vere på innsida eller på utsida av det du forskar på har vore mykje diskutert i antropologisk og etnomusikologisk forsking. Cato Wadel (2014) skriv om problema som oppstår ved å forske på eigen kultur. Fyrst og fremst at: «Mange av våre verdier og store deler av vår kulturelle kunnskap [er] uuttalt og ubevisst» (s. 26). Sidan eg tilhøyrer studentmiljøet i så stor grad, er det mykje som både eg og informantane mine kan ta for gitt i ein intervjusituasjon. Anthony Giddens (1984) kallar dette for gjensidig fellesskunnskap.[18] For å sleppe til informantane og få dei til å sette ord på kunnskap som me allereie er «samde» om, var eg difor i intervjusituasjonen bevisst på å ha ei naiv haldning til feltet eg undersøkte.

På bakgrunn av dette var det viktig for meg å kunne reflektere kritisk over min eigen posisjon i miljøet, samt å ha eit bevisst forhold til mine eigne fordommar og haldningar, og spørje meg kvifor eg har dei. Å kunne bruke Eiksund (2019) som utgangspunkt gjorde denne inngangen litt lettare for meg, sidan han allereie hadde reflektert mykje rundt akkurat det.

Eg nytta meg også av ei undersøking som var nært knytt opp til undersøkinga til Eiksund. På denne måten vart det lettare å sortere mine eigne tankar om kva eg ville undersøke. Eg enda opp med ei undersøking som tok føre seg fire aspekt ved studentkoraktiviteten i byen: motivasjon, trivsel, alkohol, og kororganisering. I tillegg til undersøkinga har eg intervjua eit utval koristar. Av pragmatiske grunnar enda eg opp med å intervjue både kjente og ukjente. Eg bestemde meg på førehand at eg ville intervjue tolv personar, seks damer og seks menn. Etter kvart som informantane melde seg bestemte eg meg for å ha seks koristar frå mitt eige kor, og bruke dei som ein case. Undersøkinga og intervjua er

[18] Mutual knowledge

utgangspunktet mitt for datagenerering og er heilt i grenseland på kor mykje tidsramma let meg handtere.

Vidare var det viktig for meg å gje god og tydeleg informasjon til informantar og deltakarar i alle steg av prosjektet. Dette gjorde eg mellom anna ved å ha eksplisitt samtykke til intervju, samt å ha eigne informasjonsskriv til undersøkinga og intervjuet. Det har vore viktig for meg at informantane mine sitt bidrag skal påverke dei i minst mogeleg grad, då det ikkje er ei anonym undersøking. Tiltak for å verne om personane i oppgåva er likevel gjort så langt som det let seg gjere. Eg var tidleg ute med å sende søknad til NSD – Norsk senter for dataforsking – og gjorde endringane dei bad om, mellom anna kunne eg ikkje kalle undersøkinga for anonym, sidan bakgrunnsvariablar kunne vere med å identifisere koristar. Godkjenninga er lagt til som vedlegg nummer 1.

I analysen var det viktig for meg å prøve å gå systematisk og empirinært til verks, for å la dataa «snakke til meg», framfor at eg leita etter stadfestingar på førehandstrua mi. Dette heng òg saman med poenget om å ha ei naiv innstilling og kritisk tilnærming til miljøet eg er ein del av.

## 2.1 Intervju

Å ha to metodar i prosjektet mitt er gjort både av praktiske grunnar, og med tanke på metodetriangulering der eg undersøker dei same temaa med to ulike metodar. Thagaard (2013) skriv at: «fordi kvalitative og kvantitative tilnærminger i hovudsak gir ulike typer data, kan det være fordeler ved å kombinere begge typer av metoder innenfor same forskningsprosjekt» (s. 18). Hovudfokuset i oppgåva ligg i intervjumaterialet, men spørjeundersøkinga kan til dømes støtte utsegna til informantane, og gje eit utvida bilete av kormiljøet som intervju åleine ikkje kunne gitt. Eit døme er spørsmåla om alkohol og festkultur, der dei fleste av informantane mine gav uttrykk for at dei ikkje hadde problem med alkohol i kormiljøet, samtidig som undersøkinga viste at mange syntest at fokuset på alkohol var for stort. Ynskje mitt er at dette lyfter nye perspektiv inn i prosjektet mitt og styrkar oppgåva. Ei ulempe kan vere at datamengda vert for stor til å handtere på ein god måte for dette prosjektet.

### 2.1.1 Strategisk utval

Av dei 51 personane som sa dei kunne tenkje seg å verte intervjua, var det berre 34 stykk som la att e-postadressa si, som var mitt kontaktpunkt. Det var desse 34 eg brukte som utgangspunkt for det strategiske utvalet. Av desse valde eg 6 damer, og 6 menn til semi-strukturert intervju (n=12). Eg ville rekruttere informantane utelukkande frå spørjeundersøkinga. På den måten var eg viss på at dei hadde svart på dei same spørsmåla med den same ordlyden på førehand. Dette kan ha resultert i at mange av informantane allereie hadde begynt å reflektere rundt sine eigne haldningar og erfaringar med koraktiviteten, og det kan ha effektivisert intervjusituasjonen. Av utvalet mitt på 34 valde eg 6 damer og 6 menn med ulike posisjonar i kormiljøet, med utgangspunkt i kva kor dei song i. Av dei svara 9. Det fyrste utvalet bestod av fleire linjeforeiningskor, men få mannlege linjeforeiningskoristar. Dermed vart det naudsynt med eit nytt utval, der eg strategisk valde ut dei resterande tre. I det nye utvalet song seks stykk i koret eg dirigerer, tre stykk song i same kor som meg, og dei tre siste song i tre ulike kor. Eit kor for damer, eit linjeforeiningskor som er blanda, og eit blandakor utan tilknyting til linjeforeiningskormiljøet.

Mange av informantane har vore i kormiljøet lenge, og har ulike posisjonar i miljøet. tre stykk hadde i tillegg til sin hovudaktivitet vore aktive som dirigentar for mindre kor, og delte verdifulle erfaringar frå sitt verke som dirigent, og gav innblikk i kormiljøet der. Eg kjende ni av informantane godt frå før, grunna min posisjon i miljøet, to visste eg om, og éin var heilt ukjent for meg. Dette kan ha påverka intervjusituasjonen. Eg merka fleire gongar at dei la opp til at eg visste og forstod kva dei meinte. I dei tilfella måtte eg vere ekstra naiv og late som eg ikkje forstod, eller be dei greie ut litt ekstra. Andre gongar var det tydeleg at dei vart påverka negativt av å verte intervjua av meg. Som dirigent har eg kanskje vore både godt synleg i miljøet, men også ein autoritet. Eg opplevde at koristar snakka ned sine eigne musikalske ferdigheiter, eller søkte støtte i meg som ein «musikalsk autoritet».

Nesten alle informantane hadde engasjert seg aktivt i organisasjonsbygginga av koret i form av relativt store verv. Informantane hadde eit altersspenn mellom 21–34 år, med ein gjennomsnittsalder på 27.1 år. Gjennomsnitt hos mennene var 28.8 år, medan gjennomsnittet hos damene var på 25.5. Medianen var 26.5. år. Tre koristar sa at dei hadde slutta eller skulle slutte med studentkor etter avslutta vårsemester. Sjølv om eg ikkje har fokusert på kvifor folk sluttar i kor, var det eit tema som kom opp hos mange av dei eldre koristane då me snakka om motivasjon, og kunne vore eit interessant tema å undersøke vidare.

Kapittel 4 undersøker tre studentkor nærare basert på intervjumaterialet. Eit av kora, AKS, vert ikkje skildra i like stor grad som dei to andre. Grunnen til dette var at eg berre hadde éin informant frå AKS. Med det strategiske utvalet bestemte eg meg likevel å presentere dei i kapittelet, grunna deira unike posisjon i miljøet.

### 2.1.2 Lydopptak og transkripsjon

Intervjua vart tatt opp med ein digital lydopptakar, og hadde ei gjennomsnittslengde på 1:25:35. Det kortaste intervjuet var 33:40, medan det lengste intervjuet varte 1:54:00. Lydopptaka vart oppbevarte på NTNU si skyteneste i tråd med NSD sine retningslinjer. Transkripsjonane av intervjua vart gjennomførte i etterkant av kvart intervju. Gjentakande utsegner, bekreftande svar, og så vidare er sløyfa. Detaljnivået er heller ikkje likt frå intervju til intervju, då eg følte eg hadde eit for nært detaljnivå på det fyrste intervjuet. Å ikkje ha like høg detaljføring var eit pragmatisk omsyn eg måtte ta med tanke på tidsbruk. Eg kan ha gått glipp av datamateriale til analyseprosessen med dette valet. Likevel vurderte eg situasjonen frå intervju til intervju. Lange pausar og gjentekne formuleringar er markert med «..» for å tydeleggjere at informanten kan ha vore usikker. I dei tilfella informanten snakka «off-record» eller der eg i samtalen har eit langt sidespor, har eg kutta ut avsnitt med ein klammeparentes som oppsummerer innhaldet. Transkripsjonane er normaliserte og anonymiserte. Samla vart transkripsjonane på 200 sider.

### 2.1.3 Framgangsmåte intervju

Informantane vart kontakta pr. mail med ein invitasjon til å verte intervjua. Der vart det sagt i frå om at eg ynskte å ta opp intervjuet, og kva rettigheiter dei hadde i samband med det. Me avtalte møtetid på mail og Facebook. Eg gav informantane stor fleksibilitet når det galdt stad og tid, for å leggje til rette for trygge rammer (Tjora, 2017, s. 123). Det førte til nokre utfordringar tidsmessig, og eg brukte lengre tid på å gjennomføre intervjua enn eg hadde rekna med. Eg vurderte i lang tid å samle informantane til gruppeintervju, eller fokusgruppe, då det var folk frå eit kjent miljø som skulle intervjuast om tema. Dette kunne spart mykje tid og hatt mange fruktbare sider ved seg (Tjora, 2017, s. 123). Eg

valde likevel individuelle intervju med omsyn til dei ulike koristane sitt krav til anonymitet, og at det er rimeleg å anta at dei kjenner kvarandre. Særleg tema om alkohol kan virke sensitivt, og kunne gitt meg mindre opne svar enn personlege intervju, til tross for at fokusgrupper kan virke mindre trugande enn personlege intervju (Tjora, 2017, s. 123). Eg opplevde likevel informantane mine som svært trygge i intervjusituasjonen. Ein grunn til dette kan vere at eg kjente til mange av informantane sjølv og me allereie var trygge på kvarandre. Meir om dette i «etiske omsyn».[19]

Intervjuet vart lagt opp med utgangspunkt i Tjora sin figur om djupintervjuets krav til refleksjon, der dei tyngste tema som alkohol og festkultur vart lagt til midten av intervjuet (Tjora, 2017, s. 147). Fyrst småsnakka me litt, før eg informerte om rettighetar, oppbevaring av data og personvern, og gav ut informasjonsskriv og samtykkeskjema. Deretter fortalde eg om prosjektet mitt, og svara på eventuelle spørsmål. Eg gav eksplisitt beskjed når eg sette på opptakaren, og sa at dei kva tid som helst kunne be om å avslutte, stoppe eller ta pause frå intervjuet. Til å starte med gjekk me igjennom eit par generelle spørsmål om kor og tidlegare erfaring, som hadde som primærfunksjon å «varme opp» informanten. Deretter gjekk me inn på dei fire hovudtemaa for intervjuet som hadde same struktur som undersøkinga: trivsel, motivasjon og koraktivitet; kortreff; alkohol og festkultur i kormiljøet, og; kororganisering. Eg var pragmatisk med tanke på intervjuguiden, og prøvde å halde ein naturleg samtale gåande. Sidan tematikken var gitt på førehand, retta dei fleste seg etter spørsmåla mine. I enkelte tilfelle vart intervjuguiden min misforstått. Då let eg dei fullføre, før eg leia samtalen inn på rett kjøl igjen. Intervjua vart avslutta med mogelegheit til å leggje til eller på annan måte kommentere opptaket.

Å intervjue er ein læringsprosess. Eg følte eg meistra handverket betre etter kvart som eg fekk intervjuguiden under huda. Dette merka eg særleg under transkripsjonen av intervjua, då eg fekk eit utanfrå retrospekt-perspektiv på korleis intervjuet vart gjennomført. Eg gjorde dermed kontinuerlege vurderingar og endringar i dei praktiske rammene for intervjua. Det fyrste intervjuet var prega av ei rekkje ting som resulterte i eit kortare meir usamanhengande intervju. For det fyrste var det ein heil del bakgrunnstøy, grunna dårleg val av lokale. I dette tilfellet var intervjuet sett til eit offentleg område på universitetscampusen, der det viste seg å vere ei messe. Me klarte heller ikkje å finne ledige rom, og eg tok ei avgjersle om å ta opp intervjuet på nokre benkar i nærleiken. Lydkvaliteten var god nok på opptaket til at transkripsjonen vart god, men støyen forstyrra både meg og informanten. For det andre hadde eg ikkje intervjuguiden under huda. Dette gjorde at fokuset låg meir i guiden enn i samtalen. Dette resulterte i at eg ikkje følgde opp kortfatta svar, og runda av intervjuet tidleg.

### 2.1.4 Etiske omsyn

Sidan eg for mange er ein kjent figur i miljøet eg forskar på, har eg hatt ein annan inngang til feltet enn ein frå utsida ville hatt. Faren for å «utlevere» nokon er eit omsyn alle forskarar må ta i møte med feltet. Mi utfording var mellom anna at feltet eg forska på, og personane i det miljøet, var ein viktig del av mitt sosiale nettverk. Alle informantar vart gjort merksame på at dei kunne verte gjenkjende av andre i miljøet på grunnlag av bakgrunnsinformasjonen eg har tatt med, sjølv om eg understreka at eg skulle gjere mitt beste for å unngå dette. Det var likevel ikkje føremålstenleg for analysen å anonymisere alt. Det viste seg òg at det vart vanskeleg å kartleggje eit så lite miljø på ein anonym måte. Dette kom tydeleg fram både i informasjonsskrivet til intervjuet og i nettundersøkinga. Heilt frå starten var det viktig for meg at prosjektet ikkje skulle ha nokon konsekvens for

---

[19] Sjå 2.1.4

koraktiviteten til deltakarane. Trass i lovnadar om at eg skulle anonymisere og generalisere mykje av datamateriale, merka eg at enkelte informantar var litt reserverte i delar av intervjuet, særleg når det gjaldt tema som rørde ved alkohol og festkultur. Andre ville snakke med lydopptakaren av. Då respekterte eg dette. Alle namn i teksten er fiktive som eit ledd i anonymiseringa. I dei fleste tilfelle har eg unnlate å oppgje koret sitt namn. I dei tilfella har eg bytta ut namnet på koret med «[koret]» eller liknande.

Eg held meg så godt som mogeleg til datamaterialet gitt av informantane. Likevel er det ikkje til å unngå å bruke eigne erfaringar i ei slik oppgåve. I utgangspunktet hadde eg ynskt å observere eit kortreff, men det lèt seg ikkje gjere. Dette har i ettertid vist seg å styrke oppgåva, då det har gitt meg andre perspektiv, og fleire innblikk i kva eit kortreff er for koristane.

Ein bør ta omsyn til etiske utfordingar igjennom heile intervjuundersøkinga (Kvale & Brinkmann, 2009). Til dømes er eg ein del av det eine koret eg forskar på, og dirigent for det andre. Korleis påverkar det mine evner til å forske i miljøet? Har eg ein nærleik som gjer det vanskelegare å leggje fram resultata? Korleis påverka det intervjuet?

I likskap med Eiksund, har eg forska i mitt eige miljø, og eg har hatt mange ulike statusar i datagenereringa mi. I møte med informantar har eg vore både dirigent, venn, medkorist og medstudent. Eiksund påpeikar at skifte til å vere forskar kan gjere folk som har eit forhold til han frå før usikre (Eiksund, 2019). Vidare peikar han på at det kan vere ein fordel å ha ulike statusar når ein forskar på heimplassen sin, som er overførbart til miljøet eg forskar på. Trass i at eg ikkje fekk observere kortreffa, har det vore naudsynt å gjere seg opp eit par tankar om relasjonen mellom meg og informantane mine. Aase og Fossåskaret (2007) hevdar at ein relasjon vert etablert «mellom statuser i statussett, som gjer det mogeleg for samhandlingspartane å stille rolleforventninger til hverandre» (s. 61). Sjølv om dei fyrst og fremst skriv om deltakande observasjon, ser eg overføringsverdien til intervjusituasjonen. Eg har allereie ein relasjon til informantane, og vert møtt med rolleforventningar. Som eg var inne på opplevde eg mange gongar at eg måtte vere litt naiv i møte med informantane, som ikkje alltid såg at det var naudsynt å forklare korleis eit kortreff gjekk føre seg, sidan eg er ein del av det same kortreffet. Andre gongar kunne eg tre inn i «medkoristrolla» å støtte opp informanten og prøve å normalisere intervjusituasjonen. Enkelte gongar minna eg informanten om at det me snakka om kanskje ikkje var naudsynt å nemne. Å intervjue sine eigne koristar var også noko som var utfordrande. Det kjem tydeleg fram i mange av intervjua at dei ser på meg som ein musikalsk autoritet, og vert defensive i intervjusituasjonen. Å finne balansen mellom dei ulike rollene og forskarrolla opp i det heile var utfordrande for meg, då eg ikkje ville øydelegge min eigen status i miljøet med å gjennomføre prosjektet. Dette var ein risiko eg vurderte før eg bestemte meg for å gjennomføre prosjektet.

## 2.2 Spørjeundersøkinga – utforming og formål

Spørjeundersøkinga er i stor grad inspirert og henta frå Eiksund (2019) si undersøking som han hadde ute blant kor på Sunnmøre. Det er likevel gjort ein del tilpassingar til prosjektet mitt. Formålet med spørjeundersøkinga var fleirdelt: Det skulle vere med å kartleggje studentkormiljøet sine haldningar til kortreff, alkohol og festkultur, trivsel, og kororganisering, og det skulle fungere som grunnlag for informantane eg nytta meg av i intervjua. Samspelet mellom intervju og spørjeundersøkinga spelar ei viktig rolle i analysearbeidet. Dei kan støtte opp og stadfeste kvarandre, eller avsløre veikskapar med oppgåva. Sjølve spørsmåla vart utforma med ulike graderingstypar. Dei fleste svara var lukka, og var obligatoriske å svare på. På spørsmål om alkohol og festkultur lèt eg det vere

frivillig om dei ville svare. Frasar som «kor einig er du i fylgjande utsegn» og liknande vart brukt i fleire spørsmål for å lettare kunne handtere og analysere data. Dei lukka svara har både fordelar og ulemper ved seg, mellom anna gjer lukka svaralternativ mindre rom for deltakarane å nyansere svara sine. Dette vert mellom anna diskutert i kapittel 3.[20] Nettundersøkinga mi er lagt til som vedlegg nummer 2.

Sidan miljøet er lite og det kan vere avslørande bakgrunnsvariablar i undersøkinga mi, kunne den ikkje verte sett på som anonym. Difor måtte eg få informert samtykke frå alle informantane. Informasjonsskriv og samtykkeskjema for nettundersøking og intervju er lagt til som vedlegg nummer 5 og 6. Samtykket vert henta ved å leggje inn eit obligatorisk felt der ein måtte huke av på at ein hadde lese og forstått informasjonsskrivet som var på framsida av undersøkinga. For å syte for at ein ikkje kopla eit gitt svar med ei e-postadresse, måtte deltakarar som ynskte å verte intervjua fyrst huke eksplisitt av for dette, for å så fylgje ein link etter dei avslutta den fyrste undersøkinga. Der ein kunne dei leggje att kontaktinformasjon. Dette tryggleikstiltaket kan vere med å forklare kvifor eg mista 20 informantar mellom dei to nettskjema.

Undersøkinga er utforma i nettverktøyet «nettskjema» som er drifta av UiO. Det ligg føre ein databehandlingsavtale mellom NTNU og UiO som gjer at alle data vert oppbevart sikkert i nettskjema fram til prosjektslutt.

### 2.2.1 Distribuering

Undersøkinga vart sendt ut i facebookgruppene «Sjungom 2018» og «Korstock 2018» på høvevis rundt 400 og 800 medlemmer. Dei to informasjonskanalene har naturlegvis mange overlappende medlemmer, og ein må også anta at fleire av desse ikkje lenger er aktive korister, og difor ikke ser verdien i å delta i undersøkinga. Eg fekk inn 193 svar (n=193). Av dei var 60 % damer, og 40% menn (116 damer og 77 menn). Undersøkinga var ute i heile oktober, og eg var i perioden aktiv med å sende mail til kor eg visste om, og tipsa vener om å fortelje det vidare til andre koristar. Dette var etter mitt syn naudsynt for i det heile klare å generere så mange svar, då facebook-sidene i seg sjølv ikkje automatisk aukar svardeltakinga. Det var koristar frå 25 ulike kor av ulik karakter som deltok i undersøkinga. 51 av dei 193 sa seg villige til å verte intervjua.

Eg vurderte i starten om eg skulle velje ei digital eller ei fysisk undersøking. Begge metodar kunne vorte valde. Ei fysisk undersøking kunne vorte delt ut på øving hos dei fleste kora. Sidan eg kjenner til heile miljøet kunne eg nådd ut til relativt mange. Dessutan kunne eg informert om prosjektet og forklart kvifor eg ville samle inn svar. Å velje ei digital løysning var likevel noko eg raskt konkluderte med. Ikkje berre sparte det meg for arbeid med å sleppe å nå ut til ulike kor, men det sparte og informantane for arbeid med å fylle ut. Analysearbeidet vart mykje lettare med ei digital løysning, samt at det vart ei sikker oppbevaring av svara.

## 2.3 Analyse

Etter innsamlinga av undersøkinga og transkripsjonen av intervjua var ferdig, sat eg igjen med eit stort datasett eg kunne bruke som inngangsport til oppgåva. Eg brukte NVivo som verktøy til å kode intervjua. NVivo er eit program som gjorde at eg på ein enkel måte kunne gruppere og sortere interjuva. Etter kodinga var gjennomført satt eg igjen med 251 kodar. Desse sorterte eg inn i 5 grupper: det sosiale fellesskapet; identitet i studentkor; organisering av studentkor; Kor i all verden; og ei rest-gruppe. Desse gruppene var

[20] Sjå 3.7

rettleiande for prosessen vidare, og det er ut i frå desse gruppene eg har skrive kapittel 4 og 5.

# 3 Resultat

I spørjeundersøkinga mi deltok 23 kor. I tillegg veit eg om 8 kor som har vore i miljøet sidan eg starta i 2015. Undersøkinga mi dekker med andre ord ikkje heile kormiljøet, men eg har framleis store mengder interessante data eg vil vise fram. Deltakarane frå dei 23 kora (n=193) kan òg ha tilknyting til fleire kor. Nokre av deltakarane er dirigentar, andre er tidelegare medlem. Årsaka til at dette er med i datamaterialet er at eg ikkje ville sette noko særskilde krav til deltaking, for å innhente mest mogeleg data. Invitasjon til undersøkinga vart difor sendt ut på facebookgruppene som vart nytta i samband med kortreffa, og på mail til dei kora eg fekk tak i. Det var 40% menn og 60% damer som deltok i undersøkinga.

## 3.1 Kjønnsbalanse og type kor

Om lag 50% av deltakarane i undersøkinga syng i blandakor. Dette kan vere litt misvisande, sidan TSS som er eit reint mannskor hadde mange deltakarar. I tillegg er mange av dei reine manns- og damekora jamt over større kor, med fleire deltakarar, enn mange av dei mindre linjeforeiningane. I dei fleste tilfelle var manns- og damekor tilknytt same linjeforeining. Til dømes har både linjeforeininga for nanoteknologi, og energi og miljø to kor kvar. 29% oppgjer at dei har flest damer i koret, medan berre 4% oppgjer at dei har flest menn.

## 3.2 Storleik på kor

Dei fleste kora er nøgde med storleiken på koret sitt. Som ein kan sjå på figur 1 er halvparten av kora mellom 10-30 stykk. Om lag 1/3 seier dei syng i kor på 40 eller meir medlem. Dette er Kor i all verden, TSS, og TKS. To kor oppgjer at dei er mindre enn 10, medan dei fleste Linjeforeiningskoristar oppgjer at dei er mellom 10-30 stykk. Av dei som ikkje er nøgde med storleiken, tykte om lag halvparten at det påverka den musikalske kvaliteten på ein negativ måte. Nokre uttrykte misnøye over å måtte «holde seg tilbake», eller at dei måtte syngje andre stemmer enn den dei identifiserte seg med.




**Figur 1 Storleik på kor**

Ein veikskap med figur 1, er at deltakarar frå same kor har svart ulikt på spørsmål om storleiken på koret. Dette påverka særleg kategorien 30-40. Ei forklaring kan vere at ei så stor gruppe vert vanskeleg å halde kontroll på. Formuleringa kan ha vore misvisande, og folk kan ha lagt ulik vekt på kva som ligg i «aktive medlem». Dette kan eksemplifiserast med koret Kor i all verden, som er eit kor på over 50 registrerte medlemmar, men som er rundt 40 medlemer på øving grunna permisjonar. Eg har valt å prioritere å få svar frå eit breiare spekter av koristar, framfor å samle data frå leiarar av koret og liknande.

## 3.3 Oppstartsår

Undersøkinga mi samla ikkje inn informasjon om oppstartsår. Denne kunnskapen er skaffa gjennom personleg kommunikasjon og generelle søk på internett. Mange kor har oppstartsår som ein del av logoen sin, medan andre vart skaffa igjennom e-postutveksling. Som ein kan sjå i figur 2 nedanfor er det ei oppblomstring av kor ut på 2000-talet. I perioden 2000-2009 er 3 kor stifta siste halvdel av tiåret. Det er verdt å merke seg at dei to fyrste kora som vart stifta er TSS og TKS, og at kora stifta mellom 1960-1982 er undergruppene til samfundkora, pluss studentkoret AKS. I 1993 og i 2000 vart dei to kora for medisinstudentar stifta, medan dei mindre linjeforeiningskora vart stifta frå 2006-2019.

Det er berre dei kora som framleis er aktive eller som har vore aktive medan eg tok del i miljøet som er representerte. Det vart heile tida stifta nye kor, og mange forandra profil. Ein korist kunne fortelje meg om eit kor for byggstudentar som vart stifta på 1970 talet, men som gjekk over til å verte eit korps, før det forsvann. Ein annan korist kunne fortelje at koret Embla, som er eit damekor i byen, begynte som eit kor for musikkvitskapstudentar på 1990-talet.




**Figur 2 Oppstartsår for studentkor i Trondheim som er aktive i dag**

Som ein kan sjå ut i frå figuren ser ein at det frå 2006 har vore hyppige stiftingar av studentkor i byen. Dei fleste kora frå rundt 2010 eksisterer framleis, sjølv om aktivitetsnivået varierer sterkt. Om trenden held fram gjenstår å sjå. Ei mogeleg medverkande forklaring er globale trendar som film, seriar og musikkgrupper som var med å popularisere a capella song, mellom anna *Glee*, *Pitch Perfect*, og *Pentatonix*. Mykje kan tyde på at det er aukande etterspurnad etter rytmisk korleiing. Både Nord universitet, Høgskulen i Sør-Trøndelag (no NTNU) og NLA-høgskulen har hatt eigne studie for rytmisk korleiing. Det vert mellom anna reklamert for rytmisk korleiing i Korbladet i 2014 (Daling, 2014). I tillegg fann eg med eit kjapt internettsøk ein reklame for opptak 2020 ved NLA, samt studieplan for rytmisk kolreiing ved Nord Universitet tilbake til 2016.[21] Eg vil argumentere for at utdanningstilbodet reflekterer behovet for rytmiske korleiarar generelt, og også kor og studentkor.

## 3.4 Kor og campus

Om ein ser på kvar kora held til, kan ein sjå at dei fleste av linjeforeiningskora held til på Gløshaugen (sjå figur 3). Datamaterialet mitt seier ingenting om kva som kan vere bakgrunnen til dette, men ei mogeleg forklaring er tradisjonen for aktive linjeforeiningar. Om ein i tillegg legg til grunn at mange av linjeforeiningane høyrer til studieretningar med eit intrigert masterløp, kan dette vere ei forklaring. Av dei 4 kora på Dragvoll er det eldste og største Psykor. Pyskor er koret til profesjonsutdanninga til Psykologi. Det er påfallande at dette er ein av dei få studieretningane med integrert masterløp, som på Gløshaugen. Lektorutdanninga er også integrert masterløp, og har hatt nokre kor, men dei har ikkje klart å halde drifta ved like.




**Figur 3 Linjeforeiningskor fordelt etter NTNU-campus**

[21] https://www.nla.no/studietilbud/studieprogrammer/arsstudium-i-utovende-musikk-med-fordypning-i-korledelse/ henta 15.05.2020
https://www.nord.no/no/student/studieplaner/2016h/sider/30kor.aspx henta 15.05.2020

## 3.5 Organisering av kor

Alle kora oppgjer at dei har ein leiar, og ein dirigent eller musikalsk leiar. Dei oppgjer òg at dei har eit styre. Av desse var det 16 kor som hadde tilknyting til ei linjeforeining, 5 var knytt til Samfundet, og 2 var sjølvstendige. Pirum, Knauskoret og Candiss er undergrupper av TSS og TKS. KiAV og AKS er dei to sjølvstendig kora. Eg vel likevel å inkludere KiAV som eit linjeforeiningskor, sidan dei deltar i studentmiljøet og kortreffa. AKS på si side står utanfor dette miljøet og vert ikkje inkludert som eit linjeforeiningskor.

Dei fleste kora var bygde etter same modell, som ei foreining eller organisasjon, med ei generalforsamling, med styre på val årleg. Eg fekk inntrykk av at dei litt mindre kora var litt lausare i organiseringa. Det seier seg sjølv at eit mindre kor er lettare å halde styr på, men ein skal heller ikkje neglisjere arbeidet som står bak for å halde små organisasjonar gåande. I dei mindre kora er også ein høgare prosentdel av koret i styret.

## 3.6 Aktivitet

Som ein kan sjå ut i frå figur 4, har alle kor minst ei framsyning i året. Ein kan sjå at rundt 80% ligg på tre eller fleire framsyningar i året. Undersøkinga tok ikkje omsyn til kva som ligg i ei framsyning. Dette var eit av tala som overraska meg. Mi førehandstru om at linjeforeiningskor jamt over ikkje opptrer for publikum, ser ut til å vere feil. I intervjua fekk eg mellom anna vete at eit linjeforeiningskor hadde mange faste oppdrag i semesteret, samt at instituttet hyra dei inn til ulike konferansar og liknande. I dette tilfelle song koret eigne skrivne tekstar som tok opp faglege tema på ein morosam måte.




**Figur 4 Tal på framsyningar per år**

## 3.7 Repertoar

I spørsmål om kva repertoar som vart sunge i koret, er det noko overlapp i svaralternativa. Til dømes kan nordiskspråklege songar vere både sakrale og ikkje-sakrale. Dei kan også vere populærmusikk, eller klassiske verk. Dette gjer at det er litt vanskeleg å tolke resultata. Nokre ting går likevel igjen. Det fyrste ein kan leggje merke til i figur 5 er at gospel, religiøse songar og klassiske verk ikkje har ein så stor plass i repertoaret til studentkor. Det som vert sunge mest er i fylgje koristane student- og drikkeviser, og nordiskspråklege songar. Dette kan ha ein samanheng med at veldig mange av miljøsongane som er i miljøet vert sungne på nordiske språk. I all hovudsak norsk og svensk, men enkelte kor, som TSS syng også ein god del på finsk. Dette er fordi mannskortradisjonen i Finland har stått sterkt og det er mykje repertoar skrive for mannskor.




**Figur 5 Oversikt over repertoar**

Figur 6 samanliknar eit utdrag sjangrar mellom tre grupper, basert på prosentandel av deltakarane. TSS og TKS, AKS, og linjeforeiningskor er separerte for å lettare kunne bryte ned figuren.




**Figur 6 Samanlikning i utval sjangrar**

Her kan ein sjå at AKS står for mesteparten av utslaget av søyla for religiøse songar, medan linjeforeiningane står for om lag halvparten av populærmusikksøyla, medan TSS og TKS står for mesteparten av søyla for student og drikkeviser. Eit avvik med figurane som viser repertoar er at svaralternativa er i stor grad open for tolking. Eg har likevel valt å ta dei med då det kan gje ein peikepinn på kva sjanger vert sunge i dei ulike delane av miljøet.

På spørsmål om kven som vel repertoar, svarar majoriteten at det er dirigent eller musikkråd som vel repertoar, ofte i ein kombinasjon. 28% oppgjer at koret vel repertoar. Sjølv om dei eg har snakka med oppgjer at dei har ei generalforsamling eller samråd der dei vel styret, og dermed indirekte vel repertoar demokratisk, med å stemme fram representantar med embete til å velje på vegne av koret, føler 13% at dei har lite påverknadskraft. 30% er likegyldig medan 56% føler dei i stor eller svært stor grad har kraft til å påverke val av repertoar. På spørsmål om dei føler dei har ei stemme i utviklinga av profilen til koret, er svara omtrent det same, medan det på spørsmål om dei har ein arena til å ytre meiningane sine om valet til koret, svarar 83% at dei føler dei har ein arena til å ytre seg i stor eller svært stor grad.

## 3.8 Trivsel

Som ein kan sjå ut i frå figur 8, får dei fire fyrste spørsmåla svært positive utslag. Dei litt meir negative formulerte spørsmåla er motsett. Til dømes meiner fleire at dei «kjenner mange koristar godt», enn at dei «kjenner få», eller at dei «er einsame». Dette var noko av det eg ville undersøke nærmare i prosjektet mitt.




**Figur 7 Utdrag frå spørsmål om trivsel**

Ein kan sjå at koret er ein viktig musikalsk og sosial arena for over 80%. 77% føler og at dei får utfolda seg musikalsk i koret. I dei mindre kora er det fleire som meiner at dei kjenner mange av koristane, enn i den større kora. Det er likevel viktig å ha med seg at det er svært subjektivt og ikkje treng å vere representativt for kormiljøet. Ein korist sa ho kjente seg einsam. Datamateriale mitt går diverre ikkje inn i djupna på denne tematikken.

Dei aller fleste meiner at koret arrangerer sosiale aktivitetar i samband med øving. Det er fyrst og fremst snakk om korpils. På spørsmål om koret arrangerer sosiale aktivitetar utanom øving og konsertar, svarar 44% av og til, medan rundt 10% seier at koret alltid arrangerer sosiale aktivitetar utanom øving. Dermed kan ein sjå at koret for nokon er eit sosialt nettverk utover primæraktiviteten. I dei mindre kora ser ein at det er fleire kor som samarbeider med kvarandre om konsertar. Det kan vere praktiske årsaker til dette, som at dei har same dirigent, eller at dei ikkje føler at dei har stort nok repertoar til å halde ein konsert åleine.

## 3.9 Oppsummering

I kapittel 3 har me sett på utdrag og resultat frå spørjeundersøkinga mi (n=193). Som eit av hovudformåla med oppgåva har eg prøvd å kartleggje studentkormiljøet i byen. Eg har samla informasjon om mellom anna kjønnsbalanse, storleik på kor, oppstartsår, aktivitetsnivå, repertoar og trivsel. Eit påfallande funn som bekrefta ei hypotese eg hadde, var at dei fleste linjeforeiningskora held til på Gløshaugen. Ein kan berre spekulere i kvifor det er tilfelle, men eg peikar mellom anna på det integrerte studieløpet, mange studentar, og stabile linjeforeiningar som faktorar som kan forklare dette. Dette vert ytterlegare stadfesta ved at det største og mest stabile linjeforeiningskoret på Dragvoll også har integrert masterløp, og ei aktiv linjeforeining.

Me har også sett at oppstart av studentkor, særleg i samband med linjeforeining er ei trend. Dei fleste kora i undersøkinga er stifta rundt 2010. Kvifor det vart stifta akkurat då

er vanskeleg å svare på, då datamateriale mitt ikkje seier noko om det. Ein kan likevel peike på globale trendar som kan ha hatt positiv påverknad på kor, mellom anna *Pitch Perfect*, *Glee* og *Pentatonix*. Eg vil argumentere for at tilbod om rytmisk korleiing reflekterer etterspørselen på rytmiske kor, som igjen vert reflektert i studentkora. Som ein såg i figur 6 skil repertoarvalet hos linjeforeiningskora seg frå dei andre kora i undersøkinga. I vedlegg nummer 3 kan ein finne fleire figurar knyt til resultata.

# 4 KiAV, TSS og AKS – Tre dømer på studentkor

I dette kapittelet skal eg ta føre meg 3 kor i studentkormiljøet i Trondheim. Inngongen til dei tre kora er ulike: I KiAV er eg dirigent, i TSS er eg korist, og i AKS er eg ein frå utsida. Skildringane av AKS er basert på intervju med éin korist. Gjennom å høyre om korleis koristane opplever å ta del i koraktiviteten på ulike nivå, kan det dukke opp ulike perspektiv ein kan nytte til å svare på forskingsspørsmålet: «Kva vil det seie å delta i studentkor?»

Dei tre kora er høgst ulike, og er såleis eit godt døme på mangfaldet i studentkormiljøet. KiAV er eit blandakor som har halde det gåande i 10 år. Dei starta som eit reint studentkor, men har etter kvart tatt eit steg vekk frå dette. Eg har omtala dei som eit kor med ein fot innafor og ein fot utanfor studentkormiljøet. Med dette meiner eg at koret skil seg frå mange andre studentkor, sidan dei ikkje er knytt til eit spesifikt studie. Det er heller ingen formelle krav om å studere for å vere med. Likevel er det mange likskapsteikn mellom KiAV og mange andre linjeforeiningskor. AKS er det einaste studentkoret eg undersøkte som hadde ein tydeleg religiøs profil. På bakgrunn av dette ynskte ikkje koret å delta i resten av studentkormiljøet. Sidan eg berre hadde éin informant frå AKS, føler eg ikkje at eg vart kjent med dei på same måten som KiAV og TSS. TSS på si side er eit mannskor med over 100 års erfaring med kordrift og organisering. Dei har ein solid økonomi og kan tilsetje høgt utdanna dirigentar. I tillegg er koraktiviteten deira farga av å vere ein av dei kunstnariske gjengane på Samfundet. Eg opplever TSS som ein tradisjonstung organisasjon, trass i at dei alltid fornyar seg. Som kor kan ein seie at dei står i eit spenningsfelt mellom tradisjon og innovasjon. Dette vil igjen påverke koristane si deltaking i koret.

## 4.1 Kor i all verden?

> Det er eit blandakor på alle måtar. Det er blanda mellom menn og damer, mellom studentar og folk i jobb, og det har ingen tilknyting til ein spesifikk linjeforeining, så det er blanda over campus og studiestad

Maja presenterte Kor i all verden på denne måten. «Eit blanda kor på alle måtar» er ei skildring eg kan stille meg bak, etter å ha vore dirigent for koret sidan 2017. Blandakoret har per våren 2020 over 55 medlemmer, og er det største blandakoret av studentkora i undersøkinga. Etter dei innførte opptak i 2016, har koret opptak to gongar i året, på starten av kvart semester, men dei siste åra har våropptaket berre vore for menn. Ein strevar etter kjønnsbalanse, men slit med å rekruttere menn. Gjennomsnittsalderen blant mennene er noko høgare enn hos damene. Ei mogeleg forklaring kan vere at alder er ein medverkande faktor i opptaksprosessen. Sidan koret sårt treng mannsstemmer, kan terskelen for å ta opp mannlege medlemmar, trass i at alderen er høgare, verte lågare enn terskelen for å ta opp kvinner med høg alder. Koret har inga offisiell øvre aldersgrense, men plar rekruttere koristar mellom 18-35 år. Dei definerer seg sjølv som eit studentkor,

og har sagt humoristisk at dei tek opp studentar som ikkje syng i linjeforeiningskor, og som ikkje vert tatt opp i TSS og TKS. Sjølv om dette er sagt med humor er det ei viss sanning i det. Kravet for å verte tatt opp i KiAV er lågare enn i TSS og TKS, og søkarmassen er mindre. Sjølv om enkelte medlem går frå KiAV til TSS og TKS, har det også vore koristar som har flytta seg andre vegen. KiAV, TSS og TKS tilbyr ulike miljø, som kanskje tiltrekkjer seg ulike grupper koristar.

Koret vart stifta i 2007 av studentar som gjekk lærar- og sjukepleiarlinja på Kalvskinnet, ein NTNU campus, men vart etter kvart ein arena for fleire studielinjer, og folk som var ferdige å studere. I dag består koret av mange ikkje-studerande som har vore i koret i lang tid, som har vore med å utvikle og forme KiAV. Etter å ha eksistert i over 10 år, har koret etter kvart klart å etablere seg som ein organisasjon, med statuttar, vedtekter, styre og generalforsamlingar.

Mykje av grunnen til at organisasjonen vert utvikla, er jobben dei ulike verva og styra gjer. Som mange andre foreiningar, er KiAV bygt opp med ei årleg generalforsamling med val av styre, som består av ein leiar, ein nestleiar, ein musikkrådsansvarleg, ein økonomisk ansvarleg, ein sekretær, ein webansvarleg og ein sosialansvarleg. I tillegg vert det valt inn to musikkrådsmedlemmar som saman med musikkrådsformann og dirigent skal velje repertoar, og vere med og organisere konsertar. Dei faste arrangementa som kjem utanom øving vert som regel organisert av ein frivillig komité, styrt av eit styremedlem. Som regel er det dei sosiale arrangementa som hyttetur og bli-kjent-festar ein treng komitéar til. Som ideal-organisasjon er koret avhengige av frivillige som tek på seg verv i koret. Med å innføre tiltak som erfaringsøverføring, gjer ein at verva kan verte utførte effektivt, og ein får dermed tid til å gjere meir med vervet sitt om ein ynskjer det. Desse initiativtakarane er viktige for drifta og utviklinga til koret. Sjølv om eit fåtal av KiAV sine medlemmar har hatt eit verv, hadde alle av informantane mine hatt eit eller fleire verv.

Eit anna døme på denne gradvise utviklinga er innføringa av opptaket. Koret har i lang tid hatt intervju for personar som ynskjer å starte, men frå 2016 innførte dei også eit musikalsk opptak. I utgangspunktet var dette eit tiltak som skulle hindre at ikkje eigna kandidatar vart teken opp, for å leggje eit minstekrav på søkarane. Eit opptak føre likevel til at ein automatisk vurderer søkarar opp mot annan. Eit anna døme på ei gradvis utvikling er dei nye statuttane som vart laga i 2018. Etter ein gjennomgang av dei gamle statuttane og vedtektene ville styret fornye dei, slik at dei sto fram som haldbare i lang tid. Mykje inspirasjon vart henta frå vedtektene til TSS, sidan eg hadde kjennskap og erfaring frå desse.

### 4.1.1 Økonomi

Økonomien til eit studentkor kan vere vanskeleg. Det finst ulike støtteordningar som til dømes korforbundet, Ung i Kor, studentsamskipnaden og liknande der koret kan få økonomiske midlar. I tillegg er det vanleg å ha ei medlemskontingent, samt eventuelle konsertinntekter. Det er ikkje eit ynskje om å ha ei høg medlemsavgift. Studentar har mange aktivitetar å velje frå, og ei tilsynelatande dyr medlemsavgift kan vere vanskeleg å forsvare. Utan større konsertinntekter har dei fleste studentkor ikkje råd til å tilsetje ein dirigent etter tariffløn. Ikkje alle har mogelegheit, eller ynskje om å auke aktiviteten for å tene meir på konsertar. Dette opnar opp mogelegheita for musikkstudentar, eller andre koristar å prøve seg som dirigent, og koret mitt er ikkje annleis. Som me såg i kapittelet om kortreff er det viktig for mange koristar å vise seg fram til andre i miljøet. Som for mange andre kor, er konserten fyrst og fremst ein konsert å vise til vener og kjente, og

som ideal-organisasjon er det økonomiske målet til KiAV å gå i null, og å syte for at økonomiske overskot går ut att til koret.

### 4.1.2 Alder i koret

Sidan KiAV ikkje er knytt opp til ei bestemt linjeforeining, utvidar ein søkjarmassen. Dette gjer blant anna at mange unge vaksne i arbeid som ynskjer å syngje i eit kor, søkjer seg til koret. Dette vert særleg gjeldande for menna i koret. Der er snittalderen høgare enn hos jentene, sjølv om dei også rekrutterer koristar med ulik alder. Korleis påverkar det kor og korist at aldersspennet vert så stort?

Alder var eit naturleg tema å ta opp i intervjua, særleg blant dei litt eldre som også var i arbeid. Lukas som hadde vore linjekorist i lang tid fortalde meg at aldersspennet var ein viktig årsak til at han skifta kor.

> Snittalderen er lav i [koret]. Så når eg var kome i ein moden alder av 28 år, og alle medkoristane mine var 19-20, så var det ikkje like artig lengre.

Kjensla av å vere gammal, erfaren eller moden spelte inn på trivselsnivået til Lukas. Han følte han var på ein annan plass i livet, og at han og medkoristane ikkje delte dei same referansane. Sidan han var ferdig å studere var han ikkje ein del av studiemiljøet som dei andre var i, og han hadde ikkje ein arena til å verte kjent med koristane utanom korøvinga. Det var difor behageleg å komme inn i KiAV som hadde hakket høgare gjennomsnittsalder.

Filip såg på alder som ein potensiell interessekonflikt i koret. Om ein tok inn stadig eldre medlemmar som ikkje slutta, ville ein ende opp med ei forgubbing som gjer det vanskelegare å få inn nye medlemmar. Dette er noko ein kjenner igjen i fleire kor. Om ein kikkar på dei akademiske kora i Bergen, Tromsø, og Oslo, har dei alle monaleg høgare snittalder enn i Trondheim. Denne transformasjonen av koret bekymra Filip.

> Det har jo vore nokon ting som har blitt tatt opp på generalforsamling og sånne ting. For eksempel det med alder då, på kven som skal takast opp i koret. Då eg var i styret sjølv og føreslo å setje ein maksimumsalder, då, fordi ein ikkje ynskte at det skulle skli ut, at ein skulle bli sånn, kva heiter det?
>
> [Forgubbing liksom?]
>
> Forgubbing ja, at ein skal liksom forsatt vere ung og vital då. Og det har jo også med at me får støtte for unge medlemmar, og fordi nokon som startar når dei e 20 år kan vere, forhåpentlegvis, lengre [i koret] enn ein som startar når han er 30 og dannar familie når han er 34, liksom… Ein får fleire kontinuitetsbærarar i koret i tillegg.

Filip peikar på at ein høgare snittalder i koret kan påverke både økonomien og profilen til koret sidan ein framleis vil vere «ung og vital». Ei føresetnad Filip har, er at yngre medlem forhåpentlegvis kan byggje koret i større grad enn ein eldre korist. Å danne familie vert oppfatta som noko som går ut over det av å engasjere seg i koret. Det er viktig å påpeika at det ikkje er gitt at ein korist som startar å syngje når ho er ung syng lengre i koret enn ei som startar når ho er eldre. Sameleis er det eit akseptert syn blant mange av koristane eg intervjua at det er mindre attraktivt å syngje i studentkor når ein stiftar familie. Det stemmer at dei færraste koristane eg har møtt på har hatt barn, men det utelukka ikkje eit vidare medlemskap i koret. Dette synet passar overeins med ei normativ forventing om at livet går inn i ein ny fase når ein stiftar familie, og at ein ikkje kan engasjere seg i studentaktivitetar i like stor grad då. På den eine sida kan ein argumentere for at det er

naturleg. Familien kjem fyrst, og dette går då ut over koret. På den andre sida kan ein like så godt argumentere med at ei etablert småbarnsmor med jobb i byen kan ha resursane som skal til for regelmessig å kunne engasjere seg i koret i eit lengre tidsperspektiv enn ein student.

### 4.1.3 Alkohol i KiAV

Me har allereie vore inne på korleis alkohol vert brukt i ulike samanhengar i kormiljøet. Bruken av alkohol og kva funksjon den oppfyller i KiAV er eit vesentleg element å sjå nærmare på, skal ein prøve å seie kva å delta i studentkor tyder. Det er i all hovudsak tre situasjonar i koraktiviteten til KiAV der alkohol spelar ei vesentleg rolle; korpils, eksterne festar, og interne festar.

Korpils er den mest regelmessige alkoholrelaterte aktiviteten koret har. Etter kvar øving har koret heldt av plassar på ein utestad. Korpilsen vart tatt opp av fleire informantar som ein viktig del av korets aktivitet, men er korpils for alle? Er denne typen alkoholrelaterte aktivitetar ekskluderande for avhaldsstudentar? Er det mogeleg for avhaldsstudentar å ta del i eit studenttilvære som i stor grad er sentrert rundt alkohol? Eg er av den oppfatninga at miljøet sjølv meiner det skal vere rom for alle. Samtidig fekk eg inn ein del kommentarar til den anonyme spørjeundersøkinga mi. Ei opplevde mellom anna at det var ein dissonans mellom kva folk sa, og kva ho opplevde.

> Alle i koret er enige om at det ikke skal være drikkepress på sosiale arrangement. Likevel opplever jeg og alltid få spørsmål om hvorfor jeg ikke drikker, dersom jeg velger det på for eksempel en øvingspils. Jeg har også erfart at korister skjuler at de ikke drikker for å unngå spørsmål.

Denne tematikken var eg interessert i å undersøke nærare i intervjua mine. Eg opplevde at mange møtte spørsmåla med å svare «korrekt», på den måten at dei påpeika at dei hadde forståing for at personar med eit alkoholproblem kunne synest at det var problematisk å ta del i enkelte aspekt av miljøet. Det tok ofte litt tid før eg kom inn under huda på koristane.

Ingen av koristane eg snakka med hadde eit alkoholproblem, men ein var avhalds. Det er heller ikkje poenget med oppgåva å «leggje skyld» på alkohol, eller å påstå at miljøet er ekskluderande overfor folk med rusproblem. I intervjua gjekk det fort mot ei anna retning. Synest koristar at synet på alkohol kan vere problematisk sjølv om ein ikkje har eit alvorleg alkoholproblem i utgangspunktet?

På spørsmål om ein følte at ein måtte rettferdiggjere at ein drakk, kunne Lea fortelje meg at sjølv om ho ikkje hadde problem med å forsvare kvifor ho hadde ein «kvit dag», hadde ho stilt seg spørsmål om kvifor ho var nøydd til å forsvare at ho ikkje drakk den dagen. Maja hadde også reflektert rundt dette:

> Det er sånn ikkje ubehageleg, men unødvendig. Det er sånn, kvifor skal du bry deg? Kvifor skal det ha noko som helst å seie kva eg drikk? For då gjer ein alkohol til ei greie. Det er unødvendig, for me har det like hyggeleg. I alle fall på korpils.

Å ikkje gjere alkohol til ei greie var noko Maja var opptatt av. Sidan enkelte sider av kormiljøet var sentrert rundt alkohol, var det ekskluderande, meinte ho. Berre med å skifte fokuset vekk frå alkohol, til dømes på kortreff, ville mykje vere gjort, føreslo ho. Samtidig skal ein ikkje svartmale alkohol som ein syndar.

> Eg synest det er veldig artig å drikke på kortreff. Det er med som sosialt limemiddel. Og så er me opptatt av at det ikkje heile tida skal ligge der… Det skal ikkje vere eit premiss for samvær. Det kan vere ein del av det, og sikkert for dei fleste. Og festen dreier seg fort rundt at her drikk me alkohol saman, men eg håpar jo at me skal få det til at det er okei for alle å vere med om dei drikk eller ei.

For KiAV er eksterne festar i all hovudsak kortreffa. Det er som regel lagt opp til at kvart enkelt kor kan arrangere eigne vorspiel på kortreffet på laurdagen før hovudfesten. Dei siste åra har KiAV samla ein stor gjeng til ein liten fest. Dette er ein viktig del av kortreffet: Her kan koret vere samla utan andre kor. Datamateriale mitt går ikkje spesifikt inn på dette, men det er rimeleg å anta at alkoholen spelar den same rolla her som i andre liknande situasjonar.

Interne festar er festar som koret arrangerer i løpet av eit semester. Som regel har KiAV både bli-kjent-fest, hyttetur, halloweenfest og 17.mai-fest, og etterfest som dei viktigaste samlepunkta utanom øving og korpils. På spørsmål om kva rolle alkohol spelte på dei sosiale aktivitetane til koret kunne Filip fortelje at alkohol hadde ein naturleg plass der, og at alkohol spelte ei stor rolle i kva offisielle arrangement kora hadde, sidan den var til stades på omtrent alle offentlege arrangement utanom øvinga.

Mykje av datamateriale mitt peikar på at det er ei akseptert haldning at alkohol har ein naturleg plass i studentkormiljøet. Mange peikar på at det ikkje er ulikt andre deler at studenttilvære og liknande. Jakob, som hadde vore med både i idrettsmiljøet og i kormiljøet i lengre tid, meinte at kormiljøet hadde ein meir aktiv festkultur enn andre studentmiljø. Det er ikkje til å stikke under ein stol at studentar drikk mykje, dette kjem mellom anna fram i SHoT – studentanes helse- og trivselsundersøking frå 2018.[22] I undersøkinga deira peikar dei på at 14% av studentane drikk 2-3 gongar i veka. Jakob meinte at både øvingspils og festane gjorde at kormiljøet konsumerte alkohol oftare enn i andre studentmiljø.

> Eg trur… det er studentfrivilligheit som er ganske mykje rolegare med tanke på alkoholkonsum og festing. Du har idrett, friluftsliv. Alle linjeforeiningar har jo sånne prosjekt... Alle organisasjonar har ein hyttetur som er ein fest. Men i det vanlege, frå veke til veke trur eg det er lite av det. Det blir liksom den eine eller andre gongen i året

Jakob peika også på at kormiljøet i hans auge ikkje var meir alkoholisert enn Samfundet. Dette er også noko som dukka opp blant fleire informantar som hadde tilknyting til Samfundet. Dette er interessant sidan ein kan knyte mykje av kortradisjonen til TSS, som er ein del av Samfundet, til resten av kormiljøet.

Sofie Bratseth skriv mellom anna om alkoholkonsum på Samfundet i masteren sin (Bratseth, 2017). Ho skildrar drikkekulturen på Samfundet, og at manglande deltaking på festane kan føre til manglande tilhøyrsle og utanforskap (s. 48). Ho fortel også om nokon av dei same rituala mange av informantane mine fortalde om. Eit av rituala var å sende ei spritflaske i sirkel til den vart tom. Bratseth skriv at slike tradisjonar kan: «styrke det interne samholdet i gjengen, men kan også bidra til eksklusjon av personar som føler seg utsatt for drikkepress» (s. 47). Slike historier dukka også opp i datamateriale mitt, og vert diskutert i kapittel 5.[23]

Koristane i KiAV har heilt tydeleg arva ein del av TSS sin kortradisjon. Likevel har historier frå koristar vist at bruken av alkohol i koret er noko som koristane reflekterer rundt. Filip

[22] https://studenthelse.no/tema/rusmidler henta 14.04.20
[23] Sjå 5.4

hadde gjort seg opp nokon tankar om dette då koret hadde hatt «fisk» tidlegare. «Fisk» er eit ritual der ein deler ei flaske med ein lakrislikør. Leiaren av ritualet les opp det som står på etiketten på flaska, og «øydelegg» korken. Sidan korken er øydelagd må flaska drikkast opp. Dette vert gjort til ein spesifikk song.[24] Den gongen førte ritualet til at ein medlem hadde gått heim i protest.

> Om koret initierer ein slik type aktivitet så kan det vere.. Ja skadeleg om nokon føler at det er ubehageleg. Og særleg sidan ein tenkjer at det er heile koret, så føler ein at ein må vere med. Og som, eg har vore med i styret sjølv og det er jo ein del aktivitetar som ein berre fortsett med fordi det har ein alltid drevet med, og alle dei aktivitetane innheld alkohol, og om ein då skal.. eit alternativ er å organisere, at styret organisere aktivitetar i tillegg som ikkje innvolvere alkohol, men då blir det jo ein enda større arbeidsmengde på eit styre som kanskje har andre ting å gjere då, og som gjer det frivillig. Eller då om ein kanskje skal kutte på ein av dei andre arrangement med alkohol, sidan i styrets regi arrangere noko for heile koret som er alkoholfritt då.

Kor mykje ansvar styret skulle ta med tanke på organisering, var noko Filip hadde reflektert mykje rundt. På den eine sida kunne eit styre gå hardare inn i dei sosiale aktivitetane, og til dømes tilby alkoholfrie alternativ, ikkje arrangere ritualet, eller å arrangere eit alternativ. På den andre sida så kan dette virke mot sin hensikt, sidan ein lagar eit skilje mellom dei som drikk og dei som ikkje drikk, noko som ikkje er heldig for koret. Ein kan seie at styret kan oppleve ei spenning mellom ynskje om å inkludere alle på den eine sida, og å oppretthalde tradisjonar knytt til alkohol på den andre sida.

### 4.1.4 Fellesskap og subfellesskap

Då koristane i KiAV fortalte om korleis det var å begynne i koret, var det særleg eit tema som kom igjen. Det å verte trygg i ei gruppe er ikkje berre ein viktig føresetnad for å skape eit godt fellesskap, men også viktig musikalsk. Dei beste koropplevingane eg har hatt har vore når det sosiale miljøet har vore godt. Når koristane er trygge på kvarandre har dei meir overskot til å prestere musikalsk. Nora kunne hugse tida i eit linjeforeiningskor der fellesskapet ikkje fungerte så godt:

> Det hadde gått litt ned i trivsel. Det var ein der som hadde sunget i [koret] før det dabba av, og etter, og var ein av ildsjelene til at det vart starta opp att. Og mykje av grunnen til at det dabba av var mykje på grunn av at miljøet innad i koret var relativt dårlig. Det var ein dirigent, eller ikkje ein dirigent eingong, men ein som bestemte seg for å dirigere som på ein måte gjorde at stemninga blei såpass dårleg at koret blei lagt ned ei lita stund.

Nora peiker på at det er mange faktorar som er med å avgjere fellesskapet i koret, det er ikkje berre det sosiale som spelar ei viktig rolle, men også det musikalske. I tilfelle til Nora var det dårleg leiing frå dirigenten si side. Dette førte til at koret ikkje fekk utfolda og utfordra seg musikalsk.

Å få utfolde seg musikalsk er ein viktig føresetnad for å trivast i koret ein er med i, og som ein såg i figur nummer 8[25], føler dei fleste at dei i stor grad får utfolda og utfordra seg musikalsk i koret dei er med i. Det er kanskje ikkje så overraskande at folk som ikkje føler dei passar inn i koret eller ikkje får noko ut av det heller vel å slutte.

Då Nora begynte i KiAV kunne ho fortelje at stemmegruppa var ein viktig grunn til at ho treivst så godt. Ho hadde også bite seg merke i at kullet hennas i KiAV framleis var sterkt

---

[24] Sjå 5.4.2

[25] Sjå 3.8.

representert i sopranrekkjene, medan det i altrekkjene ikkje var så mange igjen. Ho kunne fortelje om subfellesskapet som hadde danna seg blant andresopranane:

> Sjølv om det er litt irriterande for dirigenten, så har iallfall sopranrekka det veldig gøy under øving.. det «jazzast», det spøkast, me lagar «memes»[26][…] andresoprane har ei eiga facebookgruppe. Der […] me inviterer kvarandre på ting. Veldig hyggelig. Det er også veldig mange i sopranrekka som vil på ting utanom koret. Då er det særleg konsertar me går på. [Det er] veldig lavterskel for at ein blir invitert på ting… og det er ein sånn ting som hjelper veldig mykje. Man får eit vennskap med felleskoristar, at ein ikkje berre møtast, syngjer også møtast ein om ei veke.

Andresopranane har sytt for å pleie fellesskapet utanfor øvinga. Dette har i følgje Nora styrka banda dei i mellom, noko som gjer at dei har det artigare når dei treff kvarandre på øving. Desse subfellesskapa kan finnast i alle grupper. I koret er det ikkje berre stemmegruppene som kan leggje grunnlag for eit subfellesskap, men også andre sosiale konstellasjonar som komitéar, styre, folk som deltek på oppdrag, folk som samlast til brettspel på hyttetur og liknande. Desse sosiale samlingspunkta bidrar til å gjere koristane trygge på kvarandre.

Filip meinte at koret hadde hjelpt han å verte tryggare i sosiale situasjonar. Han opplever at dei trygge rammene gjer at han får utfolda seg sosialt og musikalsk i eit trygt miljø. Dette er med å peike på kor sterkt eit kor kan vere.

> Koret har på ein måte hjelpt meg å bli meir trygg på meg sjølv då og kanskje dyktigare sosialt og tørre å sleppe meg litt meir laus i andre sammenhengar, og kanskje spesielt det at eg har sete i styret har hjelpt meg då. Og eg har jo høyrt i frå fleire i koret som liksom har kjent meg i frå eg starta då at eg var mykje meir forsiktig og kanskje innadvent, enn det eg kanskje opptrer og framstår som no då. Og det trur eg i stor grad kan krediterast kor i all verden då. At på ein måte det har hjelpt min, sei personlege vekst då.

For Filip var koret ein stad der han kunne vekse og verte tryggare på seg sjølv, både sosialt og musikalsk. Dette er eit godt bilete på kor sterkt fellesskapet i koret kan vere, og viser at det kan ha ein positiv funksjon i personleg utvikling om forholda er lagt til rette for det.

### 4.1.5 Koret eksternt

Fleire av informantane mine i koret meinte at KiAV var synlege i resten av miljøet. Dette er eit syn eg kan stå bak. Me er eit stort kor som i dei seinare åra har hatt ein stor prosent av medlemmane til koret påmeldte på kortreffa, og har vore det største deltakarkoret på Korstock. Sjølv om TSS og TKS er større kor, har dei ofte lågare prosentoppslutning på dei lokale kortreffa enn andre kor. Dette kan handle om at dei har andre alternativ. KiAV plar ikkje reise på turne, og er aldri utanbys som kor. Kortreffet vert dermed ein viktig arena og eit viktig sosialt arrangement for koristane.

Eit av dei mange spørsmåla eg stilte meg før eg tok fatt i dette prosjektet var om det fanst mange kor for unge vokse i Trondheim. Det finst jo eit kor i kvar ein krok, og tilbodet er der nok, men mine tankar vart stadfesta og delt av mange eg snakka med. Filip meinte KiAV fylte eit tomrom for unge vaksne.

> Det er jo eit ganske interessant kor då. For det fyller eit tomrom i Trondheim då. Vil eg seie. Der ein har studentkor på Gløshaugen, og eit par på Dragvoll som har klart å halde seg stabile, og nokon kristenkor… Men utanom det så er det ikkje så mange kor for unge vaksne i 20-30 års alderen. Så eg merkar at kor i all verden på ein måte fyller eit gap, då. Og det har jo. Ja me har jo berre økt og økt i søkarar til koret då.

[26] «jazzing» i dette tilfelle tydar å prate laust og uhøgtideleg saman. «Memes» er i dette tilfelle ein ide, manifestert i eit digitalt bilete og tekst.

> I alle fall damesøkarar til koret har berre auka sidan eg starta i 2014. så eg har jo vore med ei stund og då, ja. 5 år. Og eg har berre merka at det er vorte meir populært då.

Emil hadde gjort seg opp dei same tankane, og då særleg om andel kvinnelege søkarar til koret. Etter sjølv å ha organisert ei rekkje opptak, har det vist seg å vere monaleg fleire kvinnelege søkarar enn mannlege søkarar.

> Det fyller absolutt eit tomrom. Og det merkar me tidvis. Når me har opptak så merkar ein at det absolutt burde vore eit kor til, med hakket lavare ambisjonsnivå. Men det hadde kanskje ikkje vore nok tenorar og bassar. Men kanskje eit kvinnekor.

På den eine sida finst det nok kor som verken Emil, Filip eller eg veit om. Kanskje dei søker etter koristar på andre forum enn dei me held oss i, eller kanskje dei har ein profil som ikkje passar oss, men så vidt eg veit, fyller KiAV eit tomrom i studentkormiljøet. Det er det største koret representert på kortreffa som ikkje ekskluderar ikkje-studerande unge vaksne, og som ser seg sjølv som eit «lavterskeltilbod». I denne samanhengen er lavterskel samanlikna med TSS og TKS som har høge krav, og mange søkarar. Til trass for dette, kan ikkje KiAV ta i mot alle som søker, då det er mange fleire som søker enn som sluttar. Lukas meinte at KiAV ikkje lengre var eit lavterskeltilbod på same måte som linjeforeiningskor, ettersom dei i seinare tid hadde innført opptaksprøve.

> Ein av dei tinga eg likar så godt med Trondheim, er at det finst masse lavterskelkortilbud der ute. Kor i all verden er på ein måte ikkje lavterskelkor. Fordi me har opptak. Med.. ein må komme seg forbi deg. Hehe, men eg hadde ikkje. Altså om eg hadde søkt kor i all verden i fjor, eller når eg begynte i trondheim så hadde eg ikkje hatt nubbesjangse. For då kunne eg ikkje syngje. No synest eg at eg kan syngje ganske greitt. Men eg fekk liksom muligheten min til å gå i linjeforeiningskor i skulegongen min.

Det kan virke som Lukas satt KiAV høgare på rangstigen enn linjeforeiningskora, og at det var i linjeforeiningskora han «lærte» å syngje, før han våga å prøve seg i KiAV. Nora på si side hadde ei litt anna oppfatning av kormiljøet. Ho meinte det var mange kor ho kunne sunge i, men som ho ikkje viste om då ho søkte.

> Men det er jo i ettertid har eg sett at det er frykteleg mange kor, eg har berre vore dårleg å leite.
>
> [Kva kor då?]
>
> Altså Åshild har jo eit ekstrakor utan om som eg var på ekstrakonsert på, på bedehuset.. det finst fleire små lokale trønderkor.. som er meir voksenkor då.. og det er også der eg føler KIAV har ei viktig rolle i Trondheim for det er ikkje eit voksenkor heller. Typ. For det er ikkje berre etablerte mødre som møtes ein gong i veka også drikk me rødvin, men at her er med studentar og unge vaksne

På den eine sida seier Nora at tilbodet er stort, og at det finst mange kor ein kan syngje i, på den andre sida skil ho KiAV frå andre «voksenkor». Å syngje i eit studentkor er ikkje det same som å syngje i eit voksenkor, der det er «etablerte mødre som drikk rødvin». Dette gjer oss eit bilete på kva forventningar ein har til eit skilje mellom eit studentkor og eit voksentkor.

For Sofie, som hadde brei korerfaring, var linjekoret mest for det sosiale, medan ho følte ho fekk meir ut av det musikalske ved å vere med i eit anna kor.

> Eg [song i eit kor] på den eine sida, som var kjempebra musikalsk, men kjedelig sosialt, mens eg [song i eit studentkor] på andre sida. Ikkje så musikalsk, men kjempegøy

Skilje mellom det «musikalske og sosiale» har vore ei godtatt oppfatning blant fleire av koristane eg har vore i snakk med. Dei fleste er einige om at begge deler er viktige, og til ein viss grad heng saman. Mange har likevel ei førehandstru om at «gode» kor, som domkoret eller andre prestisjekor, ikkje har eit godt sosialt miljø, sidan fokuset er på den musikalske prestasjonen, og at det difor går utover det sosiale miljøet. Som ein kan sjå i utsegna over, er synet på studentkor variert. For nokon er det eit lavterskeltilbod der ein kan utvikle seg musikalsk, medan det for andre er eit kor der det sosiale er det viktigaste. Det er ei oppfatning blant informantane frå KiAV om at koret fyller eit tomrom. På den eine sida er det eit studentkor, som aktivt tar del i studentkormiljøet, medan det på andre sida ikkje er knyt til ei spesifikk linjeforeining.

### 4.1.6 Posisjon i miljøet

> Det er på ein måte 3 sjikt. For det eine så er det kor som syng fleirstemnt om dei vil eller ikkje, som berre vil syngje. Så har du dei som vil prøve å syngje ordentlig men som ikkje legg så mykje innsats i øvinga. Også har du dei som verkeleg har lyst å gjere det skikkeleg bra. Eg føler me er i den midtarste. Sjølv om me kanskje er i øvre sjiktet.

At koristar plasserer seg sjølv og koret sitt i eit rangsystem, og plasserer kor over og under basert på ulike kriteria er ikkje så rart. Det er ei tilsynelatande semje om kva for eit kor som har høg status, og kven som har lågare status. Kortreffa presentert i førre kapittel er ikkje berre ein arena til å møtast, men også ein arena til å samanlikne seg sjølv med kvarandre. Koristane eg intervjua i KiAV var bevisste på dette. Filip meinte at mange rekna KiAV for å vere ein av dei betre blandakora i kormiljøet. Kan dette vere ein faktor som påverkar stoltheita koristane har til koret? Mange informantar identifiserer seg sterkt med koret, og var stolte om dei gjorde det bra.

> Når eg har vore på konsert eller på kor eller sånne ting då og kikka ut over koret mitt då liksom, så føler ein stoltheit, og det blir jo som ein familie på eit vis då.

Filip var den einaste som brukte familie som eit bilete på koret, men dei fleste brukte framleis «me» då dei snakka om koret. På den måten vert dei representantar for koret. «Me snakka om det», «me tenkte» er typiske formuleringar der eit kormedlem representerer koret igjennom si eiga ytring. Denne bruken av fyrste-person fleirtal tar Eiksund (2019) opp. Han knyter datamaterialet sitt opp mot omgrepa «primær- og sekundærgruppe». Mange av informantane hans uttrykte var ei sterk «vi-kjensle» (s. 212), noko som eg kjenner igjen i datamaterialet mitt. «Vi-kjensla» var likevel ikkje så sterkt til stades.

### 4.1.7 KiAV som sekundærgruppe?

Koristar kan sjå på koret både som ei primærgruppe og ei sekundærgruppe. Av dei eg intervjua i KiAV, fann eg ikkje teikn på at dei såg på koret som ei primærgruppe på same måte som Eiksund (2019). Det tyder likevel ikkje at KiAV som primærgruppe ikkje eksisterer. Derimot kan KiAV beskrivast som ei interessegruppe og eit sekundærgruppe for koristane i denne undersøkinga. Uttrykket er henta frå sosiologien der sekundærgruppe står i motsetnad til ei primærgruppe. Ei primærgruppe kjenneteiknast av at dei gjer individet ei sterk kjensle av eit «me» og er primære i den forstand at det er ei komplett sosial eining (Tjora, s. 31). Desse primærgruppene kan vere familie, ein vennegjeng, eit tett nabolag, eller eit kor. Eiksund (2019) brukar omgrepet «korfamile» på fleire måtar.

Både som biologisk slekt, å ha familiemedlem i kor, at familien må sidestillast med koret for å kunne prioritere koret, men også om intervjupersonar som omtalar kvarandre som ein familie, songarbrør og liknande. Han fortel også at «forholda som utvikla seg i kor på mange måtar kunne minne om familieforhold, på godt og vondt» (s. 213). For nokon koristar kan koret vere ein fast sosiale arena trass i at andre sosiale forhold forandrar seg. Koret kan vere der sjølv om du er i eit samlivsbrot eller har skifta jobb (s. 211). Ein kan utvikle relasjonar som bind seg over lange strekk. Dette kom fram då Sofie snakka om at dei «gamle» damene i koret hennar var vanskelege å kome inn på sidan dei hadde kjent kvarandre så mange år. Dette perspektivet er annleis i studentkora eg har undersøkt. Sjølv om mange kan syngje i kor over fleire år, og etablere gode relasjonar på bakgrunn av dette, er gjennomsnittsfartstida i studentkora kort, av naturlege årsaker. I eit linjeforeiningskor skal ein etter normert tid vere ferdig utdanna etter 5 år. Nokon syng sjølvsagt ikkje så lenge, og andre syng lengre, eller held fram etter utdanninga er ferdig. Storparten sluttar likevel etter studietida er over.

Det er kanskje meir nærliggjande å bruke sekundærgruppe til å skildre fellesskapet i eit studentkor. Koret vert for mange eit interessefellesskap: Dei er samla rundt interessa av å syngje. Til trass i dette hevdar mange at det sosiale er ein minst like viktig del av koraktiviteten. Mange av dei sosiale aktivitetane som vert tatt opp som viktige for koristane er likevel knytt opp til musikalske aktivitetar. Primæraktiviteten til koret er å syngje saman. Det er difor ikkje ei overrasking at sosiale aktivitetar som bli-kjent-fest, hyttetur, og korpils ikkje berre er ein sosial aktivitet for koret, men og ein musikalsk aktivitet der å syngje saman er eit viktig sosialt element.

Kva tilrøyrsle kvar enkelt korist har til koret er ikkje statisk. Det kan variere over tid, på same måte som andre sosiale forhold. I KiAV har koristane eg har snakka med hatt mest preg av å ha ei sekunærgruppekjensle til koret. Likevel er det element frå ei primærgruppe i måten Nora skildrar andresoprangruppa i koret. Sjølv om koret var hovudplattforma dei treftes på, fann dei også på ting utanom koraktiviteten. Desse aktivitetane kunne krinse rundt andre felles interesser, som til dømes å gå på konsertar saman. Ein annan viktig møteplass for koret var korpils etter øving.

### 4.1.8 Korpils

> Om me ikkje hadde hatt korpils så hadde me møttes og sunget saman i 2 timar og gått til kvar for oss. Så me hadde ikkje blitt kjente med kvarandre. Så det er liksom på korpilsen ein kan snakke med folk og bli kjent med folk og snakke om kva som helst.

Korpilsen vart omtalt av mange koristar som den viktigaste arenaen dei hadde etter øving. Det er på korpils ein har mogelegheit til å verte kjente med folk, men korpils er ikkje berre ein viktig sosial arena for koret, men det er også ein viktig musikalsk arena. Den er kanskje viktigare musikalsk for koret enn eg er klar over: Eg opplever stadig vekk at koret ynskjer å syngje på korpils. Eg som har vore på jobb som dirigent vil heller nytte tida mi til å snakke og verte kjent med koristane. Til tider har eg opplevd dette som ein vanskeleg situasjon. Som dirigent har eg øvste ansvar for den musikalske kvaliteten. Dei kritiske spørsmåla kjem til meg med det same: Kan dei miljøsongen godt nok, kjem folk rundt til å bry seg, er me til bry? Dette er tilsynelatande ikkje eit problem for koristane. Korpilsen er tross alt den einaste arenaen dei har til å syngje saman utan å tenkte på repertoar, eller ha meg hengande over seg, stoppe dei, og korrigere dei for å syte for betre klang, tempo og intonasjon. Korpilsen er også den viktigaste arenaen koret har til å verte betre kjent

med koristane. Pausen på øvinga er rett og slett ikkje lang nok til å verte ordentleg kjent. Dette var eit tema som dukka opp i intervju med koristane.

> Eg kan jo bli frustrert når pausen er ferdig. Orh. Kan me ikkje få litt lengre pauseprat. For det er veldig gøy å bli kjent med folk. Og me blir ikkje kjente på øving. Me må ha korpils og alt det andre utanom. Det har skjedd ei utvikling då. Før var det kanskje litt lengre pause og litt meir slabberas.
>
> [Føler du at du vert kjent med kormedlem i pausen?]
>
> Ikkje eigentleg bli kjent. Men at eg rett å slå av ein prat og heller bli sånn: «Du er interessant, deg vil eg bli kjent med», men at eg er meir avhengig av at begge skal på korpils for at eg skal bli betre kjent.

Maja såg på korpilsen som ein nødvendigheit for å verte kjent med folk. Ein måtte ha noko anna enn berre øvingane om ein skulle verte godt kjent. Korpilsen er noko som styret organiserer. Dei syt for at det til dømes vert reservert bord på ein utestad etter øving. Maja, som hadde lang fartstid i koret kunne fortelje at det tidlegare var lavt oppmøte på korpilsen. For å gjere noko med dette innførte dei eit lotteri på kvar korpils, der vinnaren kunne vinne ei eining frå baren på koret si rekning. Dette initiativet førte til auka oppslutting på korpilsen.

For Nora var korpilsen den viktigaste sosiale arenaen til å verte kjent med folk.

> Det er korets hovudsosiale arena, utanfor korøving. Med tanke på antall timar brukt samen utenom øving er korpils den viktigaste.

Det var likevel fleire kritiske perspektiv som vart lyfta fram då me snakka om korpils. Særleg i samband med alkohol, og kor vidt korpils verkeleg var eit opent inkluderande sosialt tiltak for alle. Var miljøet inkluderande der, eller var det prega av grupper? Og kva med koristar som ikkje drakk alkohol? Maja som såg på korpils som ein viktig sosial arena for koret, meinte at konseptet hadde mange bra sider ved seg, og at det er kva koret vel å gjere ut av det som kan problematiserast.

> Eg opplever det som at det er kort og greitt bli med å ver saman med andre i koret. Eg føler ikkje det er noko spesifikke rammer rundt det som gjer at det passar slik eller sånn. Så altså. Det kjem veldig an på korleis folk oppfattar det. For min forståing av korpils er jo at den er open. Men eg veit at nokon synest det er for seint, og andre som ikkje prioriterer det av ulike grunnar. Eg kan og sjå for meg at det blir.. at det lett kan bli dei same som sit saman. Så då er spørsmålet om andre føler dei ikkje får heilt innpass opplever det slik. Men på ein måte. Formatet opplever eg som opent. Så er det meir kva me gjer med det som kan problematiserast.

Filip brukte korpils som døme på eit dilemma han kjente på når det kom til å inkludere koristar.

> [Legg du merke til grupperingar i koret for eksempel?]
>
> Ja…Det eg legg mest merke til er kanskje dei som ikkje heilt klarar å komme seg inn då.. så er det er spørsmålet då. Sei at du er på korpils, då. Og kanskje du treff berre desse folka éin gong i veka. Skal du då bruke av den tida for å sitte å snakke med nokon som du ikkje har så mykje til felles med då? Eller som sit åleine av ein eller anna grunn, som du ikkje synest det er så interessant eller spennande å snakke med. Skal du då bruke av din tid som eit sosialt støtterom, då? Det er veldig kynisk å tenke sånn, men ein tenkjer jo på ein måte [det].

Dette var eit tema som Filip brukte ein del tid på å snakke om. På den eine sida ville han syte for at alle i koret var inkludert og treivst, medan han på den andre sida ikkje ville bruke den avgrensa tida han hadde på korpils på folk han ikkje følte han hadde god kjemi med. Dette er eit dilemma som er lett å kjenne seg igjen i. I koret, som alle andre stadar vert ein møtt av ei spenning mellom å «gjere det rette» på den eine sida, og å «bry seg

om seg sjølv» på den andre sida. Kormiljøet og koret sel seg sjølv som eit inkluderande og sosialt kor, likevel hamna Filip i ein posisjon der han måtte velje mellom å inkludere og ekskludere. Sjølv om alle er «samde» om kva som er det rette å gjere, poengterte Filip at ein sjølv måtte gjere ein innsats for å verte kjent med folk. Dei fleste kan nok kjenne seg igjen i Filip sitt utsegn. Me ynskjer å sjå for oss at dei ulike sosiale settingane me deltar i, er inkluderande og for alle, trass i at me veit at nokon har det vanskelegare for å verte inkludert enn andre. Både undersøkinga og intervjua viser at koristane er medvitne på inkludering og ekskludering i kormiljøet, og ynskje om å inkludere var stort. Likevel viser historia til Filip oss at det ikkje alltid var realiteten.

Ei anna side ved inkludering og ekskludering er å finne i opptaka til studentkora. Kven som vert tatt opp i koret, og dermed kven som får delta i miljøet, er det styret som bestemmer. Dermed får styret mogelegheita til å hindre personar i å få ta del i miljøet. Korleis påverkar det koristar som Filip å ha denne makta og dette ansvaret med å velje ut kven som får ta del i koret?

### 4.1.9 Opptak

Filip hadde sjølv vore med på opptak til koret, og syntest det var ein vanskeleg situasjon å måtte vere med å bestemme kven som kom inn.

> [N]år du sitt der med fire flinke songarar som alle er flinke til å syngje, så skal ein velje ut i frå kva inntrykk ein får på eit 25 min lang intervju, som kan vere ein skremmande setting for mange då, så er det jo ja. Det er litt vanskeleg då. Sånn sett. Å skulle velje, eller velje bort.

Det kan vere ein vanskeleg situasjon for styret å måtte velje på bakgrunn av eit 10 min langt intervju og mine tilbakemeldingar om kor «god» koristen er, og det er lett for å velje dei som skil seg mest ut i ein positiv forstand. Det er ofte folk som er utadvendte og som viser på intervju at dei er villige til å engasjere seg i koret. Lea som også hadde vore i ein opptakssituasjon forklarte at dei på eit styremøte hadde diskutert at dei berre tok inn «normale».

> Me tar jo nokon val. Dei som er mest utadvendte, dei som har mest lyst… eller dei som uttrykker det mest då. det er jo forskjellege måtar å uttrykke lyst på…og det blir som me diskuterte i haust.. som Ragna påpeike.. alle me tar opp blir veldig normale… det er ingen særingar på ein måte…kan ein seie det? Hehe
>
> [Jada. Er du enig i det?]
>
> Det stemmer for så vidt… Men me kan heller ikkje ta med nokon fordi at dei er spesielle heller.

Denne oppfatinga delte derimot ikkje Filip, som følte at KiAV var ein plass for alle, sjølv om dei var litt «rare».

> [KiAV] har hjulpet min, sei personlege vekst då. At eg fant eit miljø som eg trivdes i og som eg kunne utfolde meg i og der det ikkje minst er akseptert å vere litt rar då.

Å vere «rar» eller «sær», eller ikkje passe inn i normative sosiale rammer vert oppfatta ulikt av koristane i koret. Likevel var mange eg intervjua samde om at opptaket ikkje var likt for damer og menn. Sidan det er færre menn som kjem på opptak, er også terskelen for å ta dei inn lågare. Ein har fleire å velje imellom når det kjem til damene. Både i interjuv med Lea, Filip og Nora dukka dette temaet opp når me snakka om opptaket. Korleis påverkar dette miljøet i koret? Det er viktig å påpeike at kva som er «normalt» ikkje er godt definert. I konteksten eg brukar det vert det brukt om koristar som ei relativt homogen gruppe som passar godt saman. Sjølv om det i utgangspunktet kan verke som

opptaket ekskluderar koristar som vert oppfatta av styret som litt meir «sære», dukka det også opp tilfeller der det motsette var tilfelle: Dei som vart oppfatta som normale, grå og kjedelege, vart prioritert vekk framfor meir fargerike og sprudlande personlegdomar.

> Styret har nok mykje makt både med opptak og sånne type ting då.
>
> [dei kan påverke fellesskapet?]
>
> Ja absolutt. Så når det blir uttalt at eit styremedlem ikkje vil ta inn ein kandidat fordi ho verkar kjedeleg så blir eg sånn..
>
> [kva tenker du om det?]
>
> Då blir eg provosert. For om du er kjedelig eller grå.. kva har det å seie om du har lyst vere med på øving og er god til å syngje?

Styret har mykje makt til å påverke kven som vert tatt opp, og ein kan sjå at diskusjonane om kven som skal takast opp kan gå begge vegar. Sidan KiAV organiserer ein del aktivitetar utanom øving og konsertar, er dei ofte interesserte i å ta opp menneskjer som er engasjerte. Om eg som dirigent i tillegg kan gå god for dei, er det stor sjanse for at dei vert tatt opp. Slik eg ser det er det både fordelar og ulempar med denne typen opptak. Fordelen er at styre får medbestemmelsesrett: Det er ikkje berre dirigenten som plukkar ut dei mest kvalifiserte, men styre får vere med å bestemme basert på andre faktorar. Dermed kan dei påverke og velje dei personane ein trur passar best saman i koret. Gjennom ei slik eliminering, inkluderer dei nye koristar, og håpar at dei tar seg godt til rette i miljøet. På den andre sida ekskluderer du personar som ikkje passar med «styret» sine preferansar. Ulempa frå ein musikalsk ståstad er at ein til tider senkar den musikalske standaren til fordel for ein person som er engasjert, eller som kan gje noko tilbake til koret på andre måtar. Dette kan hindre musikalsk vekst, særleg om ein tek med at dei færraste studentkor har råd til å tilsetje ein utdanna dirigent som kan utvikle songarane effektivt i tidsperspektivet koristane er der.

Det er ikkje til å stikke under ein stol at ein del av opptaket er trynefaktor. Som Både Filip, Lea og Nora var inne på, er det ei oppfatning blant dei at ein har lettare for å verte tatt opp i koret om ein har ein utadvent personlegdom.

## 4.2 AKS

AKS vart stifta i 1980, og presenterer seg sjølv som eit «uavhengig kristent studentkor … [som] i over 30 år har vært samlingspunkt, inspirasjonskjelde og tumleplass for studentar og andre unge vaksne i Trondheim».[27] Sara var oppteken av at koret var opent for nye medlem, og kunne fortelje at det ikkje var eit fast opptak, men at ein kunne begynne kva tid som helst. Ho presenterte koret som eit kristent kor utanfor Samfundet og studentkormiljøet.

> Eg føler me er litt rare. Det er ingen som har høyrt om oss. Eller veldig få i alle fall. Og me er på ein måte utanfor studentmiljøet. Me er utanfor Samfundet. Me held oss for oss sjølv, men eg synest me er eit veldig fint kor som er veldig open for nye medlem…det er eit kor som har fokus på det sosiale og då. Det er av og til vanskeleg å få folk til å forstå kva type kor det er, for me driv jo på ein måte med.. me syng i frå notar, og me har nokon av tinga me syng som har vore litt høgt nivå i alle fall, men så er me sosiale. Kanskje me leikar i pausane eller.. ja. Det er liksom forskjellige ting då. Nokon er kanskje meir opptatt av det sosiale, medan andre er opptatt av det musikalske. Så det fall mellom to stolar.. men på ein positiv måte òg då. Også

[27] Henta frå nettsida deira http://akskoret.no/om-koret/ 14.04.20

> er me veldig tydelege på at det er eit kristent kor. Det fører jo til at me kanskje tiltrekker oss ein viss type songarar, då, eller medlem.

Som eit kristent kor meinte ho at det trakk til seg ein type folk som visste kva dei gjekk til, eller som hadde klare forventningar om kva dei gjekk til. Ho meinte at eit kristent miljø gav klare assosiasjonar til eit godt fellesskap, gjerne utan alkohol. Koret arrangerer i tillegg til øving både andakt, kvelds, og diskusjonskveldar. På den eine diskusjonskvelden kunne ho minnast at dei diskutere om dei skulle ha ordet «kristen» i namnet på koret. Der høyrte ho om eit medlem som hadde søkt seg til koret trass i at ho ikkje var kristen, fordi ho hadde forventningar om kva miljø det var i AKS.

> Me diskuterte om på ein måte…det er bra eller dårleg at me heiter «AKS, eit kristent studentkor» altså om det er dumt å ha med «kristen» Og då var det fleire eg prata med som sa dei ikkje var kristne, men som hadde lyst å starte der fordi dei då forstod kva miljø det kom til å vere. Mest sannsynleg i alle fall. At det kom til å vere ein form for inkluderande miljø som dei kjenner frå før, eller ikkje fokus på drikking.

Datamaterialet mitt seier ikkje noko om kvifor koristar søkar seg til eit kristenkor sjølv om dei ikkje er kristne, utover intervjuet med Sara, men det kan verke som at fokuset på alkohol kan vere ein medverkande faktor. Særleg om ein samanliknar Sara sine historier med historier som kom fram tidlegare om alkohol og studentkormiljøet.

I AKS hadde dei også ei sosial samling etter øving. Dei arrangerte kveldsmat etter øvinga. Sidan dei øvde i ei kyrkje vekke frå sentrum, var det også praktiske årsaker til at dei ikkje samlast på eit serveringsstad. Dei kunne dei arrangere kveldsmaten i same lokale, noko som var praktisk. Eg samanliknar kveldsmaten med korpilsen til KiAV. For koristane vert det ein stad ein kan verte kjente med kvarandre utanom den «vanlege» koraktiviteten.

Sara var oppteken av at koret var opent for nye medlem, og kunne fortelje at det ikkje var eit fast opptak, men at ein kunne begynne kva tid som helst.

### 4.2.1 Eg vågar å vere meg sjølv

Mange koristar eg har intervjua seier at dei trivst godt i koret sitt, og at dei føler seg trygge der. Sara kunne fortelje at ho følte ho kunne vere seg sjølv i koret i større grad enn til dømes på arbeidsplassen:

> [Kva trur du gjer at du trivest så godt i koret ditt?]
>
> For å vere heilt ærleg så trur eg det er fordi eg kan vere meg sjølv. På ein måte som eg ikkje kan i andre settingar då. og det handlar kanskje om kva kor gjer med deg. Du må gje av deg sjølv og du må på ein måte vere tilstede og vere der i songen om du skal kunne syngje godt og på ein måte.. ikkje vere sånn.. «bevegd» så kanskje ein er seg sjølv meir automatisk i eit kormiljø, og særleg i AKS er det veldig open for mange type folk då. og eg synest berre det er så befriande å kome til ein stad der ein kan syngje og ha det gøy og vere seg sjølv. Kanskje det er det som gjer at eg trivst så godt der.

Å kunne vere seg sjølv, eller å oppleve miljøet som trygt, kan tyde på at Sara føler seg inkludert og føler på eit sosialt band i gruppa. Ein veit i frå fleire studiar, mellom anna Weinstein (Jacob et al., 2009; Weinstein et al., 2016) at å syngje saman aukar endorfin som igjen kan føre til positive kjensler som å føle seg inkludert. Dette er noko som dukkar opp i fleire av intervjua, og det er såleis ikkje ei stor overrasking at ein finn likskap mellom studentkor og andre kor

## 4.3 Trondhjems Studentersangforening

«Du har kome inn som fyrste bass i TSS, Gratulerer! Møt opp i El2 kl. 17.00 i morgon» Dette var meldinga som plinga inn på telefonen min kl. 03 på natta august 2015. Fortumla møtte eg opp som avtalt. Der trefte eg om lag 20 andre like fortumla medkoristar. Etter grunnleggjande informasjon frå visedirigenten og ei lita øving, kom resten av styret og presenterte seg sjølv. Dei delte ut øl, og gav oss ytterlegare informasjon. Deretter vart me tatt med til aulaen på hovudbygget på universitetet. Ut av ingenting begynte TSS å syngje frå alle kantar, og fylte aulaen med song. Etter songen var ferdig, vart karantenekoristane lest opp og plassert i stemmegrupper med resten av koret. Deretter fòr det av gårde på stemmegruppevors, og påfølgande fest.

Dette er slik eg hugsar det var å begynne i TSS. Eg følte meg tatt godt i mot, og at eg vart introdusert til ei ny verd. Ikkje berre var eg ein studentkorist, eg var ein TSSar. Etter å ha vore på den «andre sida» dei etterfølgande åra, har eg sjølv vore med å ynskje nye koristar velkommen. Alle ynskjer at dei nye skal få same velkomsten me sjølv fekk. Oliver skildrar på liknande vis korleis det var å begynne i TSS.

> Eg følte at eg blei så godt mottatt, også oppdaga eg at eg er veldig glad i å syngje. Det var veldig mange gøye ting som skjedde, også var det veldig overveldande på starten og så trefte eg veldig mange fine folk, og så opplevde eg nesten berre positive ting rundt TSS.

Denne overveldande starten kan skyldast mykje på eit detaljert og organisert opplegg. Dei to fyrste vekene er travle for nyopptatte. Dei vert plassert i eit «karantenekor», har ekstra øvingar, og vert gradvis presentert for miljøet. Karantenekor er namnet på kullet pluss årstal. Då eg starta vart eg til dømes K15. Karantenekoret fungerer som både ein identitetsmarkør i møte med andre koristar, men også som ei fase mellom opptak og øvingshelga, der ein vert «fullverdig» medlem. Opptaksperioden avsluttast med at karantenekoret har konsert for resten av hovudkoret, før dei er med på resten av øvingshelga. Ein har mange mogelegheiter til å verte kjente med sine medkoristar, eller stemmegruppa si før ein treff heile koret. Oliver meinte at opplegget var laga slik at ein får seg vener. I alle fall om ein har ein utadvent personlegdom:

> Eg trur det generelt er lettare å bli kjent med folk om du er utadvent, og det er jo sånn med karantenekorøvingar og sånt, og «kidnappingar».[28] Det sørger jo som regel for at du får minst to venner.
>
> [kan du forklare litt meir?]
>
> Når man då blir tatt opp i TSS vert ein satt i karantenekoret då…Så vert ein fortalt at de er sånn, de er K[16] kva det no er. Det er dykk. Slik skal de vere i alle fall i år. Du vert på ein måte pålagt eit fellesskap, og det er lettare å blir kjent. Om ein er litt innadvendt eller sjenert.

Her kan ein også peike på subfellesskap, på same måte som i KiAV. Desse subfellesskapa er kanskje enda meir definerte i TSS. Heilt i frå starten vert ein plassert i ulike fellesskap; karantenekoret ditt, stemmegruppa di, og seinare styre eller musikkråd. Styra har som regel eit generelt høgare aktivitetsnivå enn i KiAV, organisasjonen og drifta av koret vert dermed større. Som styremedlem har ein mellom anna ei styrehelg der ein reiser utanbys med styra i frå TSS og systerkoret TKS, pluss at ein har hyppigare møter.

---

[28] Kidnapping i dette tilfelle refererer til ekstraøvingane til dei nye koristane. Etter kvar av dei 4 ekstraøvingane vart dei «kidnappa» av Styret, Pirum, Knauskoret, eller Candiss for å verte betre kjente med dei.

Kor er også i alle høgste grad eit musikalsk fellesskap på den måten at ein vert definert ut i frå kva stemmegruppe ein er i. Den musikalske prestasjonen vert vurdert ut i frå gruppa, ikkje individet. Som Eiksund påpeikar, har musikalske aspekt noko å seie for korleis koret vert oppfatta eksternt, men også internt, gjennom stemmegruppene. Stemmegruppa får ris og ros som gruppe (Eiksund, 2019, s. 209).

### 4.3.1 Organisering og aktivitetsnivå

Som me las i introduksjonskapittelet vart TSS stifta i 1910. Med meir enn 100 års erfaring, har koret bygd opp ein robust organisasjon, og ei lang historie. Koret er organisert etter same modell som mange andre foreiningar, med ei generalforsamling som øvste organ. Ein har eit styre, eit musikkråd, og ei rekkje andre småverv og komitear, som til dømes sjungomgeneralen, eller turnésjef. Ein kan seie at TSS jamt over har eit høgare aktivitetsnivå enn dei fleste linjeforeiningskor. Det er mellom anna eit ynskje at alle skal ha eit «småverv». Eit småverv er eit initiativ til å ta del i drifta eller i koret. Ein har småverv som syt for at det er kaffi på øving, og ein har småverv som er ansvarleg for fysisk fostring. Kor aktive desse verva er, er i stor grad opp til koristane. Dei større verva som styremedlem er eit frivillig verv som tek ein god del tid. Ein har også ei ridderordning, kalla Vrangstrupen, i TSS. Der er det berre æresmedlem og koristar som har vorte slått til riddarar som er med i. Vrangstrupen kan sjåast på som ei «karrierestege» i TSS samanheng, og det er eit fåtal som vert slått til riddarar.

Utanom ein hovudkonsert i semesteret, vert det arrangert turne annakvart år. I tillegg har ein oppdrag som å syngje på statsborgarseremoni, doktorpromosjon, samfundsmøter og liknande. Ein har også sporadiske oppdrag av varierte storleikar, som å syngje på ei intern NTNU avslutting, eller syngje på eit julebord. På toppen av dette kjem sosiale aktivitetar som vert arrangert av koristar, anten offisielt eller uoffisielt, som jonsokjippo (sommarfest), korfestar, eller kortreff. Ein har også ulike Facebookgrupper som tar for seg til dømes klatring, fjellturar, dataspel, film, brettspel og liknande. Koret vert då ein arena der ein kan engasjere seg i aktivitetar ein set pris på utanfor koraktiviteten. Det kanskje viktigaste årlege arrangementet til TSS er vårballet. Utanom å vere eit vårball, er det også her Vrangstrupen slår nye riddarar og kommandørar. Dette vert eit viktig ritual der ein anerkjenner innsatsen enkelte koristar har lagt ned i organisasjonen. Om ein vert slått til riddar, kan ein pryde brystet sitt med ei dalje. På same måte som i militæret, kan ein ved visse arrangement bruke daljer som viser kva du har vore med på, eller kva meritt du har oppnådd i koret. Til tross for at det må forståast med humor, og at ein kan få dalje for stort sett alt, opplever eg det likevel at daljene har ein verdi, og at dei vert bært med stoltheit. Ein har til dømes daljer for plettfritt oppmøte, for turnear ein har deltatt på og liknande. Initiativet frå koristane er stort, og drifta rører ved mykje meir enn berre sjølve koraktiviteten.

På same tid er TSS ein stor organisasjon der det kan vere vanskeleg å få gjennomført endringar. Henrik opplevde TSS som eit tungt maskineri han ikkje lett kunne gjennomføre ideane han hadde for koret og drifta.

> Det er ein naturleg konsekvens av storkor, kor treigt maskineriet er. Maskineriet blir treigare [og] det er vanskelegare å gjere ting.

Henrik fortalde blant anna at han i sitt nye kor hadde innført endringar, og at han hadde tatt med seg erfaringane han hadde frå TSS. For Henrik som var engasjert og villig til utrette noko, var TSS for stort til å kunne endre på for mykje. At han tok med seg ideane vidare står som eit døme på korleis koret kan fungere som ein læringsarena, der ein kan overføre element koret gjer bra, til andre organisasjonar eller kor. Men også korleis koret

vert eit spenningsfelt mellom tradisjon og innovasjon. Henrik var villig til å leggje ned arbeid i koret. På spørsmål om kvifor han engasjerte seg svara han:

> Det er gøy å vere med å styre og fikse då.. Du får veldig eigarskap til det. Om du synest det er gøy, så får du veldig eigenskap. Du har lyst å vere med å dra lasset. Eg følte og eg hadde noko å bidra med, eg følte at eg hadde litt status allereie. Då eg hoppa inn i [koret] så blei eg med i styre på tredje øving fordi eg føler eg har noko å kome med.

Kor er dynamiske, dei kan forandre seg og ta nye retningar. Nokon kor held på tradisjonane i større grad enn andre kor. Studentkor er lette å engasjere seg i. Ein kan sjå for seg studentkor som eit overgangskor. Det er ein aktivitet ein held på med medan ein studerer. Ein vil ha det artig medan ein er i det. Dette fører til at organisasjonane fornyar seg:

> Dei aller fleste kora er jo studentar som kjem inn og som har lyst å ha noko å gjere i eit par år eller 5 år eller ved sida av studia. Det er givande og dei får anerkjenning i sitt miljø for å gjere ein innsats for det miljøet. Så dei fornyar seg og då på sett og vis med dei impulsane som er men drifta er meir sånn. Om dei har funnet noko som funkar så gjer dei det.. Så kjem det ein person som kjem inn og er misfornøgd, og så tar han å gjer endringar, og så gjer han noko annleis, og slik fornyar organisasjonane seg på driftsida i alle fall.

Jakob meinte at organisasjonane vert fornya gjennom initiativtakarar som ville gjere endringar. Alderen på organisasjonen vil også påverke drifta. Jakob brukar omgrepet «fasar» for å beskrive korleis organisasjonen vert forma.

> TSS blir jo drifta på grunn av måten den har vore som organisasjon i 100 år. Og.. Ja. Alle tilfeldighetar som har skjedd dei 100 åra... [Linjeforeiningskoret] var veldig annleis fordi dei var jo i praksis 3 initiativtakarar og dei 15 kompisane dei hadde klart å bygge opp. På korøving måtte dei finne ut av alt eigentleg. Dei tok jo inspirasjon frå det dei kjente då, så dei lærte fort. Men det var ein veldig anna fase. Dei skulle finne ut av rituala sine. Ein veldig kreativ fase som sådan.

Det er nærliggjande å snakke om ein oppstartsfase, som er den Jakob skildra då han snakka om linjeforeiningskoret. Utover dette synest eg ikkje det er føremålstenleg å plassere kor i ulike fasar, sidan det er så store individuelle forskjellar mellom kora, sjølv om mange likskapstrekk er tilstades. Jakob hadde mange refleksjonar rundt kororganisering, og korleis dette kunne påverke koret. Dette kom særleg fram då me snakka om småkor.

### 4.3.2 Småkor opptak og inkludering

TSS er eit stort kor, der det er mange ulike haldningar til kva koret skal vere, og eit mykje diskutert tema er småkor. For å kunne finne ut kva som ligg i dei ulike haldningane må ein fyrst sjå på sjølve strukturen i TSS.




**Figur 8 Struktur i TSS og TKS**

For å vere med i småkor, må ein vere medlem av TSS eller TKS. Sjølv om småkora er ei undergruppering, og underlagt TSS og TKS lover, har dei stor autonomi. Dei vel sjølv kva oppdrag dei takkar ja til, og reiser på turne annakvar haust. Jakob hadde gjort seg opp eit par refleksjonar knyt til sjølve strukturen på småkora:

> Det er ikkje bra eigentleg, TSS sin sosiale struktur. Både for organisasjonen, men og for enkeltmedlem som ikkje finner sin plass der. Og det er det som er litt av problemet med organiseringa av TSS. Det er ein struktur som fører til at fleire ikkje finn sin plass enn ein nødvendigvis hadde trengt. Fordi at ein har dette innanfor- og utanforskapet. Ein har institusjonalisert det å bli med i eit småkor, og det å stå utanfor eit småkor. Og ikkje alle trivst med å stå utanfor eit småkor […] Det eksisterer ein idé om at det er ein forfremmelse. At det er der statusen og moroa ligg. Det er meir av alt det som gjer TSS bra der. Det er i alle fall historia.
>
> [Det er eksklusivt?]
>
> Sjølvsagt. Alt er jo eksklusivt om ikkje alle kan vere med, sant. Det er nokon som føler seg ekskludert og blir forbitra, også sluttar dei og gjer andre ting. Ja. Og for organisasjonen sin del, om ein skal ta på seg «brillene» som TSSar så er jo det tapt engasjement. Ein har ikkje oppnådd sitt mål om å skape kameratskap. Ein har gjort det motsette.

Dette institusjonaliserte innanfor- og utanforskapet vert kokt ned til å vere med i småkor eller å vere utanfor småkor. Det eksisterer ein idé om at småkor er ei forfremjing. Denne ideen er i seg sjølv ekskluderande. Ikkje alle kan verte tatt opp i småkor, men om ein framleis vil vere med i TSS må du finne deg i at du vert ståande utanfor småkor.

> Om ein søker på ein jobb og ikkje får den så er ein ferdig med det. Mens når ein har «gradsforskjellar» innad i same organisasjon så er det ikkje slik at ein ikkje skal forholde seg til det i etterkant. Og det skapar jo problem. Det gjer jo det. Eg har jo opplevd at folk har slåss, i ytterste konsekvens. Når det har kome alkohol inn i bilete og dei gradsforskjellane har vist seg. Det er kanskje det mest ekstreme tilfelle med ein person som var forbitra og ikkje slutta, ikkje sant.

At koristar har hamna i tottane på kvarande på grunn av dette seier noko om kor mykje denne ideen om gradsforskjellar kan påverke korsituasjonen for enkelte. Henrik si historie bekreftar dette innafor. og utanforskapet godt: Etter han hadde vore småkorist og kom

tilbake til storkoret, plaga det han ikkje å stå utanfor, sidan han hadde fått vore ein del av det:

> Den største endringen eg merka på inkludering og ekskludering og sånn på småkor var at…Etter at eg blei med så plaga det meg ikkje at folk snakkar om småkor. Det plaga meg før, eller liksom då følte eg liksom at småkor var greia og det irriterte meg at småkor var det som var mest å snakke om. At det var «endgame» som eg hadde lyst å vere med på. Og eg føler meg utanfor når ein snakkar om kor kult det var på turne eller gleder meg til AK. Men sånn i dag, så plager det meg ikkje på eit emosjonelt plan fordi eg er jo ein del av denne greia […] [D]et plaga meg at folk snakkar dei berre om småkor, også svarar dei at: «jamen det er jo berre vår kvardag då og det er ikkje meint som ekskludering, og eg kan snakke med deg og fortelje masse om det og invitere deg med på fest og sånn og», men det plaga meg likevel for ein blei alltid minna på at eg var utanfor, men no blir eg ikkje påminna det for eg er ikkje utanfor. Eg har liksom bere fått den statusen då. Eg har vore med, og det er heilt greitt å ikkje vere med no.

Ein kan bruke ideen til Jakob om forfremjing for å beskrive Henrik si kjensle. Han sa sjølv at han hadde opplevd «endgame», og at utanforskapet tidlegare hadde plaga han emosjonelt. Den sosiale strukturen til TSS legg med andre ord opp til at folk kan verte ekskludert. Korleis ein skal forholde seg til dette har vore diskutert av mange styre og koristar i TSS lenge. Oliver kunne fortelje at han la merke til dei ulike haldningane i koret etter han vart med i styret.

> [Då eg] vart valt inn i styret merka eg at «Ok her er det ting eg ikkje har lagt merke til fordi eg ikkje har tenkt over det, men her er det faktisk seriøse diskusjonssaker, skal Pirum få lov til å gjere sånn? Av TSS-Styret?» For TSS eig jo Pirum

Som småkorist var det vanskeleg for han å forstå at TSS kunne meine at Pirum ikkje kunne få lov til å gjere enkelte ting, og merka etter kvart at det var «korpolitiske fløyer» med ulik «politisk» ståstad når det galdt organisering av TSS og småkor. Enkelte meinte at båe partar var betre tent med å skilje lag, og at ein då ville ende opp med meir engasjement til å gjennomføre prosjekt i TSS. Eit argument som ofte dukkar opp er at småkor hindrar TSS si utvikling, eit anna argument er at småkor gjer det meir attraktivt å søke i TSS. Meiningane er mange og delte, og dette var noko som prega miljøet. Det kan verke som om Oliver var opptatt av å representere Pirum på ein god måte då eg intervju han, og det er tydeleg at han hadde ein identitet som Pirumitt[29]. Han snakka mellom anna om Pirum i fyrste person fleirtal. Dette gjorde han også då han snakka om TSS, men eg fekk fortalt fleire historier frå Pirum. Det er ikkje så rart at ei gruppe menneske som både er mindre, og som delar fleire erfaringar vert tettare knyt saman, noko som kan vere tilfelle med Pirum.

Oliver meinte at Pirum aldri var det same, og at kva som var Pirum forandra seg med kven som vart tatt opp. Dette synet nemnde også andre koristar eg intervjua. Dei har allereie reflektert over kor flytande eit kor er som sosial gruppe. Dette kan vere ein medverkande faktor til kvifor folk sluttar, eller veks i frå koret. Studentkor vert då ei erfaring du deltar i, og går vidare i frå. For Oliver vart det klart kven som var koret hans i møte med andre kor.

> kven er eigentleg me? Du er ikkje nødvendigvis så klar over kva koret representerer utad fordi du er ein del av det. Men så møter du mange folk som ikkje syng i det same koret, og då kjenner du på at det er dette som er TSS […] Og når ein får den kontrasten, eller eg merkar det at då eg vart meir klar over kvar TSS var, så følte eg at eg kjente TSS betre på ein måte.

[29] Pirumitt er namnet på ein som syng i Pirum.

Gjennom å sjå kva koret ikkje er, vart det tydeleg for Oliver kva koret var. Eg tolkar det som at han siktar til ei tettare fellesskapskjensle til koret gjennom å skilje mellom «dei» og «oss». Dette skilje mellom «dei» og «oss» vil også vere til stade i TSS, om ein ser på småkor som ei separert eksklusiv gruppe. Eksklusiv på den måten at ikkje alle har mogelegheit til å delta i ho. Gjennom å definere seg på innsida er ein ikkje lengre på utsida. Om ein er med i småkor og sluttar, kan du framleis halde til vidare i TSS. Men då er du ikkje på utsida sidan du har vore på innsida. Erfaringa di vil vere farga av at du kjenner til kva småkor driv med som ein «insider», men du vil også reint praktisk vere meir ein «insider» enn ein «outsider». Som tidlegare medlem i Knauskoret kan du framleis vere med på enkelte bankettar, etterfestar og enkelte øvingar. Ein vert kalla ein Krusar om ein har vore med i Knauskoret før. Krusarane vil gjennom sin tidlegare aktivitet i småkor framleis vere ein «insider». Ein deltar i, og kan forstå ritual, sjargongar og liknande.
Dette skilje mellom å vere på innsida og utsida var noko Henrik hadde kjent mykje på. Han kunne fortelje meg at han hadde vore på begge sider, og hugsar godt kor vondt det var å ikkje verte tatt opp som småkorist.

> Det er jo ein veldig stor kultur for å dra inn dei nye. Systemet er jo rigga på den måten. Karantenekorøvelsen, øvingshelga […] Og du blir hoia og jubla for, det er fantastisk, og alle er interessert i deg. Eg følte meg veldig inkludert i eit småkoropptak. Heilt til eit småkoropptak eg ikkje kom med. Det var KK[30] eg hadde veldig lyst til. KK var det eg hadde mest lyst til då…Det var sånn «wow» dette er det mest fantastiske eg har høyrt nokon gong. Ein våt draum om å vere med, men aldri tenkt at det var noko mogelegheit for å vere med.

Han opplevde brått at inkluderinga han kjente på då han starta forsvann etter småkoropptaket. Då han starta hadde han ikkje mogelegheit til å vere med i gjengen, men når vindauga opna seg før jul, og han likevel ikkje kom med, Vart han møtt med like omsyn.

> Med ein gong det skjedde, så var eg ikkje så inkludert lengre […] kom du inn i Candiss, gratulerar, det var liksom veldig lite hensyn og forståelse frå dei som kom med, og då følte eg meg utanfor […] det er det mest vonde minne med TSS då det er kjensla av dei som er mest engasjert eller ivrige som har eit anna sted å bruke ressursane sine på det var jo ein veldig frustrerande ting.. om ein snakkar om inkludering… det var stor forskjell på fyrste hausten og andre hausten. Du er ny og du har ikkje mulighet til å ikkje vere ein del av gjengen. Då var det ikkje eit problem å ikkje vere ein del av gjengen, for du er ikkje det når du er ny. Også. Når du fyrst har aktivt søkt og prøvd og virkelig hatt lyst og vore utenfor så plutselig ser du på snapstory at «å eg er på min fyrste øvelse» «sjå kor gøy med Pirum og Candiss på tur».

Henrik kunne fortelje at han lét vere å snakke med enkelte i koret fordi det var vondt, men også at han var sint fordi dei hadde det morosamt utan at han fekk ta del i det. Fellesskapskjensla han hadde med karantenekoret vart borte etter at mange hadde kome inn i småkor. Han kompenserte med å ta del i styre og andre verv, for å få eigarskap til TSS. Der fann han trøyst i å vere ein del av styret og å finne koristar som delte haldningane hans, og det musikalske ambisjonsnivået. Dei delte meiningane i koret og kva det kan ha å seie for den enkelte kjem godt til syne i historia til Henrik. Han fortalde vidare at han følte at hans engasjement for auka fokus på musikalske prestasjonar vart møtt med

[30] KK tydar Knauskoret

nedlatande blikk av dei som meinte noko anna.

> Eg har jo blitt ekskludert masse i mine kampanjar om å ta TSS til høgdene dei kan vere om folk gidder. Men det er ikkje alle som har lyst å vere på den høyden der. Men som. Eg engasjerer meg i styret, og vil ha inn desse songane, og […] har ein sånn negativ nedlatande blikk på dei som ikkje vil like mykje eller dei som eg føler ikkje prioriterer TSS.

Henrik hadde ei kjensle av at ikkje alle prioriterte TSS på same måte som han ville. Dette vil vere tilfelle i dei fleste kor: Kvar korist har sine grunnar til å vere med i kor, og jo større koret er, dess vanskelegare kan det vere å semjast om kva koret er og skal vere. Strukturen i TSS kan etter mitt syn påverke dette i større grad: Om primærmotivasjonen til ein korist er å vere med i småkor, kan det gå ut over engasjementet i storkoret. Sidan begge kora er autonome krev dei begge sitt av koristane, og det er lett å sjå føre seg at ein investerer i det koret ein føler ein får mest igjen for. Småkor kan tilby eit tettare fellesskap og fleire delte erfaringar. I tillegg kan den delte erfaringa verte sterkare av at det interne samhaldet gjennom å definere seg sjølv som gruppe ekskluderer utanforståande.

Henrik fekk etter kvart mogelegheita til å vere med i småkor, og søkte seg inn. Og fekk innblikk i korleis det var å vere med i der.

> Eg hugsar på opptaket at eg var sånn «eg er kun med på det musikalske [...] Eg er ikkje her for å dra på Ås og sånn. Som var rart for etter kvart var eg med på alt […] Det lange året i KK var herlig kortsiktig rus, som dop då. Folk som er flinke til å syngje som er ivrige og ein sjanger som eg synest er stilig.
>
> [om du tenkjer på fellesskapet i KK då?]
>
> Det var jo.. det er færre folk, så det er litt tightere. Det er gjenger der, så eigentleg folk eg framleis ikkje kjenner særleg. Men det var jo liksom.. det er lettare å gjere ting fordi det er færre. Ok så reiser ein på øvingshelg på ei lita hytte med komfortable senger. Ein drar på 1 vors hos nokon for det er plass til folk, som ein har på ein måte blitt varma opp i det store kormiljøet. Du er gira på meir fellesskapet hadde høgare konsentrasjon av ivrige folk, så det var lettare å gjere ting. Og når ein er færre så blir det ein identitet. Det blir din identitet, eg hadde masse interessekonfliktar dei fyrste månadane for liksom. «no merkar eg at eg er sjukt meir gira på å gjere KK ting enn TSS ting.»

Å måtte velje mellom å yte godt i småkor eller storkor var noko både Henrik og Jakob hadde kjent på då dei var med i småkor. Der småkor var ein «herlig kortsiktig rus» for Henrik, var det for Jakob ei tynnare saft enn han såg for seg, dessutan merka han at det tok mykje tid. Jakob skildrar småkor som:

> Det er og eit anna kor som gjer det sama som TSS berre meir av det. Og kanskje Pirum mest av alt. Men det er klart om det er det ein er ute etter. Om ein vil ha eit tett, eller mindre miljø å forholde seg til. Eg ser mange det funkar veldig bra for. Men for min del så var det 1 år kor eg syntes det blei for mykje til det eg fekk igjen. Spesielt sidan det var vanskeleg å stå i spagat mellom Knauskoret og TSS. Og på ein måte yte bra begge steder og legitimt seie at eg gjer mitt.

Jakob og Henrik hadde heilt motsette syn på deltaking i småkor. Eg tolka det som at Jakob

var meir interessert i storkor, og prioriterte det der etter. Henrik på si side som lenge hadde ønska å vere ein del av fellesskapet som han ikkje fekk vere ein del av, og som no fekk ta del i det, gjekk inn med ei defensiv haldning. Han hadde trass alt vore motstandar sidan han ikkje kom inn. Han merka etter kvart at han likte seg i småkor, og kjente på at identiteten som TSSar og småkorist gjekk på akkord med kvarandre, som lojal TSSar var det merkeleg for han å merke at han eigentleg hadde lyst å prioritere småkor.

> Eg burde fortelje ein historie om den fyrste store interne konflikten eg hadde etter øvingshelga med KK. Det hadde vore øvingshelg, skjedd mykje, gjort mykje mykje interne humor, og så var det TSS-øving neste dag. Og så tok eg meg sjølv i at det fyrste eg hadde lyst å gjere var å finne KK folk igjen og bånde over desse tinga me hadde opplevd. Det var liksom..
>
> [Snakke om erfaringa?]
>
> ja. « det var sjukt kjekt det me gjorde i helga og sånt» også kom eg tilbake til å huske korleis eg opplevde det då eg ikkje var med, og alle som berre snakka høgt om sine opplevingar så syntes eg.. det var dei gongane eg følte meg ekskludert. No så var det heilt naturleg for meg å gjere. Så no var eg sånn, eg prøvde å holde litt igjen for dette kan eg ikkje gjere. Men andre merkar sikkert at liksom «han gidder ikkje snakke om ting for å ikkje ekskludere, men det føles enda meir ekskluderande» ganske tydelig då. det var ein.. ja ein kjempestor interessekonflikt, og det har liksom gjort at eg har prøvd å holde litt igjen i kor tydeleg eg vise [småkor] tilhørighet utad, for eg syntes det var så fælt. Med alle som visste «eg er Pirum eg er KK eg er Candiss» kva forsidebilete har du når konsert nærmar seg og småkorkonsert og TSS konsert er ca samtidig. Sånne ting blei eg skikkeleg irritert over når folk ikkje reklamerte for TSS-konserten. Men no var det sånn. Om ikkje eg reklamerer for [småkor] konserten, kven andre kjem til å gjere det? Og eg skjønner veldig godt at folk tenkjer sånn. Eg prøvde aktivt å gjere noko med det då. å vere «flink storkorist» med det var alltid sånn bismak og klump i magen og sånn.

Etter å ha fått innpass i småkora, fekk han forståing for korleis kvardagen for småkoristane var, men å stå i spenn mellom TSS og småkoret var utfordrande for han. Henrik følte seg viktig i begge kora, men kanskje i større grad i småkoret. Der var det færre på stemmene og ein blir automatisk viktigare. Å føle seg viktig var med på å gje han eigarskap til koret.

## 4.4 Oppsummering

I dette kapittelet har me lest om tre ulike studentkor, og høyrt historier frå koristar derifrå.

Igjennom å sjå på koristar sine historier har me sett ulike perspektiv på korleis koret kan vere eit rom for å vekse, og utvikle seg sosialt og musikalsk, som i tilfelle hos Lukas og Filip, men ein har også sett at kora kan hindre denne utviklinga. Med opptaksordninga vert ulike syn på kven ein ynskjer i koret tatt opp. Koristar fortel både om eit miljø der ein tek opp «normale» folk, men også at dei føler dei tar del i eit miljø der det er rom for å vere «rar» eller «spesiell».

Me har også lest om eit «sosialt dilemma», der koristar gjerne vil sjå på miljøet sitt som opent og inkluderande trass i at dei veit at det ikkje alltid er tilfelle. Dette kjem tydeleg fram når Filip fortel om korleis han hamna i ei spenning mellom å inkludere alle på den eine sida, og å ha det artig på den andre sida.

Studentkormiljøet har mange aktivitetar som er knytt til alkohol. Sara kunne fortelje at i det kristne koret hennar, AKS, hadde det kome folk som ikkje var kristne, fordi dei forventa eit rolegare miljø som var mindre prega av festing. Dette stemmer overeins både med

resultatet i frå undersøkinga mi, og i frå informantane sine utsegn som skildrar eit miljø der alkohol har ei sentral rolle i dei faste aktivitetane til koret.

Ein har også sett korleis strukturen i koret kan vere ekskluderande. Jakob formulerte strukturen til TSS og småkor som eit «institusjonalisert utanforskap». Dette kjem godt fram i historia til Henrik, som ikkje kom inn i småkor, men framleis var med i TSS.

# 5 Kortreff

> Sjungom var liksom det fyrste, kall det festen, kor eg var med koret. Og då var vel.. Koret var veldig mykje samla. Også var det fest på kvelden. Kanskje det var laurdagskvelden då. Og det var då eg blei frelst på kor. Det var sånn «wow», det her er dritkult! Eg fekk inntrykk av at kormiljøet i Trondheim var ganske inkluderande

For mange av koristane eg intervjua, var kortreff ein vesentleg del av koraktiviteten, og noko som hadde endra kva koret betydde for dei. I dette kapittelet vil eg prøve å lyfte fram koristane sine stemmer, for å prøve å finne meir ut av kva kortreffet har å seie for deltakarane. Kva har det å seie for deltakarane musikalsk og sosialt? Kva kan me lære av kortreffa og kva får deltakarane ut av det? Lukas, Filip, Oliver, Emil, Emma, Nora, Sara, Lea, Sofie, Maja, Jakob og Henrik har alle fortalt sine historier til meg, og eg skal etter beste evne formidle noko av dette vidare. Det er i utgangspunkt i deira fortellingar eg finn tema som er utgangspunktet for ein analyse av kortreffet. Det har vore viktig for meg som ein «insider» å undersøke kortreff med eit kritisk blikk, samtidig som eg kan få fram kompleksiteten og mangfaldet som finst i kortreffet.

Eit kortreff er ei samling for kor, ofte ei helg, fylt med festelegheitar og song. For mange er det sjølve høgdepunktet med kortilvære. Som presentert i introduksjonskapittelet, har kor samla seg for å syngje saman på slike stemner heilt sidan «korbølga» tok til siste halvdel av 1800-talet. Det er difor ikkje eit nytt fenomen, men heller bygt på langtlevande tradisjonar, sjølv om formålet etter kvart har forandra seg frå å vere ein viktig kulturell møteplass nasjonalt, til rein underhaldning. Slik eg ser det, finst det to ulike typar kortreff for studentar i Noreg. Den eine er nærare knytt opp til dei akademiske kora, og vil vere lagt opp på ein litt anna måte enn kortreffa for reine studentkor. Dei akademiske kora er ikkje berre studentar, men også tidelegare studentkor, og kor som vart stifta i samband med eit student og universitetsmiljø, og som i seinare tid har vakse frå det. Dei akademiske kortreffa set sitt preg på arrangementet med vesentleg høgare snittalder. Dei er ofte dyrare, og vert arrangert nasjonalt framfor lokalt. Desse kortreffa har ofte eit kunstnerisk program, og ein offentleg gallakonsert med alle deltakarane.

Den andre typen kortreff har mange deltakarkor som har røter frå studentrevyar og studentfestivalar, som UKEkoret Pirum her i Trondheim. Ein kan på mange måtar seie at det ikkje er like høgtideleg, som dei akademiske kortreffa. Det er ikkje eit kunstnerisk program, eller ein offentleg konsert. Målet med kortreffet er i større grad å treffe andre kor. Gjerne invitere dei til studentfestivalane som UKA og liknande. Ein anna vesentleg forskjell på dei akademiske kortreffa og studentkortreffa er intimkonsertar mellom to kor, kalla sverming.[31]

I Trondheim vert det arrangert to kortreff for studentkora i byen: Sjungom og Korstock. Det er dette som er arenaen for undersøkinga mi. Det har vorte arrangert kortreff for studentkor andre stadar enn i Trondheim, men eg har ikkje noko data til å diskutere eventuelle skilnadar. Eg vil igjennom historiene til koristar peike på kva som er særeige

[31] Sjå 5.2.2.

for Trondheim sitt studentkormiljø. Skal ein prøve å forstå kva Sjungom og Korstock er, må ein sjå på opphavet til kortreffa, og kva som skil dei frå Sjungom og Korstock.

Det finst ulike typar kortreff for studentkoristar i Trondheim, alt etter kva kor ein syng i. Trans-nasjonale akademiske kortreff, nasjonale akademiske kortreff, nasjonale studentkortreff, og lokale studentkortreff. Syng du i storkor kan du vere med på nasjonale og nordiske kortreff for akademiske kor. Akademisk kortreff (AK) og Nordisk studentsongsamling[32] (NSSS) er kortreff som vert arrangert 3 kvart år, kvar gong i ein ny vertskapsby. AK vart arrangert for akademiske kor i Noreg fyrste gong i 1978, medan NSSS har inviterer akademiske kor og studentkor i frå Norden, samt dei baltiske landa sidan 1987.

Syng du i småkor, kan du vere med på nasjonale studentkortreff som ofte vert arrangert i Trondheim, Bergen, Ås, Tromsø, og Kraków. Desse nasjonale kortreffa vert ofte arrangert i samband med ulike studentrevyar og studentfestivalar som UKA (Trondheim, 1917), UKA i Ås (1924), UKEN (Bergen, 1946) og UKA i Tromsø (1983) I tillegg fekk eg vete frå eit kjapt internettsøk at ein arrangerer UGA (uviss oppstartsår) i Kristiansand, samt ei studentveke i Stavanger, og VEKA i Volda. Det er ikkje vanskeleg å sjå føre seg at ein stad med høg tilstrauming av studentar gjev grobotn for eit levande studentmiljø.

I møte med koristar i miljøet, har eg blitt fortalt at kortreffa i byen er laga etter modell frå studentkortreff som vert arrangert nasjonalt. Hovudskilnaden på dei nasjonale kortreffa og dei meir lokale kortreffa som Sjungom og Korstock, ligg i kven som deltar. Småkora Pirum, Knauskoret og Candiss, samt eit par andre linjeforeiningskor og medisinkora, dreg gjerne til og deltar på eit eller fleire av dei nasjonale kortreffa. Med unntak av eit par linjeforeiningskor og CoperniChoir i Kraków, er kora stifta før 2001. Dei har dermed hatt lang tid til å etablere seg å opprette, og oppretthalde, kontakt med kor i frå andre byar. Årsaka til at Kraków arrangerer kortreff er at mange norske studentar er internasjonale studentar i Kraków. Koret CoperniChoir oppgjer sjølv på facebooksida deira at dei vart stifta av to nordmenn i 2009, men dette må sjåast på som eit unntak heller enn regelen.

Sjungom og Korstock på si side, er lokale kortreff som siktar på å inkludere studentkora i byen. Det er laga av og for studentkor i Trondheim. Det er ikkje nødvendigvis eit mål at alle studentkor i byen skal delta på dei nasjonale kortreffa. Ikkje berre hadde det vore eit logistisk mareritt å arrangere eit kortreff for så mange, men strukturen på kortreffet, og då særleg idéen om å ha ein matiné der alle kor framfører for kvarandre, legg eit hinder på kor mange deltakarar ein kan ha.

I utgangspunktet er det dei litt meir ressurssterke kora, som Pirum, Knauskoret og Candiss, som så langt har vorte invitert utanbys, men også nokre linjeforeiningskor har vore med på kortreff utanbys. Sofie, som hadde vore med i eit linjeforeiningskor i lang tid, meinte at dei vart inviterte til Bergen fyrst og fremst på grunn av lobbyverksemd, og at dei følte at dei var lågt nede på rangstigen der, samanlikna med på Korstock.

> Du spurte om du følte me hadde status på Korstock, det har me definitivt ikkje i Ås eller Bergen. Heilt nederst, men det gjer ikkje noko, for det er betre kor, så det er kjekkare å høyre på dei andre.

For Sofie vert den musikalske kvaliteten viktig når ho deltek på kortreff. Ho opplever at det er kjekkare å høyre på dei andre kora, som ho meiner er høgare oppe på rangstigen. Dei kora som eg har vore i prat med som reiser utanbys er ofte dei som vert anerkjent som «betre» i miljøet. Om nivået på kora spela ein avgjerande faktor på invitasjonen, kan

[32] Også kalla Nordic student singers' summit eller Nordisk studentsongstemne,

det vere med på å forklare kvifor færre kor reiser utanbys. Ein medverkande faktor er også rein praktisk: Det er mange menneske å halde kontroll på, og ein må kjenne kor utanbys. På kortreffet småkora arrangerer for kor frå Tromsø, Bergen, og Ås, er ikkje linjeforeiningskora invitert. Med å delta på kortreff i Bergen, og Tromsø, hadde koret hennar vorte kjent med andre kor som vert invitert til Trondheim. Sofie kunne fortelje at det gjekk heilt fint å ikkje verte invitert med, sjølv om dei husa koristar som hadde tatt turen til Trondheim.

> Det er jo morsomt. For eksempel så var det korhelg her i Trondheim her i UKA. Der er me ikkje invitert. Og det synes me er greitt. For det er 20 andre linjekor, og me skjønner at ikkje alle kan vere med på ein måte. Men då er det eit kor frå Ås som då budde hos [oss] og som hadde med gåve til [oss] fordi me hadde blitt kjent med dei.

Gåva vert ståande som eit døme på korleis kora som institusjonar vert kopla saman: Sidan to kor kjenner kvarandre, vert det lettare og meir naturleg for nokon å verte kjent med andre koristar. Oliver fortalde om fyrste gongen han trefte koristar frå eit vennskapskor.

> Ein kan alltids snakke med folk ein ikkje kjenner berre fordi at dei institusjonane kora er kjenner kvarandre. Og då f. eks no under korhelg i Trondheim med småkor og kor frå Bergen og [resten av landet] så var det masse menneske eg aldri hadde møtt før, men fyrste gong eg trefte dei var det klem, fordi kora kjenner kvarandre. Og det synest eg er veldig hyggeleg.

Sidan kora som treftest «kjente kvarandre» frå før, var det lettare for Oliver å verte kjent med koristane der. Om kor skal verte kjente med kvarandre vert kortreffa ein viktig møteplass, og eit påskot for å treffast. Koret Oliver trefte hadde hatt relasjonar til koret hans sidan 90-talet. Denne mogelegheita til å etablere stabile relasjonar mellom kor har ikkje vore mogeleg i Trondheim i same grad før kortreffa vart stifta.

Ein kan sjå på identiteten til koret som ein integrert del av eins eigen identitet, som kan skape relasjonar mellom koristane basert på kora sine historier: Hadde ikkje kora hatt ein relasjon sidan 1990-talet, hadde det ikkje vore like naturleg for han å introdusere seg sjølv med å gje ein klem. Koret og kortreffa kan då fungere som ein mektig institusjon som påverkar identiteten og den sosiale åtferda til koristane.

## 5.1 Organiseringa på kortreff

Jakob kunne fortelje at kortreffet Sjungom, som vert organisert av TSS vart for fyrste gong arrangert i 2012. Dette kortreffet vert lagt i oktober annakvar haust, kvar haust det ikkje var UKA. Under UKA har TSS og TKS, samt Pirum, Candiss, og Knauskoret eit tett program. Av reint praktiske årsaker vart det bestemt at Sjungom skulle arrangerast anna kvart år. Leiaren av Sjungom vert valt inn på generalforsamlinga, og er avhengig av at andre vert med i komitéen. Grunna suksessen, ville linjeforeiningskora arrangere sitt eige arrangement på våren. Dette var like populært, og utvikla seg til å verte ein årleg festival. Noko som i følgje Jakob var nytt for Sjungom var at dei innførte fellesøving. Bakgrunnen for valet var ynskje om å kunne syngje saman på kortreffa. Deltakarkora hadde derimot ikkje noko fellesrepertoar, noko som vart løyst med å inkludere ei fellesøving under kortreffet.

> Det var jo ein kjempesuksess. Det var ikkje noko revolusjonerande. Det var heilt standar, det er ei standard oppskrift på dei her treffa. Bortsett frå ein ting ein gjorde annleis. Og det var at me hadde ein fellesøvelse. Me starta med ein fellessøvelse fordi me visste eigentleg at ingen av dei her kora kan noko fellessongar. Så skal ein ha allsong så må ein faktisk lære songar til festen. Det trur eg funka bra rett og slett.

Jakob kan sjåast på som ein tradisjonsberar, men også ein innovatør. Han har etter åra i TSS opparbeida seg kunnskap om korleis til dømes kortreff kan eller «bør» organiserast. Han står fram som ein visjonær som ynskjer å vidareformidle studentkortradisjonen med å inkludere studentkora i byen. Grepet om å innføre fellesøving er også eit aktivt grep om å inkludere, og å lære bort miljøsongar som han kjente til frå miljøet. Jakob blir dermed også ein nøkkelperson, og ein viktig initiativtakar for etableringa av Sjungom.

Sjølv om Sjungom og Korstock er relativt like arrangement, er det eit par forskjellar. Sjungom har mellom anna ein gallamiddag. Sjølv om mange element er dei same, er det rom for variasjon. Sjungom 2016 brukt pengar på pyro-effektar, der ein song «studentsong» i takt med fyrverkeriet. Dette var med på å auke påmeldingsavgifta, og vart ikkje vidareført gongen etterpå. Korstock på si side har valt vekk mykje av det staslege, for å få fleire påmeldte. Med å droppe gallamiddag og fyrverkeri, senkar dei påmeldingsavgifta, og opnar opp for at arrangementet er meir tilgjengeleg. Korstock har «marknadsført» seg annleis enn Sjungom, og det synast å vere eit mindre fokus på alkohol der, enn på Sjungom. Ein kan sjå at det er fleire alkoholrelaterte hendingar frå arrangørane si side på Sjungom. Det eine ritualet, turku, som går ut på å shotte vodka i fellesskap, har jamt over hatt høgare alkoholprosent enn det same ritualet på Korstock. Det må påpeikast at alkoholprofilen til arrangementet kan variere sterkt etter kven som vert valt som sjungomgeneral. Ein årsak til at Sjungom tilsynelatande har større fokus på alkohol enn Korstock kan vere i organisasjonsstrukturen; der Sjungom er arrangert av éin TSSar, er Korstock laga av representantar frå alle kor, etter ein meir demokratisk modell, der representantane ikkje nødvendigvis har forventningar om korleis arrangementet bør leggast opp, og dei kan vere friare til å utvikle det i den retninga dei ynskjer.

Her er eit døme frå korleis Korstock og Sjungom vart lagt opp:

**Tabell 3 Døme på korleis Korstock kan vere organisert**

| Korstock | Fredag | Laurdag |
|---|---|---|
| Morgon | | Matiné |
| Formiddag | | Lunsj, quiz og leik |
| Ettermiddag | Informasjon og oppvarming, fellesøving og preludium (organisert vors) | Pause. Ofte eigne arrangerte vorspiel |
| Kveld | Fest | Turku, etterfølgt av fest |

**Tabell 4 Døme på korleis Sjungom kan vere organisert**

| Sjungom | Fredag | Laurdag | Søndag |
|---|---|---|---|
| Morgon | | Matiné | Psildefrokost |
| Formiddag | | Lunsj | |
| Ettermiddag | Informasjon og oppvarming, fellesøvelse og preludium | Turku | |
| Kveld | Fest | Gallamiddag etterfølgt av fest | |

Med unntak av eit par punkt, kan ein sjå at dei fleste aktivitetane er sentrerte rundt fest og musikk. Dei heng ofte tett saman, og utelukkar ikkje kvarandre. Eg ynskjer likevel å gå tettare inn på kva musikk som eksisterer på kortreffet. Korleis vert den brukt? I kva situasjonar oppstår den?

## 5.2 Musikk på kortreff

Musikk finst i mange ulike former på eit kortreff. I tillegg til avspelt musikk på fest, har ein mange ulike segment av kortreffet som har ulike former for musikk i seg. Kanskje ikkje så overraskande er desse knytt opp til song og kormusikk. Eg tar for meg bruk av musikk på kortreff i den rekkefølge dei som regel kjem i på eit kortreff.

### 5.2.1 Fellesøving

Fellesøvinga er den fyrste musikalske arenaen som møter koristane på eit kortreff. Det er som regel det fyrste som skjer etter informasjon er gitt ut og oppvarminga er ferdig. Informasjonshefte som vert delt ut fungerer og som songhefte, med ei rekkje miljøsongar. Deretter går stemmegruppene kvar for seg, og lærer seg stemma si i songheftet. Øvinga er leia av ein dirigent. Cirka halve øvinga går til stemmeøving, medan siste halvdel er fellesøving. Her syng ein igjennom songane ein har lært seg. Kva songar som plar vere i heftet varierer, slik at ein kan lære seg fleire fellessongar. «Korstock-sangen» er likevel eit fast innslag. Dette er eit arrangement med nyskrive tekst av *Dancing in the moonlight* etter Toploader sin versjon. Denne songen har etter kvart etablert seg som ein song mange av deltakarane hugsar i frå dei førre kortreffa. For Maja var fellesøvinga eit av høgdepunkta på kortreffet, for ho var kjensla om å ha eit fellesprosjekt viktig.

> Det som går igjen som er felles mellom Sjungom og Korstock er det å opptre for kvarandre, fellesøving og sverminga. Det synest eg var det kjekkaste. Det er det som trekk meg der…treffet med andre kor og det fellesskapet. Fellesøving med 3-400 stykk synest eg er heilt magisk. Heilt gull. Det er feel good over det heile.
>
> [kva er det som gjer det feel good?]
>
> Eg føler at me har eit fellesprosjekt, og det er veldig stort å føle at ein er ein del av det med så mange ukjente. At me får til å gjere noko saman på fellesøving.

Kjensla av fellesskap, eller å ha eit fellesprosjekt går igjen i Maja si skildring av kortreffet. Ho peikar på fleire konkrete musikalske handlingar, både fellesøving og matiné. Slik eg forstår ho kan ho peike på eit generelt fellesskap ho får på Korstock, men også ei kjensle av eit fellesskap i sjølve handlinga fellesøvinga presenterer. Det er nærliggjande å bruke ordet «musicking» henta frå Christopher Small (1998). Han brukar ordet musikk som eit verb, musikken er noko ein gjer. Dette er etter mitt syn særleg synleg i korsamanheng, sidan å syngje er ein så integrert del av sjølvet. Maja si kjensle av eit fellesprosjekt kan også støttast av mellom anna i Nora Kulset (2015). Ho skriv at «musikk har ein sterk iboande kraft til å fremme gruppekjensle» (s. 31). Dette kjem tydeleg fram i eit kor.

### 5.2.2 Sverming

Sverming, også kalla vrimling, kurtisering eller intimkonsert, er ein vesentleg bestanddel av kortreffa her i byen, og eit viktig musikalsk fenomen på kortreffet. Sverming går ut på at to kor treff kvarandre i løpet av festen på kortreffet og syng for kvarande. Som regel vert det danna ein sirkel, og det er god skikk å prøve å blande dei to kora så godt det let seg gjere. Kvart kor syng som regel 1-3 songar for kvarandre, og avsluttar gjerne med ein fellessong om dei kan. Det er vanleg at ein korist presenterer songen med ein «konf»[33],

[33] Konf. Av konferansiering. Den som presenterer kva koret skal syngje.

gjerne på ein litt morosam måte. Sjølv om ein kan einast om kva ei sverming er, er det likevel variasjonar i korleis sverminga er lagt opp. Nora meinte at det fanst eit par faste reglar knytt til presentasjonen av songane under sverming.

> Slik eg har opplevd det fram til no verker det som om det er eit par faste reglar. Ein skal syngje maks 2-3 songar kvar. Alle songane skal presenterast på ein litt korny og cheesy måte.
>
> [Kva meinar du med det?]
>
> Det skal gjerne vere ordspel, det skal vere ein fin «segway» til neste song, det skal vere litt humor, det skal ikkje bli tatt veldig på alvor. Det er ikkje ein konfing ein gjer på konsert, men her skal ein gjere ein cheesy overgong for å få litt humorpoeng, så skal ein syngje.

Sverminga har ein viktig funksjon på kortreffet, og vert ein arena der ein kan verte kjente med andre koristar og knyte sosiale band på ein anna måte enn på fellesøvinga. Sverminga skil seg frå ein vanleg konsert med at ein er gjensidige. Ein vekslar på å syngje for kvarandre, og det kan verke som det er ein konsensus om at ein er på same lag. Nora merka og ein stoltheit i koret mens dei sverma:

> Det er jo dette konseptet med å vrimle, det er viktig. Då kan ein syngje for kvarandre, og ein kan bli litt kjent med kvarandre, og det er noko veldig.. Det er dårlig ord å bruke då, men det er veldig intimt å syngje for kvarandre då […] Det er ikkje ein god måte å bli kjent med folk på, men […] det er ein fin ting å gjere. Man merkar på ein måte og induviduell stolthet over eige kor i ein sånn setting.

Sjølv om Nora ikkje såg på sverming som ein aktivitet der ein vart kjent med folk på, peikar ho likevel på at det var ein fin ting å gjere. Eg forstår det som at denne felles erfaringa ein deler kan gjere at ein kjenner på ei fellesskapskjensle i augeblikket. For Emma var det eit viktig poeng for at ho nettopp vart kjent med folk. Ho opplevde at det var lettare å verte kjent med folk under sverming, for då var ein delt inn i mindre grupper, og folk var opne for å verte kjente.

> Folk er opne for å bli kjent og opne.. særleg når ein skal sverma for kvarandre og sånn, så blir ein på ein måte tvungent til å snakke saman, og det er litt mindre, ikkje så mange å forholde seg til liksom så kan ein lettare bli kjent med akkurat dei.
>
> [kva trur du gjer at sverming er ein så bra aktivitet å bli kjent med andre koristar?]
>
> Eg veit ikkje, eg trur kanskje at det er fordi du får litt færre mennesker å forholde deg til. Når det er veldig mange så er det vanskeleg i alle fall for meg synest på ein måte å gå å prate med nokon og finne ut kven du skal prate med og kva du skal seie og sånn, men når det berre er to kor er det færre å forholde seg til og du har nokon spesifikke ting. Det er lettare, og du kan prate med dei du kan seie «de var flinke å syngje» eller. Det er liksom lettare å komme inn på eit tema og begynne å prate saman. Og så syng ein saman, og så blir ein gjerne ståande litt saman å prate etterpå

For Emma vert sverming dermed eit påskot som stimulerer til samtale. Sverminga fungerer som ein isbrytar for ho, der det vart lettare å verte kjent med andre koristar som ho hadde delt erfaringa med. Emil på si side tykte at ved å sverme kunne han verte betre kjent med kor, men ikkje med andre koristar når han sverma:

> Det er ein veldig fint måte å bli kjent med andre kor men du blir ikkje særleg kjent med dei andre koristane.

Sverming vert dermed ein arena der ein kan knyte sosiale band både på eit individnivå, men også frå kor til kor. Eit kor kan verte kjent med eit anna kor, som igjen gjer at koristane lettare kan verte kjente med kvarande. At to kor plar samarbeide, eller at dei har samarbeida eller hatt kontakt tidlegare kan fungere som enda eit påskot til sosialisering.

I interjuva mine var eg interessert i å undersøke kva koristane meinte om sverming, sidan mi forforståing av fenomenet var at det nesten utelukkande var knyt positive konnotasjonar til det. Mange av informantane meinte at sverming kunne ta litt av, og ta fokuset vekk i frå festen. Det kunne rett og slett verte litt for mykje av det gode. Dette uttrykte Filip som å «springe frå sverming til sverming»

> Eg opplever sverming som ein veldig fin måte å bli kjent med andre kor. Men det er kanskje vore ein tendens på nokon korhelger som me har vore med på at det kanskje har vore litt for mykje sverming. At eg føler at ein spring frå sverming til sverming utan så mykje pause i mellom.

Det kan verke som om det rådde ein haldning på kortreff, der alle var samde om at sverming var noko viktig og fint, og at ingen sa i frå om det vart for mykje. Ein vil ikkje øydeleggje dette spesielle intime ritualet for dei nye. For Lukas betydde sverming at ein hadde nærmast ei «liste» ein måtte sverme med før ein kunne sverme med andre kor, fordi det var forventa å pleie relasjonane mellom kora.

> Ein hadde ein kurtiseringsansvarleg, og denne personen visste akkurat kva kor det var viktig å få kurtisert med, og etter det sto ein meir fritt på ein måte. Men det er vel ein 5-6 kor ein må tikke av på ein måte. Det er obligatorisk å kurtisere med.

Sjølv om det kunne opplevast som litt stressande til tider, var mange av informantane mine tydelege på at det var eit ritual som var fint alt i alt. Lea forklarte at det vart opplevd som trygt.

> ja.. ein veit kva det går til då. at ein ikkje vert «outa» på ein måte. At dei som tar initativ til å stille seg på midten og seie kva me skal syngje og dei som ikkje har problem med det og dei som er komfortable i ein sånn setting. Og så trur eg at om ein er ny og ikkje har vore med på å det før så skjønner ein fort kva det går ut på.. Og eg trur ikkje ein tar det så høgtideleg då.

Kva sverming er, vil dei fleste koristar kunne einast om. Sverming har tydelege gjenkjennande trekk ved seg, som til dømes at kora står blanda i ring, og syng for kvarandre. Kva sverming betyr for den enkelte og dei enkelte kora vil derimot variere sterkt. Sjølv om dei fleste eg har vore i snakk med meiner at det er ein positiv musikalsk aktivitet, seier samtidig mange at det kan verte for mykje sverming, som vert tidkrevjande. Det kan verke som det er ei konsensus om at sverming skal vere bra, og at det er ei haldning koristar er opptatt av å presentere utad. Mange seier at det fungerer som ein lågterskelarena å skape musikk, som ein ikkje tek så høgtideleg, der det er trygt å framføre, og at det vert ein arena for å bli kjent med andre kor. Sverming har altså slik eg forstår ein musikalsk og sosial funksjon, med uskrivne reglar og haldningar knytt til seg, ikkje ulikt ei norm.

Desse normene kan gjere det vanskeleg å få fram meir negative aspekt med kormiljøet som miljøet sjølv ikkje likar å identifisere seg med, men som kom til syne igjennom intervju. Maja fortalde at trass alle dei positive sidene med sverming miljøet lyftar fram, opplevde ho tidvis sverming som ein arena å vise seg fram på.

> Eg synest det er artig å bli betre kjent med andre kor på den måten. Det er artig og skøy. Og så kan det bli veldig mykje av det. Også der opplever eg kanskje at det blir meir prestisje då. at «me skal sverme med dei» det er kanskje litt meir sånn.. kjenne på konkurranse mellom kora. At det er nokon kor som tilsynelatande står høgare i verdi enn andre.
>
> [at det vert eit hierarki?]
>
> Ja. At det er liksom nokon kor som er kjempepopulære å sverme med. Mens andre kor slit med å finne nokon.

Det Maja fortel her, kan tyde på at det finst skjulte maktstrukturar i kormiljøet som kjem til syne igjennom sverming. Ho peika på at det var dei kora som tilsynelatande meistra kortreff på ein «korrekt» måte som var høgare oppe på hierarkiet. Dette er ikkje berre kora som i miljøet er anerkjent som «gode» kor, som TSS og TKS, men også dei linjeforeiningskora som på ein vellukka måte har implementert eigneskrive tekstar og show inn i framføringane sine, som til dømes Pikestrøm, Høystemt, Foetus ex Ore og Bilyd. Dette tar oss vidare til ein anna viktig musikalsk del av kortreffet, matinéen.

### 5.2.3 Matiné

Matiné er ei formiddagsforestilling. På kortreffet er ikkje «Matiné» berre ei formiddagsforestilling, det er óg einstydande med konserten deltakarkora har for kvarande på laurdagen. Det er med andre ord ikkje ein offentleg konsert for mannen i gata, slik som me finn på kortreffa for storkor. Her viser kora stolt fram éi låt kvar, til overdøyvande applaus. Repertoaret varierer med kora som syng. Her kan ein høyre både «Star Wars-medley» og «Et rosa helikopter», men også «Pål sine hønur» i meir tradisjonelt korarrangement. Sidan det etter kvart er svært mange deltakarkor, er det berre tid til ei låt kvar. Filip fortel at han ein gong framført basstemma åleine, sidan ingen andre i det vesle koret hadde dukka opp på kortreffet. Han fekk ståande applaus for innsatsen sin. Dette synest eg er eit godt døme på den musikalske praksisen på kortreffet. Underhalding er eit viktig del av framføringa. Ein skal vere forsiktig med å setje underhaldning opp mot musikalsk kvalitet, då det ikkje treng å vere ei motsetning. Likevel er dette ein dikotomi som fleire brukte: Emma skilde mellom musikalsk kvalitet og underhaldning då ho presenterte kva koret hennar song.

> Me har nokon som er veldig teknisk flinke, definitivt. men det er ikkje alle som har den songbakgrunnen. At me har noko stort mål om å synga veldig lekker på sånne.. om me har sånne enkle songar så må ein ha ganske god teknikk for å få det til å høyrast pent ut. Så me har vel. Dei fleste synest nok det er morosamare å syngje songar der det skjer litt meir. Der ein ikkje treng å syngje heilt perfekt for at det skal vere gøy og bra å høyre på.

Ho peika mellom anna på at koret hennar likte betre populære songar dei kjente frå før, og antar at dei fleste synest det er kjekkare å syngje songar der det «skjer litt meir». Eg fekk inntrykk av at mange av informantane mine hadde ein forståing av at tradisjonelt korrepertoar ofte kan vere «kjedeleg» og vanskeleg, og at dette påverka val av repertoar til blant anna matinéen. Datamaterialet mitt seier derimot ingenting om repertoar spesifikt knyt opp til matiné.

Matinéen er på mange måtar opninga av festen på laurdagen. Det er her folk opnar opp den fyrste pilsen. Sjølv om enkelte kor, som Jakob refererte til som «allsongforeningar» ikkje tek prestasjonen sin høgtideleg, er det for mange viktig å gjere eit godt inntrykk på konserten. Fleire sa at det var opplevd som annleis enn ein vanleg konsert, fordi ein visa seg for likesinna. For Maja var det å vise seg fram for likesinna eit viktig poeng på heile kortreffet:

> Fyrste eg var med på var Sjungom i 2014. og det var utroleg gøy. Det var kjempegøy å treffe andre koristar i Trondheim. Det var kjempegøy å framføre for kvarandre… [Det] som går igjen som er felles mellom Sjungom og Korstock er det å opptre for kvarandre, fellesøving og sverminga. Det synest eg var det kjekkaste. Det er det som trekk meg der.

Jakob, som var dirigent for eit studentkor, meinte at koret var opptatt av å framføre noko som ikkje var av dårleg kvalitet, sidan ein framførte det for folk som held på med det same.

> Eg trur den er viktig for alle når ein stiller seg opp for ei stor gruppe menneske som held på med det same som ein sjølv. Ein ønsker ikkje at det skal vere drit… På kortreff er det folk som driv med det same. Mens på konsert er det folk du kjenner som ikkje driver med ein hobby. Om det slår inn på korleis ein framfører? Nei eigentleg ikkje, eg trur dei er ganske lik. Det er ganske mykje nervar knytt til ein kormatiné og ein konsert. På kormatiné går det veldig fort over då, også kan du drikke øl.

Filip tok også opp at prestasjon og alkohol var knytt samen. Han venta til etter framføringa med å opne pilsen, sidan det var viktig for han å vise seg fram for likesinna.

> [Når ein framfører] ynskjer ein å vere frisk og prestere då. men det er jo på ein måte når matinéen er over og ein sjølv har sunge, då er ein jo ferdig då.

Emma meinte det var ekstra kjekt å framføre på matiné, fordi det var eit publikum som sat meir pris på innsatsen. Ho sa og at koret hennar plar satse litt på show.

> At det var matiné og ein fekk høyre på kvarandre. Og då var det ekstra gøy å framføre for folk som.. det er morosamt å framføre for andre som syng i kor, for dei set meir pris på den innsatsen du har gjort.

> [Me plar] fokusere litt på showfaktoren i staden for å syngje perfekt. Me er jo ein gjeng som likar å syngje, ikkje nødvendigvis kan syngje, så då går me meir for show, då.

Oliver på si side var opptatt av at folk på scenen koste seg. På matiné er du like mykje publikum, om ikkje meir, enn framførande. Difor var det viktig for Oliver at kora som deltok var stolt av det dei leverte, sidan det i følgje han ikkje var eit fokus på det musikalske nivået.

> [har det musikalske nivået noko å seie på korleis du opplever eit kortreff?]

> Ikkje det musikalske nivået sånn for seg, men eg har det mykje betre om eg ser på dei på scenen koser seg. Om dei på scenen kosar seg så har det ikkje så mykje å seie om dei syng ræva. Men om dei står og prøver å syngje bra og du ser på dei at dei føler dei drit seg ut på ein kjip måte, då er det ikkje så kjekt. For då liksom motvirkar det hovudpoenget til at ein syng i kor når ein er student. Det må jo vere å kose seg.

Dette synet delte også Henrik med Oliver.

> Dei som er på botn er dei som ikkje syng så bra, og som er kjedelige å sjå på eller kjedelege å høyre på.

Det er altså klare forventningar til prestasjon på matiné, sjølv om eg opplever at miljøet vil presentere matiné som ein trygg framføringsplattform. Til trass for overdøyvande applaus, vil nokon kor meistre denne typen prestasjon betre enn andre kor, og dermed vil nokon kor ha ein høgare status her, nett som på sverminga. Matiné er ikkje ein konkurranse, men ein kan framleis argumentere for at det finst ein «vinnar», og dermed ein «tapar».
Matinéen kan ikkje heilt samanliknast med ein offentleg konsert. Maja meinte at matinéen skilte seg mellom anna fordi deltakarane sto i ein gjensidig relasjon til kvarandre, og at alle måtte by på noko, om det skulle bli matiné.

> [Skil det seg frå ein vanleg konsert?]

> ja absolutt, fordi alle gjer, og alle får. Så det blir på ein måte meir samarbeid og.

> [Mellom kor som framfører og publikum liksom?]

> Ja. Alle skal jo ned å opptre, så det blir ei sånn fellesgreie då. Det blir ikkje matiné om ikkje alle vil by på noko då.

For fleire av koristane, mellom anna Filip, var prestasjonen på matinéen viktigare enn ein vanleg konsert, fordi ein viste seg fram til likesinna. Å vise seg fram og lykkast på matinéen gav meistringskjensle.

> Det er jo kanskje meir at ein viser seg fram for «likesinna» då? Eller ikkje for mor di og far din som kjem fordi dei må, men fordi liksom det er for andre studentar og andre studentkor, og TSS og TKS og det er mange ein ynskjer å vere flink foran då. vil lykkast foran då, og når ein klarar det er det ein stor meistringskjensle.

Dette kan vere med å stadfeste nokon av dei skjulte maktstrukturane i miljøet. Ein vil vise seg fram for dei «flinke». Anerkjenninga ein haustar frå dei «betre» kora kan synast å vere meir verdt enn frå andre kor.
I likskap med sverminga, er matinéen ein musikalsk aktivitet med svært delte meiningar. Mange tar opp at det er stoltheit knytt til å framføre noko som likesinna, og at det gjerne er ein plass ein vil gjere eit godt inntrykk, både som kor, men også ved at ein kjenner på meistring, slik som Filip gjorde. Slik mellom anna Emma såg på det, kunne ein få anerkjenning og meistring ved å velje dei rette songane. Matinéen representerer også inngongen til festen på laurdagen. På lik linje med sverminga rår det også her ei idealframføring. Det er dei same «konfingane» men med ei litt anna kontekst. Også her kan ein snakke om musikalsk og sosiale normer som er med å skape forventningar til framføringar.

### 5.2.4 Allsong på kortreff

Ein anna viktig musikalsk aktivitet på kortreffa er allsongen. Den kan vere både spontan og organisert i løpet av festen. Her syng koristane som regel miljøsongar dei lærte på fellesøvinga, eller songar som har vorte sunge tidlegare. Det kan også vere songar som kora har lært seg på eigenhand, som til dømes «Olav Tryggvason». Dette var eit av dei store høgdepunkta for Henrik i ei historie om fellessynging av «Olav Tryggvason» (Olav T):

> Ein av dei store høgdepunkta til KorLF[34] eller Sjungom har jo vore denne felles Olav T, som av og til, ja på fyrste Korstock skjedde det litt spontant, og i frimurarlosjen så gjekk alle gutane opp på galleriet… Du veit at felles Olav T er viktig, og når det var eit år der det ikkje skjedde eller det ikkje var organisert eller noko så den blei avholdt medan [koret mitt] var borte å sverma. Så eg prøvde å dra i trådane for at det her må skje organisert, men då må det skje frå leiinga, då må leiinga seie: «Her, no er det fellessongting» for eg veit kor viktig det er. For det som skjedde på Sjungom var at: «Nei me vil ikkje ha fellesskap for det er for dårlig». Ja eg veit at det ikkje er så bra, og heilt ærleg så får ikkje eg det store musikalske ereksjonen av det, men klarte i alle fall å empatisere med dei andre då. Sikkert vanskeleg med dei som berre har vore i «eliten då», å skjønne det.

Historia om fellessynginga av «Olav T» vert ståande som eit godt døme på det som kva type haldningar som kan vere på «toppen» av kormiljøhierarkiet. Som korist i både eit linjeforeiningskor og eit storkor, la han merke til ulike haldningar i koret. Som tidlegare linjeforeiningskorist visste han kor viktig «Olav T» var for hans tidlegare kor, men følte at han blei møtt med elitistiske haldningar i sitt nye kor, som hadde ein høgare status på treffet. Dette vert ytterlage poengtert gjennom ein anna episode Henrik fortalde meg frå eit anna kortreff:

> [Eg] prøvde veldig hardt initiere på at no må me syngje dei fellessongane me har, for det er jo no arenaen er, folk er her for å syngje.. også var det [Mikkel] som sa: «Nei, la folk danse, også blir det så dårleg uansett. Og dei er ikkje her for å syngje og dei syng så dårleg at det er flaut». Og då såg eg svart i min linjekoridentitet da,

[34] KorLF forkorting av korlinjeforeiningstreff, var namnet før det skifta til Korstock i 2014.

> som militant. Det var ein sånn arrogant haldning då. Ja, eg føler meg og som det beste koret. Det er ikkje det, men eg har jo vore linjekorist og veit kor viktig det store fellesskapstingen er, og høyrt [koret mitt] glede seg til dette kvar jævla øving, og så får du den der «Nei, det blir ikkje bra uansett» ,beskytt dei mot seg sjølv haldninga.

Det er verdt å merke seg at Henrik identifiserte seg som «militant linjekorist». Henrik var bevisst på si rolle, og var vel vitande om at han var med i det «beste koret». Eit anna kortreff prøvde han å organisere fellessongen for gutane med koret, men også her blei han møtt av det han opplever som elitistiske, og til og med destruktive haldningar.

> Me prøvde i Whatsapp[35] å organisere litt folk då. «Hei folk er gira på å syngje Olav T, la TSS vere med», for det er som regel TSS som binder det saman og resten støtter seg på i snitt i alle fall […] me ser på det som vårt ansvar at den fellesskapsopplevinga då. Også var det [Jens] i chatten som skreiv «Nei la oss ha litt respekt for Olav T, gutta, ikkje maltraktere den, og ikkje oppfordre folk til å syngje den. Olav T er ein heilag song for oss» […] så hugsar eg [Jan] sendte eit veldig pent svar sånn: «Halla gutta, la oss heller ta ansvar for at det blir ein koseleg oppleving i staden for å sjå ned på kvarandre. Eller å sjå ned på andre». Og hadde ikkje den meldinga kome så hadde kanskje eg eller ein anna skrive ein sur melding og hengt ut vedkommande. Eg rapporterte det til styret som ein personalsak. At dei haldningane er destruktive. Denne elitistiske haldninga. Ja, eg er einig at me syng den best, men eg vil ikkje.. Me kan godt skape fellesskap fordi me er best, men me kan ikkje nekte andre å få syngje ein kul song.

I dei to historiene til Henrik kan me lese om motstridande haldningar innad i TSS til andre kor. Utsegna om å «beskytte seg sjølv», «det blir så dårleg uansett», og «Olav T er ein heilag song for oss» kan seie oss noko om kor viktig rolle tradisjon har i dette tilfellet. Ein skal ikkje sjå bort i frå at for enkelte veg det mykje tyngre å behalde Olav T for seg sjølv, enn å skape det fellesskapet som kortreffa vert fronta som.

Valspråket til Korstock er «2 days of peace & music», og dette speilar mange historier informantane mine fortel meg. Formålet mitt her er å undersøke dei musikalske praksisane som er til stades på kortreffet, og løfte fram eit meir nyansert syn på kva kortreffet kan vere, i ei spenning mellom individet og fellesskapet. Ein skal likevel ikkje gløyme dei positive opplevingane folk har på kortreffet. Jakob fortel om korleis eit kortreff, eller fest med kor, er annleis enn andre festar han går på, mykje på grunn av ulik bruk av musikk. Han trekk mellom anna fram allsongen som eit døme.

> [Eg] hadde eit par gode opplevingar på det å treffe kor og det å dra på fest med kor som er noko anna enn å dra på fest med ein vennegjeng ut på byen eller [fotballaget] på eit sted der det spelast dunk-dunk-musikk. Det er på ein måte.. det er som regel ikkje musikk på kortreff. Ein lagar sin eigen musikk. Det er allsong. Allsong er jo gøy, alle som heier på fotballag veit jo det. Alle andre ser ut til å ha gløymt det. Utanom dei som syng i kor. Og det er song av variabel kvalitet, men det er gøy

Ein kan sjå her at Jakob har ei førehandstru, og ei erfaring med at festar med ein vennegjeng på byen, brukar musikk passivt, eller ikkje-verbalt, igjennom å danse til avspelt musikk, medan han på fest med kor tar del i å skape musikken sjølv. Også han peikar på den musikalske kvaliteten i songen, men poengterer at den ikkje forandrar funksjonen til allsongen, som var å ha det gøy.

Igjennom narrativa som har vorte presentert av informantane mine kan ein leggje merke til at både sverming, matiné og allsongen kan vere knyt opp til ein hierarkisk maktstruktur med motstridande haldningar. På ein eine sida er det romantiserte synet kortreffa representerer, som til dømes valspråket til Korstock «2 days of peace and music», medan

[35] Digital kommunikasjonsplattform

ein på andre sida igjennom musikalske og sosiale normer, har forventningar til kva repertoar som vart valt, og korleis sverminga skal gå føre seg. Dette vert nyansert med historier om konfliktar som handlar om musikalsk kvalitet og haldningar til andre kor og koristar. Me har høyrt historier frå koristar som sjølv definerer seg som «dårlegare», og frå koristar som sjølv definerer seg som «betre». Koristar, som Henrik er i ei konstant trekking mellom dei ulike korlojalitetane, på den eine sida var lojaliteten til linjekora sterk og han ville at miljøet skulle vere inkluderande for alle, samtidig som han som småkorist vert anerkjent av miljøet som ein av dei betre. Kortreff som Sjungom og Korstock vert ikkje musikalsk utfordrande og utfoldande nok for han. Kanskje mykje fordi han har andre arenaer til å utfolde seg. Denne statusforskjellen på kortreffa meinte Jakob handla om at det var eksklusivt.

> Eg trur det oppleves eksklusivt på same måte som det føler eksklusivt å vere med på noko der det er ein mulighet for at du ikkje får vere med.

At kortreffa utanbys ikkje er for alle gjer at dei som vert invitert kan føle seg eksklusive. Medan dei som ikkje vert invitert, kan føle seg ekskludert. Særleg om ein opplever at det er dei kora med høg status som reiser utanbys. Jakob kunne også minnast diskusjonar i samband med organiseringa av Korstock der enkelte medlem ikkje ville invitere TSS og TKS på kortreffet grunna statusforskjell.

> Der har me hatt interessante diskusjonar. For der var det snakk om at linjeforeiningskora ikkje hadde lyst å invitere TSS og TKS fordi dei opplevde at det var ein statusforskjell. Så ein kan seie at det er ein del som opplever det som eit hierarki

Eg har sjølv vore med på Korstock som storkorist, og det var eit fokus og poeng for koret at me ikkje ville oppfattast som arrogante. At det i det heile vert diskutert korleis me skulle oppføre oss kan tyde på at fleire er bevisste på statusforskjellar i kormiljøet. Musikken som oppstår på kortreffet er alltid i ein kontekst til sosiale rammer, der alkohol har ei sentral rolle. Når eg vel å skilje mellom musikk på kortreff, og kortreffet som ein sosial arena, er det for å kunne gå djupare inn i detaljane på kvar av dei. Korleis påverkar musikken det sosiale aspektet med kortreffa? Kva kjenneteiknar sosial interaksjon på eit kortreff?

## 5.3 Kortreff som sosial arena

Dei musikalske og dei sosiale normene og praksisane på kortreff skjer om ein annan, og kan vere vanskeleg å skilje. Det kan verke kunstig og i det heile sette det opp i ein dikotomi. Når eg eg likevel vel å gjere det er det for å skilje dei musikalske praksisane frå dei ikkje-musikalske praksisane som informantane mine tok opp. For Lukas som hadde vore lenge i miljøet fungerte kortreffa som ein stad der han kunne treffe igjen koristar i frå andre kor.

> Altså det eg synest er kjekt på kortreff er å, at når eg har vore med å lenge så kjennar eg frykteleg mange i andre kor også, så kortreff er ein veldig fin anledning for meg ikkje berre å henge med mitt eige kor, men med folk eg kjenner sånn alle andre kor også

For Lukas var ikkje kortreffet berre ein musikalsk møteplass, men også ein sosial møteplass der ein kan møte likesinna. Denne kjensla av å dele same interesse med dei andre er noko som fleire har tatt opp. For Lukas som hadde vore i miljøet lenge, var kortreffet ein arena til å treffe folk utanfor koret, noko han ikkje fekk gjort til vanleg. Filip på si side meinte at kortreffa gjer ein mogelegheit til å verte kjente med medkoristar ein til vanleg ikkje vart kjent med, fordi folk var innstilt på å setje av tid til det, og ha det hyggeleg.

> Eg føler samhaldet godt då, og på ein måte, ein slepp seg meir laus då. at ein snakkar med folk ein kanskje ikkje hadde snakka med til vanleg då. ein lausare stemning då. og folk er ute etter å hygge seg og ha det fint. Også blir ein ofte satt i mange ulike settingar, [fyrst er det] turku, og så må ein springe der også skal ein sverme også står ein med andre folk. Ja. Det opnar for å bli kjent med andre i koret på ein anna måte, då. Også, ja så følar eg at sidan me er så mange og såpass synlege då så sit ein kanskje ein gjeng […] Det er lett å sjå eingjeng frå kor i all verden […] Og då er det lett å gå å stille seg der. Eg føler me er flinke til å ta vare på kvarandre, då, når me er på korhelg på ein måte.

Han tek blant anna opp at uniforma er ein synleg identitetsmarkør som fungerer som ei «trygg hamn» ein kan komme tilbake til. Dette var det mange av informantane mine som tok opp, mellom anna Emil:

> Koret er på ein måte ei naturleg gruppe å falle tilbake til. Når det ikkje er noko organisert som foregår så vil me typisk klumpe oss saman. Utan at det nødvendigvis gjeld alle.

At koret er naturleg å falle tilbake på, kan vere med å seie oss noko om kva koret er, og kva sosiale mekanismar som er i sving i eit kor. Når det ikkje er noko organisert som skjer finn koristane tryggleik i sitt eige kor. Det er ikkje vanskeleg å sjå for seg at det er lettare å søke til det kjente. Koret kan tilby denne kjensla av fellesskap, og å vere ein del av noko større. Andre faktorar som uniform kan forsterke denne kjensla.

At lojaliteten til Henrik vart satt på prøve mellom to kor, seier oss at fellesskapet kan vere sterkt og at inkluderinga i eit kor også kan «gjere krav» på lojaliteten din. Inkluderande og ekskluderande mekanismar vil kunne oppstå om ein annan. På eit kortreff vil ein vere både ein «insider» og ein «outsider» samtidig. Ein er godt kjent i sitt eige kor, medan ein på kortreff vert eksponert for andre kor som ein ikkje kjenner til, og har eit anna forhold til. Nora kunne fortelje om at koret hennar ikkje var så «minglete» av seg, og hadde eit inntrykk av at dei andre kora hadde meir kontakt med kvarandre på kortreffet.

> Det handla jo mykje om, og handlar forsatt om, når me drar på kortreff med [koret], så heng me med [koret]. Stort sett. Me er ikkje ein så fryktelig minglande gruppe av oss, eigentleg. Me har jo ikkje så mange andre koristar å prate med å bli kjent med. Så kanskje andre kor har andre tendens til å gjere. Men ein blir jo.. det er difor det er fint med vors og sånn då. Då blir ein i alle fall kjent med nokon. Det hjelper å dra på korarrangement å henge med venner. Då er det jo koristane frå [koret] eg heng med.

Ho peikar blant anna på at det er fint med «vors og sånn». Dette er ein referanse til «preludium», som er organiserte vors på kortreffa, som blandar deltakarane i ulike vors. Dette skal vere med å hindre grupperingar og styrke inkludering blant koristane. Dette hadde Filip også gode erfaringar med:

> Ja det er det absolutt. Det har jo litt med at ein snakka med andre folk i koret, og ein snakkar gjerne med andre koristar då. og eg synest jo dei er flink med disse stemmevors.. ja preludium som er blitt ei greie då. For då på ein måte miksar ein opp då, og det er jo litt synd med at me er så mange frå [koret] då, men om ein er flink sosialt så blir det kanskje ikkje sånn då. men om ein er 4-5 frå [koret] kan det kanskje bli sånn då. men ja. Det er jo lettare å snakke med andre koristar på ei sånn type helg då.

Maja peika på at det sjølv om det var lett å prate saman, var det ikkje det same som at det var lett å få seg vener. Dette synest eg er eit viktig poeng å lyfte fram då intervjuspørsmålet mitt om «å verte kjent med andre kor» lett kan tolkast i den retninga at ein får seg nye vener.

> Eg opplever det som relativt lågterskel å slå av ein prat med andre kor. Men eg føler ikkje eg blir kjent med at eg får nye venner på Korstock og Sjungom.

Henrik nemnde i ein liten kommentar at kortreff var mindre interessant no enn før. Der fyrste gang opplevde kortreff som spesielt, var det dei siste gongane annleis, mykje fordi han visste kva som skjedde, og at den musikalske kvaliteten ikkje var god. Han peika også på at kortreffet hadde forandre seg for han etter han hadde fått seg kjærast.

> Det er det same. Fyrste Korstock var sånn wow det var så spesielt og det var så mykje men det er mykje på repeat det er mykje tradisjoner og så kjem turku og du veit kor det går. Og når musikken ikkje er på topp heller og du er ikkje-singel..

Ein kan forstå dette som at kortreffet vert sett på som ein arena der ein kan møte den utvalde. Jakob hadde reflektert over dette medan me snakka om kva kortreffa betyr for koristane.

> Eg trur jo det har betydd ganske mykje for ganske mange. Men den det har betydd for mest er jo sjølvsagt dei som har funnet sin kjærast eller sånn då. Dei blir jo lyfta fram som eit symbol då.

Eg har sjølv opplevd at kjærestepar frå kormiljøet vert lyfta fram som det fremste symbolet på korleis kor kan forandre livet ditt. Fyrste gongen eg fekk vete om Korstock var det ein av argumenta for å melde seg på. Dette var sagt humoristisk, og må sjåast i lyset av «kjærestegarantien» NTNU reklamerte med på den tida, men med det tatt til side, fekk ein likevel høyre romantiserte historier om par som hadde treft kvarandre i korsamanheng.

Eit anna døme på dette er å finne i TSS. TSS har eit «forlovedekor» i Finland, Lyran, som ein treff med jamne mellomkor. Gjennom denne relasjonen har det oppstått søt musikk, som har resultert i opptil fleire barn som har foreldre i kora. Ein kan sjå korleis kor kan fungere som ei bru til sosiale interaksjonar, ikkje berre mellom koristar, men i heile miljøet. I desse interaksjonane er alkohol ofte inni bilete. Eg undersøka haldningar til alkohol i undersøka mi, og tok dette perspektivet med meg vidare i intervjua. Eg ville undersøke rolla til alkohol på kortreffet. Legg det føringar for sosialt samvær? Korleis vert miljøet oppfatta av personar som er avhalds?

## 5.4 Alkohol på kortreff

På lik linje med mange andre sosiale aktivitetar for studentar, er alkohol ein integrert del av festkulturen her til lands, så også på Sjungom og Korstock. Då eg bad informantane mine om å reflektere over alkohol si rolle i kormiljøet, svara mange at dei ikkje såg kormiljøet sitt forhold til alkohol som annleis enn studentkultur, linjeforeiningskultur, samfundskultur, eller norsk kultur. Dei fleste sa til meg at det var mykje, kanskje for mykje, alkohol i kormiljøet, men at dei sjølv ikkje hadde problem med det. Å diskutere alkohol si rolle på kortreff blir likevel interessant om ein ser på korleis alkohol heng saman med musikalske praksisar og tradisjonar. I undersøkinga mi svara om lag halvparten at koret deira hadde eit eige ritual eller liknande under Korstock. Av dei var det berre eit par stykk som nemnde ritual der alkohol ikkje var involvert. Eg vil difor ta for meg nokon element av kortreffet der alkohol har ei sentral rolle. Det er i all hovudsak to aspekt eg skal ta opp om alkohol i kormiljøet: (i) alkoholvanar på kortreff, og (ii) musikk og ritual med alkohol. Det kanskje største ritualet på kortreff er turku.

## 5.4.1 Turku

Turku har truleg namnet sitt etter den finske byen med same namn. Kor ritualet har sitt opphav frå har eg derimot ikkje funnet ut av, men mykje tyder på at det var TSS som innførte det i kormiljøet, etter at Pirum hadde vore med på ritualet i Bergen med Handelshøgskulen sitt studentkor Svæveru.[36] Ritualet vart leia av ein «turkumester». Denne karakteren har ein «call and response» med resten av gruppa, i ein meir eller mindre fast dialog. Der han fortel kva tid ein skal ta drikke, og kva tid ein skal drikke den. Deretter vert det sunge ein song, med turkumesteren som forsongar. Teksten går over melodien frå refrenget til «Toreador» frå Bizet sin opera *Carmen*, og er gjengitt her:

> *Sitronen i skiver, kaffi strør vi på,*
> *Sukkeret giver kraft til de små*
> *løft ditt tomme beger høyt til topps,*
>
> *Fyll det med vodka, fyll opp!*
> *og når vi redo är, och turkan tar,*
> *vi dricker vodka'n bar*

Ein kan sjå at teksten gjenfortel kva ein skal gjere i ritualet. Turkumesteren har i tillegg med seg nokon medhjelparar som deler ut vodkashots og sitronskiver strødd med kaffigrut og sukker. Dette kan opplevast som eit sterkt rituale, og mange av informantane mine kommenterte korleis turku var eit usunt og ekskluderande ritual. For Maja var turku noko ho ikkje satt pris på, og som ho begynte å unngå, sidan ho ikkje fekk noko ut av det.

> Eg synest jo turku er heilt vemmeleg. Så det kan du berre «state» med ein gong. Eg har vore med på det. Eg var med på Sjungom fyrste gongen, og ein gong på Korstock. Og elles så unngår eg berre situasjonen. Eg kjenner at eg blir litt sånn.. eg veit ikkje kvar eg blir. Eg blir ikkje sint. Men kanskje litt sånn oppgitt.. og litt irritert. Eg synest det er litt barnsleg og litt unødvendig. Fordi det er eit opplegg som til dei grader kan opplevast som ekskluderande. Og så synest eg ikkje at det bidrar med så mykje positivt. Det er sjølvsagt kjempegøy for dei som synest det er gøy å shotte å bli dritings. Men eg opplever ikkje at det tilfører så mykje til den helga. Heller tvert i mot…Og joda ein kan seie at det er ein felles artig happening, og det er ein overrasking, for dei som ikkje har vore med før. Det kan bygge litt samhold. Men eg synest ikkje det veg opp for det negative då.

Ho trakk også fram ein episode der turkumesteren hadde stått høgt oppe på eit galleri og vore maskert, noko ho reagerte på, sidan han vart ein så sterk skikkelse med mykje autoritet. Maja nemner ei heil rekkje ting med turku som kunne vore forandra i frå arrangørane si side, men at det vert forsvara for å vere tradisjon. Ho drar parallellar til immatrikuleringsperioden enkelte linjeforeiningar har, med ein fadderperiode som har vorte kritisert for å ha eit høgt fokus på alkohol.

Sjølv om informantane mine var opptekne av å få fram at dei sjølv ikkje hadde eit problem med alkohol, møtte mange meg med ei innstilling at det var synd at det var så høgt fokus, og liknande. Oliver argumenterte for at det var vanskeleg å gjere noko med alkoholprofilen til kortreffet fordi det var ein etablert kultur.

> Når man leggjer opp til at det fyrste du gjer denne dagen er å ta 4 vodkashot, så virkar.. Så forstår eg at det kan verke som at me er med i kor for å drikke. Og det er.. Eg synest ikkje det er spesielt å gjere noko med det, fordi det er ein innarbeida kultur. Då trur eg det er betre, trur eg då, å vise at det går an å vere med på alt utan å drikke. For det finst jo utroleg nok avholdsstudenter, og dei må jo få vere med på morroa utan å føle at dei vert pressa, men det er klart om heile gjengen er å drikk i ein time og du står i ytterkanten i ein time, så blir du sånn: «Jaja, her står

[36] Personleg kommunikasjon med eldre koristar i TSS 14.02.2020.

> eg og de har kje tid til å snakka med meg fordi de er for opptatt av å drikke. Kult». Det er jo ikkje det. Det blir jo kjipt.

Nora peika óg på at det var vanskeleg å endre, og at alkoholen var ein viktig komponent som sosialt limemiddel.

> [Drikkekulturen] er mykje større på kortreff enn på ein generell korpils. Og det trur eg er vesentleg og for arrangement og. At det drikkes. Diverre.
>
> [Diverre på kva?]
>
> Vel.. I ei ideell verd så kunne ein hatt eit arrangement som ikkje måtte lene seg så tungt på alkohol for å vere vellukka. Men eg trur at grunnen til at Sjungom og Korstock er så vellukka som den er, er at folk drikk.

Som me kan sjå ut i frå dei ulike historiene, har turku både ein inkluderande og ekskluderande mekanisme ved seg. I Maja sitt tilfelle får seremonien eit ekskluderande preg ved seg, sidan ho vel å gå heim under seremonien, mellom anna på grunn av mangel på alkoholfrie alternativ. Motsetnaden mellom Maja og Oliver er store, og dei fleste andre informantane faller ein stad i mellom. Der Maja såg på seremonien som eit opplegg som kan opplevast som ekskluderande, såg Oliver på seremonien som tradisjon, og at: «Eg synest ikkje det er spesielt å gjere noko med det, fordi det er ein innarbeida kultur». Både Oliver og andre koristar som deltok i seremonien seier at dei har forståing for at avhaldskoristar kan oppleve turku som ekskluderande. Sjølv seier mange av dei ikkje har problem med å «gøyme» seg under sjølve opplegget, og ta eit steg til sida. For Filip og Emil var det lettare å ta eit steg til sida no når dei var vorten tryggare på seg sjølv og koret, men Filip fortalde at han dei fyrste gongane opplevde eit drikkepress frå medkoristar på småkommentarar som: «Hæ, drikk du ikkje?» og liknande.

På den andre sida har turku som seremoni mange element med seg som kan føre til ei kjensle av fellesskap. Ein syng saman, ein er samla rundt same mål (shotte sprit), og ein gjer alt samtidig, i ei fast rekkefølge. Turku er likevel ikkje det einaste ritualet som finst på kortreffa. Deltakarar i undersøkinga mi kunne fortelje om ulike interne ritual kora deira hadde på kortreff. Eg vil gjengje eit ritual eg sjølv har kjennskap til frå TSS, som eit døme på ritual som kan styrke samhaldet internt.

### 5.4.2 Fisk

«Fisk» har namnet sitt etter ein lakrislikør med same namn. Det er namnet på eit ritual i kormiljøet, ofte på kortreff og andre store festar. Ritualet går ut på at ein person leser opp etiketten på flaska, og «øydelegg» korken, medan dei andre står i ring. Sidan korken er «øydelagt» må flaska drikkast opp, og ein sender flaska rundt medan ein syng ein song på omkved. Dynamikken vert regulert etter innhaldet i flaska. Når flaska er halvfull er dynamikken på det lågaste, før ein aukar volum og intensivt til flaska er tom. Når flaska er tom syng ein ein variasjon av songen. Siste vers syng ein i fortidsform

Teksten er ei svensk barnevise, der ei har bytta ut «ring» med «flaskan» dermed vert teksten:

> *Denna flaskan den skal vandra,*
> *Från den ena till den andra,*
> *Låt den gå, låt den gå,*
> *Låt den aldrig stilla stå.*
>
> *Denna flaskan den har vandrad,*
> *Från den ena till den andra,*

*Låt den stå, låt den stå,*
*Låt den aldrig mera gå.*

Også denne teksten er på svensk. Opphavet er uvisst, men også dette ritualet ser det ut som TSS tok med seg til Trondheim, mogeleg etter å ha lært ritualet av vennekoret Lyran i Finland.

Dette ritualet har vore eit sentralt tema i samband med spørsmål om alkohol for mange av informantane mine. Det skil seg frå turku på eit par områder, for det fyrste er det mindre folk, som gjer at det er vanskelegare å «stikke av», for det andre står ein i ein ring. Om ein vel å ikkje delta vert ein fysisk ståande utanfor. Dessutan er det berre ein eller to som drikk om gongen. Dermed kan kjensla at folk ser på akkurat deg verte forsterka.

Det er likevel eit ritual som har mange fellesskapsknytande mekanismar ved seg, og noko mange synest er gøy å vere med på. For Filip var det vanskeleg å vege dette opp mot inkludering. I kor stor grad skulle koret leggje til rette for personane som var utanfor? Ein episode han illustrerte dette med var ein «fisk» koret hadde hatt, der ein person hadde gått heim frå arrangementet i protest mot at koret hadde ritualet. Koret til Filip kunne med fordel tilbydd eit alkoholfritt alternativ, sett i retrospekt tykte han. Samtidig fortel mange om at det for dei, og andre dei hadde observert, var heilt uproblematisk å delta i ringen og berre sende flaska vidare. I både koret til Oliver og Sofie har dei for vane å tilby alkoholfrie alternativ. Deira kor er mindre enn Filip sitt kor, og har samtidig meir program. Dei presenterer fellesskapet i koret som trygt og opent for å ikkje drikke alkohol, medan Filip meinte at ein måtte vere trygg på seg sjølv for å gjere det i koret hans. Basert på hans eiga erfaring, syntest han det var vanskelegare å ikkje drikke alkohol i starten enn no, fordi det var eit implisitt drikkepress, sjølv om det ikkje var eit «faktisk» drikkepress.

Oliver fortel om ein tradisjon der dei alltid har alkoholfrie alternativ som eit forsøk på å inkludere alle:

> Det er jo ei gøy greie, men det er jo også: «ver så god, her får du alkohol», som kan opplevast som drikkepress, men så lenge ein på ein måte.. så lenge ein aksepterer at ikkje alle har lyst på alkohol, så går det fint. Og gjerne slenge på ein «har du lyst på noko anna i stadan? Eplemost eller noko» er sånn, då hjelper det for å få folk til å føle seg velkommen… [me har alkoholfrie alternativ] men ikkje i champagneformat. Det blir fort Mozell, eller brus eller sånn.

Sofie hadde merka seg at dei som tok i mot alkoholfrie alternativ ikkje deltok på kortreffa.

> [Ein] drikk i ring og syng ein fast song før ein går på scenen liksom. Og då er det [nokon] som drikk iste. Men eg trur dei føler seg som ein del av det. Eg veit ikkje det er vanskeleg å seie for meg. Men heilt sikkert.. eg merker det jo mest på at det er jo dei som og vel å ikkje vere med på korhelg.. dei er jo med på strikking og middag og sånn, men det er kanskje dei som drikk den isteen som vel å ikkje vere med på den helga i Bergen eller Kraków, fordi dei ikkje synest det er gøy.. så det finst eit drikkepress.. eller ein forventning i alle fall.

Denne forventninga om at ein skal drikke passar ikkje for alle. Sidan få av informantane mine sjølv hadde eit problematisk forhald til alkohol, er det i stor grad deira observasjonar og refleksjonar rundt alkohol i studentkormiljøet som vert presentert. Historia til Sofie kan fortelje oss at enkelte koristar ikkje føler seg heime i eit miljø med sterkt fokus på alkohol, men dei er framleis med i koret.

Det minner oss på Sara si historie, som hadde medkoristar som søkte vekk frå studentkormiljøet og til koret hennar grunna alkohol.[37] Ho meinte at det var spesifikke

[37] Sjå 4.2

konnotasjonar og forventningar til eit kristent miljø, med fokus på inkludering. Fokuset på alkohol meinte også Jakob gjorde at mange søker seg til eit anna fellesskap:

> Det er mange som drikk lite som eg trur har litt vanskeleg for studentkor, på grunn av studentkormiljøet og alkoholkonsumet. Eg har sett det som dirigent. Det aspektet av kormiljøet er ein turnoff då. Dei er ute etter andre ting, dei er ute etter eit rolegare fellesskap då.

Dette er med å vise korleis alkohol og festkulturen kan spele ei ekskluderande rolle på kortreffet for koristar som er avhalds eller som har alkoholproblem. Datamaterialet mitt går ikkje inn i djupna på dette. Sidan eg ikkje intervjua nokon som uttalt seg hadde personlege problem med tema, dukka det berre opp annanhands erfaringar. Emma, som var avhalds, sitt perspektiv var difor interessant å undersøke. Ho tok opp ein aktivitet på Sjungom som ikkje kan kallast eit ritual, men ein alkoholrelatert aktivitet. Korleis opplevde ho som avhalds å ta del i eit miljø med eit høgt fokus på alkohol? Kjente ho på kjensler av ekskludering på grunn av dette?

### 5.4.3 Vin og limerick

Vin og Limerick har vore eit av punkta på programmet for Sjungom, men ikkje på Korstock. Det går ut på at ein i bytte for ei flaske vin skriv ein limerick som arrangørane les opp. Kor fast dette har vorte praktisert har variert. Vin vart delt ut, og ein vart oppfordra til å dele flaska med koristar frå andre kor. Eg var sjølv på dette kortreffet i 2018, og hugsar eg reagerte på opplesinga av limerick og vitsar. Dei fleste som vart sendt inn var ein spydig limerick i meir eller mindre fast form, som latterleggjorde spesifikke deltakarkor. At det var ein av arrangørane som valde kva som var morosamt nok til å verte lese opp, og at arrangøren var TSSar, som har ein høgare status i miljøet, synest eg var ei arrogant haldning å vise fram. At Korstock har valt vekk eit liknande punkt, og heller har punkt som er alkoholfrie seier meg at det er ulike haldningar til kva kormiljøet er. Emma, som hadde fått ei flaske med alkoholfri vin på vin og limerick opplevde at ho fekk kommentarar på det

> For eksempel på den vin greia, så høyrte eg at nokon spurte om dei hadde nokon vin utan alkohol, og det hadde dei… det var jo positivt at dei hadde tenkt på det. Så då fekk eg ei flaske vin utan alkohol som eg kunne dele med folk. Og då var det fleire som kom bort til meg og sa sånn, «åja kva er det du har fått, har du tatt med noko heime i frå?» og eg berre «Nei dette er alkoholfritt» «Åja, kvifor det?», du får litt spørsmål på det […] ikkje nødvendigvis negative kommentarar, men forvirra kommentarar.

For ho som ikkje drakk alkohol var desse kommentarane i følgje ho sjølv litt kjipe å få. Det var ikkje problematisk, men det var synd at det i heile tatt skulle vere eit poeng at ho hadde valt å ikkje drikke. Ho kunne fortelje at ho opplevde mange ulike reaksjonar, og at det burde vore eit ikkje-tema at ein var avhalds.

> Ja eg synest det er litt kjipt at det skal vere sånn. At det på ein måte og også.. Det er ein rar situasjon då. Type mange då. Om du seier at du ikkje drikk, så har du ulike reaksjonar på det. Nokon er sånn: «Hææ kvifor?» Medan andre er sånn: «Åja». Det må bety at familien din har slitt med drikkeproblem då, at det må vere ein grunn til at du vel det. Og det synest eg at eg ein veldig rar reaksjon. For det kan jo vere fordi. Eller det trenge ikkje vere at eg har vokse opp med foreldre som er alkoholmisbrukarar, det kan vere eit val eg berre har tatt. Og så har du dei som reagerer heilt på andre måten som seier, det valget respekterer eg veldig. Og det er veldig fint at dei respekterer det valget det er heilt greitt. Men når man liksom skal presisere det så fælt, så.. altså om ein treng å presisere det så mykjer så er ikkje det heilt riktig det heller på ein måte. Det burde liksom vore «Ja det er greitt» også vidare. Om ein må sei veldig tydeleg at ein respekterer det så er det kanskje eit teikn på at det er ein veldig uvanleg ting, og det burde det ikkje.

At koristar vert møtt med forvirring og kommentarar når dei vel å ikkje drikke, er noko eg har diskutert med mange av informantane mine. For mange vert det litt for sterkt å bruke «drikkepress» som omgrep her, då deira oppleving av ordet drikkepress var alvorlegare. Me brukte difor omgrepet «usynleg drikkepress» i intervjua, som eit implisitt drikkepress eller ei forventning om at ein skal eller bør drikke. På dei ulike rituala på kortreff var det dei færraste som sa seg einig i at det var drikkepress frå arrangøren si side, men heller at det var deltakarane i ritualet som skapte forventningane om at dei skulle drikke. Lea kunne blant anna fortelje om ein episode der ho ikkje drakk alkohol grunna antibiotika, og at ho opplevde å få mange kommentarar, sidan ho drakk til vanleg.

> [Føler du at du må rettferdiggjere at du ikkje kjøper?]
>
> Ja. Kvar gong. For nokon veker sidan så gjekk eg på nokon sterke smertestillande for ryggen, og då måtte eg forklare det. Den gongen eg kjøpte te…Måtte eg retterdiggjere for det i køa. Kvifor eg kjøpte det og ikkje øl. Både av nye folk som eigentleg ikkje kjenner meg og Torbjørn som er vant til at eg drikk øl. Så ja, eg har tenkt mykje på det i ettertid. Eg har sett ein korist opptil fleire gongar kjøpe alkoholfritt øl, og få det i glas i baren så ho slepp å vise […] Eg tenkjer at det er fordi ho vil sleppe vise at det er alkoholfritt. Og det tenkjer eg er trist då. at det treng å vere sånt. Så det er jo noko eg har lagt merke til.

Ein kan sjå ut i frå observasjonane til Lea at koristar skjuler at dei drikk alkoholfritt. Dette er med å seie noko om alkoholvanane som finst i studentkormiljøet og på kortreffet, og kor vanskeleg det kan vere for enkelte å handtere dette.

## 5.5 Oppsummering

I dette kapittelet har me sett nærare på kortreffa Sjungom og Korstock som er to lokale studentkortreff i Trondheim. Kortreffa er ein viktig arena for studentkora, og fungerer som ein møteplass der kor kan verte kjente med kvarandre. For mange kor er det også høgdepunktet i semesteret. og som eit høgdepunkt i semesteret for mange kor. Om ein legg til rette for at kor kan verte kjente med kvarandre, legg ein også opp til at koristar kan verte kjente med kvarandre. I historia til Oliver ser ein korleis kortreffet var med på å bryte ein sosiale barriere, og kor det var naturleg for han å verte kjent med andre koristar, sidan kora som institusjon kjente kvarandre frå før. Ein kan leggje til rette for at kora vert kjende med kvarandre, og dette kan vere med å bryte ein sosial barriere, som i tilfelle med Oliver, der han følte at det var lettare å verte kjent med koristar frå andre kor, sidan kora kjende kvarandre frå før.

Kortreffa er ein arena der musikalske og sosiale praksisar går inn i ein anna, og som til saman står fram som eit mangfaldig og kompleks rom, der både kor og individ kan utfolde seg. På kortreffa finst det og mange inkluderande og ekskluderande mekanismar. På den eine sida vert det arrangert fellesøvingar som eit konkret musikalsk og sosialt tiltak for å syte for at dei ulike kora kan dei same songane. Eit anna døme er Nora sitt utsegn om at «koret var ei naturleg gruppe å falle tilbake til». Dette viser at koret for Nora var ei trygg hamn ho kunne gå attende til på kortreffet.

Måten kortreffet vert presentert på varierte i stor grad hos den enkelte, men også alt etter kva tema me snakka om. Synet på kortreffa er på den eine sida romantisert, som i tilfelle med sverming, som etter mitt syn vart framstilt som sjølve symbolet på kormiljøet. Trass i at mange innrømma at sverming kunne vere litt drygt, var det ein fin musikalsk og sosial aktivitet å ha. Eg forstår sverminga som ein representasjon av fellesskapet studentkora

har. Sverming er kjerna i koraktiviteten på kortreffet, og har mange element ved seg som koristane identifiserer seg med, mellom anna inkludering.

På den andre sida kunne mange fortelje at dei opplevde sverming og kortreffa generelt som hierarkisk, der nokon kor er meir «verdt» enn andre kor. Det kom tydeleg fram at mange plasserte TSS og TKS på toppen. Dette gjorde mellom anna Emil og Henrik. Henrik som var med i TSS hadde lang erfaring med linjeforeiningskor, og la til grunn musikalske parameter som definerande for kven som var best. I historia hans om «Olav Tryggvason» kjem det tydeleg fram at det finst spenningar mellom tradisjon og innovasjon, og spenningar mellom kor, blant anna grunna musikalsk prestasjon. Tradisjon var også eit viktig tema som dukka opp når ein snakka om dei ulike rituala, mellom anna Turku.

Sjølv om mange av informantane mine «beklagar» bruken av alkohol og seier det er uheldig og ekskluderande, er det også viktig å få fram at den også har ein bindande funksjon og er ein viktig del av kortreffet. I følgje Filip går kortreff hand i hand med alkohol, og det var underforstått at folk skulle ha litt innabords mens ein sverma:

> Eg trur ikkje det hadde vore betre om ein ikkje hadde drukke. Det er på ein måte ein naturleg del av å sverme at det skal vere litt utpå kvelden oo alle skal vere godbrisen og ein lett stemning

For han var alkoholen og mange element av kortreffa integrert. Ritual som turku og fisk har mekanismar knytt til seg som styrker kjensla av eit fellesskap, og dei fleste eg har snakka med har eit uanstrengt forhold til alkohol, sjølv om dei drikk eller ikkje. Det er likevel viktig å få fram at kortreffa kan vere ein vanskeleg arena å meistre om du ikkje meistrar alle dei musikalske og sosiale normene som er til stades. Maja si historie om folk som hadde gått heim grunna alkoholritualet er eit døme på korleis alkoholvanane i studentkormiljøet kan vere ekskluderande.

# 6 Diskusjon

Gjennom ideen om det refleksive sjølvet (Giddens, 1991), og ideen om musikk som ein teknologi (DeNora, 2000), har me sett kva ulike roller koret kan spele i kvardagen til koristane. Eg vil likevel freiste meg til å bruke ideen til DeNora (2000) litt annleis. Om ein ser på sjølve koret som ein teknologi, framfor berre musikken, kan ein argumentere for at koret kan fungerer som ein teknologi der ein igjennom musikalsk og sosial praksis kan skape og oppretthalde narrativet om seg sjølv.

Studentkor er ein mektig institusjon som kan leggje til rette for personleg vekst, som ein såg i tilfelle til Filip. Her kan ein få mogelegheita til å redefinere ideen om kven ein er. Om ein skal tru Giddens er dette noko som kontinuerleg vert utfordra og transformert, og såleis noko som gjeld alle fasar av livet, og ulike sosiale modusar. I eit studentkor kan denne transformasjonen vere stor og brå. Mange studentar flyttar til ein ny by, og må skape seg eit nytt fellesskap. Koret kan tilby ein trygg arena til å utfolde seg musikalsk og sosialt. Studentkora i Trondheim har mange utanom-musikalske aktivitetar der ein kan verte betre kjente med kvarandre. For nokon er koret meir enn berre ein fritidsaktivitet, det er eit sosialt nettverk prega av inkludering og toleranse.

I kapittel 1.4 presenterte eg 3 Giddens (1991) sine 4 dilemma. Eg vil no gå tilbake til desse, og sjå korleis dei passar inn i materiale som vert presentert. Giddens (1991) hevdar at sjølvets dilemma må løysast om ein skal kunne oppretthalde eit samanhengande narrativ om seg sjølv (s. 187-201) Eg vil argumentere for at datamaterialet mitt har vist at studentkor har potensiale til å løyse desse dilemma.

1. *Foreining mot fragmentering*: I den moderne verda er alle mogelegheiter og val ein tar med på å fragmentere og vanskeleggjere konstruksjonen av sjølvets narrativ. Studentkor kan tilby eit musikalsk og sosialt fellesskap der ein kan oppretthalde narrativet om ein sjølv. Ved å identifisere seg med koret som gruppe kan ein på same vis redefinere seg sjølv. Dette såg me mellom anna i utsegna til Filip, der han peika på at koret hadde hjelpt hans personlege vekst, eller historia til Oliver der han identifiserte seg sterkare med koret når han såg kva koret *ikkje* var.[38]

2. *Maktesløyse mot appropriasjon*: Kjensla av å ikkje bety noko og å ikkje kunne utgjere ein forskjell er sider som kan kome til syne i den moderne verda. Med auka globalisering har me i større grad ei fellesoppleving for tid og rom, og det globale kan påverka det lokale raskare i dag enn tidlegare. Dette kan i følgje Eiksund (2019) føre til situasjonar der ein kjenner seg makteslaus og ikkje har kontroll (s. 289). Studentkorfellesskapet kan vere ein stad der ein kan gjere ein forskjell, noko som kom tydeleg fram i mange intervju. Det er mykje frivillig arbeid som vert lagt ned i eit kor, og blant koristane eg intervjua, hadde alle vore i sentrale verv. Henrik kunne skildre korleis han ville bruke engasjementet sitt på å forandre organisasjonsstrukturen i koret, og korleis han fekk mogelegheit til å bruke engasjementet sitt i kor. Jakob meinte at koret var ein lett arena å engasjere seg i, og at engasjementet som vart lagt ned var med på å fornye koret som organisasjon. I følgje han fekk koristar som gjorde ein innsats anerkjenning i frå miljøet. Dette kan eksemplifiserast med riddarordninga til TSS, der personar som har gjort ein spesiell og betydeleg innsats

[38] Sjå 4.1.4. og 4.3.2.

vert heidra med å bli slått til riddar eller kommandør. Til tross for at riddarordninga i følgje mange berre er på tull, oppfyller den ei viktig rolle i å anerkjenne og oppfordre til engasjement i koret. Dette vil igjen kunne vere ei løysning for maktesløysa mot appropriasjon.

3. *Autoritet mot tryggleik/tvil*: Koret kan vere med å gje ontologisk tryggleik til koristar i ei moderne verd prega av mindre endelege autoritetar som tradisjon eller religion.[39] «The threat of personal meaninglessness is ordinarily held at bay because routinised activities, in combination with basic trust, sustain ontological security» (Giddens, 1991, s. 202). Studentkor er ikkje berre ei regelmessig aktivitet som skapar tryggleik, det er også for mange eit rom prega av tradisjonar eller ei tru på tradisjonar, med faste årlege hendingar som vert gjennomført i tråd med tradisjon. Koret i seg sjølv kan då fungere som ein autoritet, der tradisjon spelar ei avgjerande rolle. Sjølv om tradisjon vart vektlagt ulikt frå korist til korist, syner historia til Henrik korleis tradisjon kan vere ein autoritet for enkelte koristar.[40]

På same tid er korrommet også ein stad med ei rekkje spenningar, der inkluderande og ekskluderande mekanismar er rådande. Eigarskap til tradisjon og inkludering vert sett opp mot einannan, som i tilfelle med historia om «Olav Tryggvason». Songen var for nokon sjølve symbolet på kortradisjonen. Den vert regelmessig sunge i TSS, og historia viser tydelege elitistiske haldningar, der ein grunna eigarskap til tradisjonen vil ekskludere andre frå å ta del i tradisjonen for å verne om den. Dette er i konflikt med måten kormiljøet representerer seg sjølv. På den eine sida representerer kormiljøet seg sjølv om inkluderande. På den andre sida vert tradisjon, av nokon, brukt som eit ekskluderande verktøy.

Det er ikkje alltid individet klarar å leve opp til det kormiljøet representerer seg som. Filip si historie viser ei spenning mellom å inkludere personar i koret som tar mindre plass, og å bruke tida si på å verte betre kjent med koristar han kjem over eins med. Eg vil argumentere for at dette er ein representasjon av korleis inkluderande og ekskluderande mekanismar finst i heile samfunnet generelt.

Opptaksprosessen er den mest eksplisitte indikatoren på inkludering og ekskludering i studentkora. Korleis kora vel å gjennomføre opptaket er ulikt. Både koret til Emma og Sofie hadde tilknyting til studie som einaste krav for å verte tatt opp, og tok opp alle som hadde lyst til å vere med. Koret til Sara, AKS, hadde på si side ingen krav, og ein kunne begynne kva tid som helst.

I KiAV og TSS er opptaket annleis. Her vert opptaket brukt for å kunne handtere søkjer-massen. I motsetnad til kor der ein berre har eit musikalsk opptak, har ein også eit intervju. Søkarane vert vurdert ut i frå både musikalske prestasjonar, og frå «sosiale» prestasjonar. Fyrsteinntrykket og «trynefaktor» kan då vere avgjerande for om du blir tatt opp i koret eller ikkje. Historiene til Filip og Lea viser korleis dei begge synest det kunne vere vanskeleg å delta i opptaksprosessen, og ekskludere personar basert på at dei «var kjedelege».[41] På den eine sida kan ein forsvare intervjuet med at det er einaste mogelegheita ein har til å verte litt kjent med søkaren før ho tek til i koret. Det er ikkje plass til alle, og det er i koret si interesse at dei som vert tatt opp er villige til å leggje ned ein innsats for korets drift. På den andre sida kan dette intervjuet ekskludere personar som er meir sjenerte, eller som

[39] Sjå 1.4
[40] Sjå 5.2.4
[41] Sjå 4.1.9.

ikkje gjer eit godt førsteinntrykk. Desse personane blir då fråtatt mogelegheita til å ta del i koret.

I TSS er det opptak 1 gong i året. Dei nye blir satt saman i eit «karantenekor» den fyrste veka, der dei lærer seg nokre miljøsongar, og vert gradvis introdusert for resten av gruppa. Både Oliver, Henrik og Jakob kunne fortelje at systemet er lagt opp til at ein vert tatt godt i mot i TSS, og at «du blir hoia og jubla for, det er fantastisk, og alle er interessert i deg». Likevel kan ein i historia til Henrik sjå korleis sjølve organisasjonsstrukturen til TSS og opptaksprosessen i småkor kan vere ekskluderande. Med å ha eit opptak internt i koret, opnar ein opp for gradsforskjellar som kan opplevast som ekskluderande, sidan ei gruppe koristar får eit anna tilbod enn resten. For Henrik hadde det skapt mykje frustrasjon heilt til han fekk delta på det sjølv. Både Henrik og Jakob kunne fortelje om at venleiken forsvann etter småkoropptaket var ferdig. Sofie fortalde på liknandevis korleis ho opplevde inkluderinga som grunn og påtatt. TSS og småkor vert ståande som eit døme på korleis ein organisasjonskultur kan vere strukturelt ekskluderande. Strukturen til TSS[42] må seiast å vere unik for studentkora i Trondheim. Mykje av årsaka til dette er småkora som eksisterer som autonome kor inni koret. Dette kan føre til ein indre dynamikk i TSS, som når Oliver fortalde om styrediskusjonane han hadde vore vitne til.[43]

Studentkormiljøet kan skildrast som ein sirkel med ei rekkje grupper, som definerer seg sjølv på ulike nivå som vist i figur 9. Ein tilhøyrer alle desse sirklane om ein annan, og kan ekskludere på ulike nivå. Oliver fortel om at han viste kven koret var i møte med andre kor på kortreffet, medan Nora fortalde om auka samhald i stemmegruppa, gjennom å ekskludere dei andre stemmegruppene.




**Figur 9 Grupper og subgrupper i studentkormiljø representert som sirklar**

[42] TKS kan seiast å ha liknande struktur som TSS, men grunna mangel på data har eg vald å leggje fokuset mitt på TSS.
[43] Sjå 4.3.2

Denne modellen tilbyr ein enkel måte å sjå korleis ulike grupperingar heile tida inkluderer og ekskluderer kvarandre gjennom å definere kva gruppe dei høyrer til. Det figuren ikkje evnar å vise er kompleksiteten og spenningane som finst i miljøet. Inspirert av Eiksund (2019, s. 275-287), har eg laga figur 10. Denne figuren har som formål å få fram spenningane som finst på alle nivå i kormiljøet. Eiksund sin figur fungerer utmerka for å få fram alle dei ulike spenningane som finst i eit kor. Hans modell har derimot ikkje ein dimensjon for spenning mellom kor. Eg har difor valt å bygge på dette elementet i figuren.




**Figur 10 Ulike nivå av spenningsfelt i studentkormiljøet**

Sjølv om mykje av datamaterialet mitt viser ulike sider ved korlivet som er konfliktfylte, har koristane eg intervjua likevel vore bevisste rundt inkludering og ekskludering. Dette kjem tydelegast fram i samtalar om alkohol i studentmiljøet. Historier om både folk som har søkt seg til AKS for å unngå studentkormiljøet grunna festkultur, og historier om personar som har gått heim frå kortreffet i protest etter drikkeritual, fortel oss at alkoholen spelar ulike roller hos koristar og kor. Sjølv om det er ei helg med fest, har dei to kortreffa løyst det på ulike måtar som eg meiner vert reflektert i gjennomføringa av arrangementet. Korstock som vert organisert av representantar frå mange kor, står fram som meir villige til å inkludere og lempe på tradisjonane enn Sjungom, som er organisert av TSS. Ei årsak kan vere at TSS har større eigarskap til mange av tradisjonane i kormiljøet, sidan det var dei som innførte dei.

Eiksund (2019) har vore ei viktig inspirasjonskjelde for denne oppgåva, og eg synest det er naturleg å samanlikne nokre av funna våre. Han tar utgangspunkt i fem tematikkar: motivasjon, eigarskap, identitet, det sosiale fellesskap, og kor og samfunn (s. vii). Han har utførleg og systematisk tatt for seg dei ulike tematikkane, og viser at til saman utgjer dei spenningsfelt som vert presentert i ein modell (s. 287). Ei førehandstru eg gjekk inn i prosjektet med var at det er ein forskjell på eit «vanleg kor» og studentkor. Datamaterialet

mitt viser i nokon tilfelle at det er eit skilje. Mellom anna er funna av kor som primærgruppe med eit tydeleg preg av ei «vi-kjensle» ikkje like framtredande i min data. Likevel finn eg mange likskapar att i datamaterialet mitt og resultata til Eiksund (2019). Mellom anna spenninga mellom individet og det kollektive.

Eg kjenner meg derimot ikkje like mykje igjen i Eiksund (2019) si skildring som eit kor som «står i eit spenningsforhold til dagens menneskelege situasjon, som ei gamal form i ei ny tid, mellom framtid» (s. 283). Modernitetsperspektivet tilbyr ein måte å sjå koret på som eit sosialt modus forankra i ei gamal form, men det betyr ikkje naudsynt at denne forma treng å stå i eit spenningsforhold til det moderne livet. Den nye kortrenda som i større grad implementerer populærmusikk er eit resultat av innovasjon som alltid er tilstade i ei dynamisk korverd. Veksten i tala på studentkor her i byen viser trass i at nye former for fellesskap, livsval og tradisjon som autoritet vert utfordra, står kor som institusjon sterkt. Ein kan berre spekulere i kvifor det har vore ei vekst i miljøet det siste tiåret. Eg trur at studentkora kjem til å halde fram her i byen, mykje på grunn av dei lokale kortreffa. Dei tilbyr ein årleg møteplass, eit høgdepunkt, og syt for stabilitet.

# 7 Konklusjon

Dette masterprosjektet har undersøkt studentkormiljøet i Trondheim. Formålet med prosjektet var todelt: eg skulle prøve å kartleggje studentkormiljøet, og eg ville undersøke studentkor som fenomen. Når eg ser tilbake på prosjektet i sin heilheit, vil eg seie at det var delvis vellukka. På den eine sida har eg igjennom undersøking og intervju kartlagt og stadfesta ein stor del av studentkorscena i byen. Til tross for at deltakartalet var stort, kunne eg gjerne sett at fleire linjekoristar, særleg mannlege, var representert i større grad. Eit prosjekt som dette er likevel i stor grad prega av pragmatiske val, og eg har heile tida forandra litt på prosjektet. Om eg hadde hatt meir tid til prosjektet hadde det vorte brukt til å gå djupare inn i den kvantitative delen av oppgåva. Undersøkinga inneheld store mengder data, og hadde fortent å vorte analysert djupare. Det var diverre ikkje tid til å setje seg inn i statistiske verktøy som til dømes SPSS, eller likande, og eg valde difor å fokusere på intervjua. I tillegg oppdaga eg med ein tilfeldigheit to nye kor på Korstock 2020. Dei er ikkje representert i oppgåva utanom med namn i tabell 1, og oppstartsår i figur 2. Undersøkinga mi har likevel spelt ei viktig rolle i forsøket mitt på å kartleggje studentkorscena. Kapittel tre reflekterer mange av momenta informantane mine tek opp, i tillegg til å gje oss spesifikke innblikk i koraktiviteten. Ho peikar på ulikskap i repertoar mellom linjeforeiningskor og dei eldre kora, og gjer oss eit bilete på kva campus ein finn kora.

Oppgåva har vist at kor som grupper finst på heile spekteret. Dei fleste av studentkora i undersøkinga er linjeforeiningskor stifta på 2010-talet, medan det eldste koret vart stifta i 1910. Storleiken kan variere, og måten dei er organisert på varierer sterkt. Nokre kor vert lagt på is, medan andre er i full vekst.

Noko av førehandstrua mi vart stadfesta, medan andre overraska meg. Det stemmer at dei fleste kora i undersøkinga høyrte til Gløshaugen, men eg vart overraska over aktivitetsnivået. Det er lett å tru at eit lite studentkor lever isolert i si eiga boble, og berre opptrer på kortreff og interne arrangement på studie. Under intervjuet med Sofie gjekk det derimot opp for meg at koret hennar var vevd inn i eit større fellesskap. I tillegg til ulike kortreff, vart dei hyra inn til faglege konferansar og interne studentarrangement. Dei vert då ikkje berre anerkjent blant studentar, men også frå universitetet (instituttet) si side.

Modernitetsteorien til Anthony Giddens (1991) har fungert som eit overordna teoretisk rammeverk for oppgåva, særleg ideen hans om sjølvets dilemma:

> "Living in the world", where the world is that of late modernity, involves distinctive tensions and difficulties on the level of the self. We can analyse these most easily by understanding them as dilemmas which, on one level or another, have to be resolved in order to preserve a coherent narrative of self-identity (s. 188).

Eg har tatt utgangspunkt i tre av desse dilemma, og vist korleis studentkora kan vere med å «svare» på desse dilemma for deltakarane. Kormiljøet kan tilby eit musikalsk og sosialt fellesskap, skape meining, og vere ein ontologisk tryggleik i ei moderne verd av ulike sosiale modus. Tia DeNora (2000) bygger vidare på dette, og viser korleis musikk spelar ei viktig rolle i identitetsdanninga hos folk:

> This research points clearly to the ways in which music is appropriated by individuals as a resource for the ongoing constitution of themselves and their social psychological, physiological and emotional states. As such it points the way to a more overtly sociological focus on individuals' self-regulatory strategies and socio-cultural practices for the construction and maintenance of mood, memory and identity (s. 47).

Det er ideen om musikk som teknologi eg har bygd vidare på i denne oppgåva. Eg har valt å la teknologiomgrepet gjelde heile koret, og ikkje berre musikken i seg sjølv.

Sist men ikkje minst har eg nytta meg av Eiksund (2019) sitt konsept der han ser på kor som eit spenningsfelt. Mange av resultata hans kan ein finne igjen i oppgåva mi. Figur 10 har likevel lagt til ein ekstra dimensjon som var naudsynt i prosjektet mitt; Studentkora i Trondheim må etter mitt syn sjåast i relasjon til kvarandre. Det er difor eit behov for ein dimensjon som viser spenninga mellom kor, og mellom kor og miljø.

Gjennom 12 djupintervju med koristar frå Kor i all verden, Trondheim Studentersangforening og Det kristne studentkoret AKS, samt ei undersøking av to lokale kortreff, vil eg argumentere for at studentkor kan forståast som ein teknologi. Koret blir ein meiningsskapande musikalsk aktivitet som kan hjelpe å redefinere narrativet om ein sjølv. Ein kan også forstå studentkor som eit fleirdimensjonalt rom der ulike spenningar mellom individet og det kollektive kan sameksistere. Studentkoret kan vere eit rom for læring, sosial meistring, musikalsk vekst og tryggleik på den eine sida, men det kan også vere eit konfliktfylt rom.

Studentkora har vore eit miljø i vekst det siste tiåret. Oppgåva mi kan peike mot at kombinasjonen av Trondheim som studentby, TSS som tradisjonsbærar, globale trendar, linjeforeiningane, og dei lokale kortreffa stimulerer til vekst og stabilitet.

